

Gjestene i kongens hird

Ein samla gjennomgang av deira virke



Morgan Flugeim

Det historisk-filosofiske fakultet

Våren 2006

Nynorsk

Innholdsliste

1. Innleiing	Side 1
Kjeldegjennomgang	Side 4
Problemstilling	Side 11
2. Kva oppdrag og plikter hadde gjester	Side 12
Gjestene si plikt til å gjere sendeferder og utføre oppdrag	Side 12
Gjestene sin vaktfunksjon	Side 16
Gjestene si rolle som speidarar	Side 17
Gjestene sitt virke som elitestyrke	Side 19
Gjestene som vitne	Side 21
Konklusjon	Side 22
3. I kva tidsrom fanst gjestene i kongens hird?	Side 24
Når starta ein å bruke nemninga gjest om ei gruppe innan hirden	Side 24
Den historiske sogekritikken	Side 26
Når stutta ein å bruke nemninga gjest?	Side 30
Ein kort historisk oversikt over perioden 1300 til 1355	Side 32
Konklusjon	Side 34
4. Talet på gjester i kongens hird	Side 35
Gjestetalet på 1000- og 1100-talet	Side 36
Gjestetalet under kong Sverre og kong Håkon	Side 40
Konklusjon	Side 46
5. Bakgrunn og status til gjesten	Side 48
Kvar kom gjestene frå	Side 49
Kven var hovding for gjestene, gjester eller hirdmenn?	Side 51
Gjestene sin status i samfunnet og i hirden	Side 55
Kva lojalitet hadde gjestene	Side 60
Konklusjon	Side 62
6. Gjester i kyrkjjas teneste – Eiliv kapellan og Eirik gjest	Side 64
Eirik gjest	Side 66
Konklusjon	Side 71
7. Tilnamna til gjesten	Side 72
Tore Lange, Torolv Rympel, Atle Skalme, Peter Støype og Jostein Tomb	Side 72
Jon Umage	Side 73
Eiliv Dverg	Side 74
Konklusjon	Side 77
8. Avsluttning	Side 78
Litteratur- og kjeldeliste	Side 82

1. Innleiing

Den norske rikssamlinga starta på 800-talet. Eldre og yngre historikarar er stort sett einige om det politiske og militære innhaldet i omgrepet riksamling. Dei oppfattar det som ei samling av dei fleste av dei områda som me i dag kallar Noreg, under ein riksstyrar sin formelle eller reelle kontroll. Riksamlinga var samstundes ein sosial prosess, som etter kvart tyda at folket slutta opp om kongens samlingsverksemd. Denne samlinga fortsette etter midten av 1000-talet som ein sosial konsolideringsprosess med utbygging av meir permanente organ for riket sin sentralmakt.¹

Samlinga skjedde i to periodar, det var samlinga av kystlandet (ca. 900-ca. 1000), og samlinga av innlandet (ca. 1000-ca. 1065). Den første perioden starta med Harald Hårfagre og vart avslutta av Olav Trygvason. Den andre perioden var det i hovudsak Olav Haraldsson som stod for. Det er han som har fått æra av å ha innført styringsforma med lendmenn og årmenn. Han bygde òg ut hirda og delte truleg denne inn i fleire grupper med spesielle funksjonar. Det som gjer det mogleg å snakke om eit norsk rike med nokre likskapar til ein moderne stat, er fem samfunnsorgan: Tinget, kaupangen, leidangen, rikskongedømmet og kyrkja.²

1130 var starten på den norske høgmellomalderen som varte til 1350. Etter eit relativt roleg århundre fram til 1130 starta borgarkrigane i Noreg, som skulle prege utviklinga i dei neste hundre åra. Denne perioden var i tillegg og prega av veksande folketal, kyrkjjas konsolidering, bygging av fleire monumentale byggverk, byar sin oppkomst og vekst, og ei sterk vekst i offentleg organisasjon og myndigheit. Me kan seie at det var i denne perioden at riksamlinga i Noreg vart fullført, at Noreg vart ein stat. Det var fire hovudkrefter som stod bak denne utviklinga: Kongedømmet, kyrkja, det verdslege aristokratiet og bøndene.³

I høgmellomalderen skifta det verdslege aristokratiet karakter. Det gamle ættestatistokratiet vart avløyst av eit tenestearistokrati. Ved utgangen av høgmellomalderen var dette organisert innan kongens hird, som etterkvart vart rekruttert frå det øvre sjiktet av bondesamfunnet.⁴ Hirda var på denne tida organisert i tre avdelingar: Hirdmenn, gjester og kjertesveinar. Av desse avdelingane er det gjestene eg skal konsentrere meg om i denne oppgåva.

¹ Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. Nar-Pd. 1999: 325.

² Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. Nar-Pd. 1999: 327.

³ Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. Nar-Pd. 1999: 328.

⁴ Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. Nar-Pd. 1999: 329.

Gjestene var ei avdeling innan hirda, for å få eit litt betre bilete av dei så skal eg først sjå på kvar dei fekk namnet sitt frå. I Hirdskråa står det at "(...) har mange steder å gjeste hvor de ikke får takk for det."⁵ Noko liknande står og i Kongsspegelen. Kva er meint med å bruke namnet "gjester" på ein del av hirda i ei tid der ein hadde ganske strenge normer og reglar på gjester og gjestebod? Hertzberg skriv om opphavet til ordet hird at: "Selve ordet er af anglesaksisk oprindelse (*hîréd*, af *hîw*, husets folk) og betegner livvagten som umiddelbart tilhørende en fyrstes husholdning og bordhold. Benævnelsen er altsaa, vistnok paa de to Olavers tid, overført til Norge fra England. Den ældre norske betegnelse maa have været *drótt*, d. e. krigerskare, omgivende sin *dróttinn*, herre; men ogsaa ordet *gjæster*, de i et hus sig opholdende fremmede (d. e. med husherren ubeslægtede) er i denne anvendelse meget gammelt. Det betegnede senere den ringere hirdklasse i modsætning til den høiere "hirdmændene"."⁶ Kven av desse forklaringane som er den rette er vanskeleg å seie, men forklaringane i Hirdskråa og Kongsspegelen vart nedskrivne 200-300 år etter at gjestekorporasjonen oppstod. Hertzberg si forklaring bygger på bruken av ordet gjest før ordet hird kom til Noreg. Det kan og vere at grunnen til at dei vart kalla gjester var ein kombinasjon av desse. Uansett så var gjestene ein klassa i hirda til den norske kongen.

Kva er skrive om gjestene tidlegare? Munch skreiv at gjesten gjorde ærender og sendeferde som var forbundet med fare.⁷ Dei hadde lågare rang og halve løna til hirdmennene. Dei hadde eige herberge òg åt ikkje med kongen og hirda, med unntak av store høgtider som jul og påske. Deira hovudsyssel var å tene i krigen, spesielt skulle dei holde auge med om det eksisterte fiendar av kongen i riket. Om det var det, skulle dei drepe eller motarbeide dei, eller drepe dei som kongen sende dei til. For dette kunne gjestene ta alt det av den drepne sitt gods som dei kunne bære, med unntak av gull som tilhørde kongen saman med det godset som vart igjen.⁸ Når dei skulle takast opp i hirda skulle dei på mykje den samme måten som hirdmennene sverje truskap til kongen. Når dei var ute i bygdene skulle dei hjelpe lendmennene og sysselmennene i alle kongen sine saker, om dei vart spurde om det. Også når dei var ved hoffet skulle dei delta i vaktholdet. Dei hadde og eige skip med eigen hovding.⁹ Det siste Munch skreiv om gjesten var at dei hadde leidangsfridom på linje med kjertesveinane, men hørde openbart til i ein annan klasse enn desse. Gjestene kunne sjåast på

⁵ Hirdskråa. 2000. Hirdloven til Norges konge og hans håndgangne menn. Etter AM 322 fol. Ved Imsen, Steinar. s. 157.

⁶ Hertzberg, Ebbe og Bugge Alexander. 1915. Norges historie. *Andet binds første del, Tidsrummet 1030-1103*. s. 135-136.

⁷ Munch, P. A. 1853. Det norske folks historie. *Bind 1 Del 2*. s. 640.

⁸ Munch. 1855: 992.

⁹ Munch. 1858: 606-607.

som lågare offiserar. Derfor ser me ikkje gjestene i leiinga som sveithovdingar, men dei var samla på skip under leiing av ein hirdmann.¹⁰ Hertzberg skriv også om gjestene, eg kjem no ikkje til å gjenta det same som Munch skreiv, men skrive det ”nye” som han tok opp. Det han skreiv var at gjestene var medlem av konge sitt konstabelkorps. Dei vart brukte til å krevje inn landskuld og andre kongelege inntekter, dette var særleg i dei tilfella der dei lokale ombodsmennene av ein eller annan grunn måtte omgåast. I dei tilfella ein hadde allmenn leidang ute, blei gjestene brukte saman med lendmenn og sysselmenn for å sjå til at leidangspliktene vart oppfylte frå bøndene si side. Ein anna ting som Hertzberg nemner er at når dei var ute og segla med kongen, då skulle dei halde seg i nærleiken av kongen sitt skip.¹¹ I boka *Norsk historie, I, 759-1537*, står det i tillegg at gjestene hadde ein høgare lojalitet til kongen, dette fordi dei var av ei lavare byrd enn dei andre hirdmennene og på den måten var meir avhengig av kongen si støtte for å halde på posisjonen sin. Dei gjorde difor kongen si sak mot andre hovdingar til si eiga, og blei ofte brukte til spesielt farlege oppdrag. Forholdet mellom hirdmennene og gjestene var prega av rivalisering, og ikkje sjeldan enda dette med slagsmål og samanstøyt mellom dei to korporasjonane.¹² Dei fleste historikarane som nemner gjestene skriv noko av det same i større eller mindre grad.

Nemninga hird blei første gong brukt i Noreg ved slutten av 900-talet, då var det namnet som var nytt, ikkje innhaldet. Innhaldet var det same som det hadde vore, nemleg krigarflokken som til alle tider hadde vore det militære grunnlaget for hovdingen sin makt. Me finn at krigarflokkane til germanske hovdingar vart skildra alt i antikken, den romerske historikaren Tacitus (98 e.Kr.) kallar dei *comitatus* (følgje), og seier at germanske hovdingar held slike flokkar som ein heider i fred og eit vern i krig. Krigarfølgjet var hovdingen sitt fremste instrument for makt, og medlemmene må ha blitt utvalde fordi dei var dyktige i våpenbruk og kamp.¹³

I Hirdskråa, hirdlovgevinga, står det at: ”I gamle dager var det skikk at alle kongens håndgangne menn eller sverdtakere ble kalt huskarer. Siden ble likevel navnebøtene gradert etter verdighet og rang. Men hirdmannsnavnet bærer alle som tjener kongen (i) hans hird, ti der er kongens hovedstyrke hvor hirden hans er. Derfor kalles de hirdmenn, (...)”.¹⁴ Her ser me at medlemmene av hirda i starten hadde fellesnamnet huskarar, men at dei etterkvart vart delt inn i korporasjonar eller grupper. Ser me i sogene om Olav den Heilage og Sverre

¹⁰ Munch. 1858: 611-612.

¹¹ Hertzberg. 1915: 138-139.

¹² Norsk historie 750-1537. 1999. Ole Georg Moseng, Erik Opsahl, Gunnar I. Pettersen og Erling Sandmo. s. 181.

¹³ Ersland, Geir Atle. 2000. Norsk forsvarshistorie. *Bind 1. Krigsmakt og kongemakt 900-1814*. s. 33.

oppdagar me at hirda vart delt inn i tre grupper, hirdmenn, gjester og huskarar.¹⁵ I Hirdskråa kallar ein ikkje nokon av medlemmene i hirda for huskarar, der har ein gruppene; hirdmenn, gjester og kjertesveinar som alle har fellesnamnet hirdmenn. Imsen skriv i innleiinga til si omsetjing av Hirdskråa at korporasjonen med kjertesveinar mest truleg oppstod under kong Håkon Håkonsson i første halvdel av 1200-talet. Han skriv; ”Kjertesveiner omtales da heller ikke i Sverres saga, så vidt jeg vet, eller hos andre konger før Håkon Håkonsson.”¹⁶ Dette stemmer ikkje heilt, me finn kjertesveinar nemnte i Olav Kyrre si soge seint på 1000-talet, både i Snorre sine kongesoger og i Morkinskinna.¹⁷

Det er for så vidt ikkje viktig for denne oppgåva om den tredje korporasjonen innan hirda vart kalla huskarar eller kjertesveinar. Det er nok å seie at huskarane eller namnet huskar på eit tidspunkt ikkje lenger vart brukt innan hirda til kongen, og at ein i staden fikk inn gruppa som vart kalla kjertesveinar. I følgje Hirdskråa, som vart skriven rundt 1270, vart namnet huskar berre brukt om dei væpna sveinane til lendmennene.¹⁸ Hans Jacob Orning meiner ut frå Kongespegelen at huskarnamnet skulle knyte band og fellesskap mellom høg og låg rangklasse innan hirden. Han peikar også på at det var då Hirdskråa kom at ein gjekk vekk frå dette fellesnamnet, og der ein let dei skilte ut dei lågt verdsette huskarane frå dei høgare rangerte, der dei sist nemnte blei fritekne frå negative assosiasjonar.¹⁹ Imsen skriv også noko liknande, han skriv: ”Dersom Kongespeilet, som vanligvis dateres til 1250-årene, vitner om samtidig praksis, kan hele gruppen av kongsmenn ha blitt hevet rangmessig og sosialt i løpet av de følgende tjue åra.”²⁰ Det interessante her er som sagt ikkje når ein fekk skifte mellom huskar og kjertesvein eller når det eine fall bort og det andre kom til, det interessante her er at ein meiner at det var ei heving av rang og sosial status for medlemmane av hirda. Dette er noko eg kjem attende til i kapittelet der eg skal diskutere den sosiale statusen til gjestene.

Kjeldegjennomgang

Den mest sentrale kjelda for mi undersøking er Hirdskråa. Hirdskråa vart til i Magnus Håkonsson Lagabøtes regjeringstid mellom 1273 og 1277. Grunnen til at ein ikkje set eit

¹⁴ Hirdskråa. 2000: 109.

¹⁵ Noregs kongesoger. *Jubileumsutgåva 1979*. Bind 1. s. 242, og Bind 3. s. 32.

¹⁶ Hirdskråa. 2000:27.

¹⁷ Noregs kongesoger. Bind 2. 1979: 222. Og Morkinskinna. 2001 *Norske kongesoger 1030-1157*. Omsett av Kåre Floknes. s. 206.

¹⁸ Hirdskråa. 2000: 26.

¹⁹ Orning, Hans Jacob. 2004. Uforutsigbarhet og nærvær: en analyse av norske kongers maktutøvelse i høymiddelalderen.

²⁰ Hirdskråa. 2000: 26.

eksakt årstal er at me ikkje veit når lova vart skriven. Me set den øvre grensa for nedskrivinga til 1277 fordi då fekk lendmenn og skutelsveinar lov til å kalle seg baronar og riddarar, og smykke seg med herretittel. Ein fekk og dette året ein avtale mellom kong Magnus og erkebiskop Jon Raude som fastsette skattefridom for kyrkja og kongens menn. Sidan desse sakene ikkje er nemnde i Hirdskråa kan me rekne med at ho vart til før 1277. Den nedre datoen set me fordi i 1273 var det hirdmøter både i Tønsberg og Bergen der det vart vedteke forordningar om militærstell, forvaltning og ei ny tronfølgjelov. Desse vedtaka utgjer det yngste stoffet i Hirdskråa, og det er naturleg å fastsette tidspunktet etter dette.²¹ Grete Authé Blom hevdar at det er naturleg at kodifiseringa av Hirdskråa gjekk føre seg rett etter desse møta.²² Dette er eit synspunkt som blir støtta av Steinar Imsen som har gjort den siste omsettinga av Hirdskråa. Det er altså ikkje usannsynleg at lova vart skriven i 1273 eller 1274.

Hirdskråa refererer ofte til skikk og bruk blant birkebeinane, det vil seie til kong Sverre si hird eller til kong Håkon Håkonsson si tidlege styringstid. Det har vore vanleg å meine at den eldre hirdlova som Hirdskråa viser til, kan vere frå denne tida. Knut Helle seier: ”En eldre hirdlov, muligens fra Sverres dager, muligens fra senere, ble omarbeidet og utvidet til den bevarte Hirdskrå (1273-77).”²³ Fleire av dei ordningane me møter i Hirdskråa, blir omtala i saga om Sverre. Dette gjeld eksempelvis reglar for deling av hærfang, bruk av lursvein for å kalla saman til hirdstemne, bruken av husting, ordninga med gjester med eige gjesteskip og eigen gjestehøvding, vaktteneste, speiding. Dette kan også stamme frå eldre tid enn Sverre si livstid, kanskje heilt attende til tidleg på 1000-talet eller enda eldre.²⁴ Spesielt saga om Olav Kyrre vitnar om ei omlegging av hirda frå primært å vere ein militær elite, til i større grad å utgjere eit hoff med sentrale oppgåver i styret av kongeriket.²⁵

Det finst i alt tretten overleverte komplette tekstar frå hirdskråa, fire av dei stammar frå Noreg, to av dei er av austnorsk og to av vestnorsk opphav. Ein femte tekst kan og vere vestnorsk, men me kan ikkje utelukka eit færøysk opphav til denne teksten. Dei andre åtte tekstane stammar frå Island. Dei eldste tekstane kan daterast attende til rundt 1300-talet, og dei er norske. Det kan synast som den praktiske interessa for Hirdskråa tapte seg i Noreg omkring 1350, samtidig kan det sjå ut som om den islandske interessa auka i samme periode.

²¹ Hirdskråa. 2000: 24.

²² Blom, Grete A. 1967. Kongemakt og privilegier i Norge inntil 1387. s. 177.

²³ Helle, Knut. 1974. Norge blir en stat 1130-1319. s. 136.

²⁴ Hirdskråa. 2000: 25-26.

²⁵ Ersland. 2000: 38.

Mens dei fleste norske tekstane kan knytast til miljøet rundt riksstyret i Oslo og Bergen, kan dei islandske tekstane ha tilknytning til landets stormenn.²⁶

Me kan dele Hirdskråa inn i lutar, tre i dei eldre handskriftene, to i dei yngre. Den første luten omhandlar tronfølgja og hirdleiarane. Den andre luten, som er lovboka sin hovuddel, omhandlar alle som er medlem av hirda, og regulerer det indre livet i hirda, samt forholdet mellom hirdmedlemene og kongen, og mellom hirda og kongedømme. Det er komme inn viktige reglar om militærvesen og riksstyre i denne delen. Den tredje luten omhandlar gjestene og kjertesveinane. Etter dette følgjer eit appendiks med rettarbøter og den sluttar med reglar som seier at Hirdskråa skal lesast opp under kvar julefeiring ved hoffet.²⁷ Den delen eg i hovudsak kjem til å bruke i denne oppgåva er den tredje luten fordi det er den som i hovudsak dreier seg om gjestene.

Me har også andre lover frå denne perioden, Hirdskråa var berre eitt av lovarbeida til kong Magnus Lagabøte, han laga og Landslova i 1274 og Bylova i 1276.²⁸ Desse tre lovarbeida gjorde at me kan sjå på kong Magnus som den store lovgjevarkongen, ikkje berre i norsk samanheng, men også i europeisk samanheng. Dei lovene han fekk nedskrivne bygde på eldre lover som for eksempel Gulating- og Frostatingslovene, men det nye var at ein fekk felles lover som gjaldt for heile landet. Men det er berre Hirdskråa som nemner gjestene, grunnen til dette var truleg fordi det ikkje var nødvendig å opplyse folk på denne tida om det som skjedde innan hirda, og gjestene var ei gruppering innan hirda. Dei andre lovene har derfor mindre å seie for mi undersøking.

Ei anna kjelde som nemner gjestene er Kongsspegelen, som er eit episk verk og vart skriven mellom 1230 og 1260. Helle skriv at Kongsspegelen er politisk litteratur, som i tillegg til å gi oss informasjon om stormenns handel og hirdliv på 1200-talet gir den oss tidas offisielle kongeideologi, ein ideologi som me finn klare nedslag etter i den samtidige og seinare lovgivinga.²⁹ I innleiinga til Kongsspegelen står det at den skulle omhandle kjøpmannen og farmannen, kongen og hirda hans, ”dei lærde menn” (d.e. presteskapet) og bonden. Dei to siste bolkaner vantar, og det er rimeleg å tru at boka aldri har vorte fullført. Som dei mange handskriftene viser, har boka vore så omtykt og vide spreidd at det er lite tenkeleg at ein så stor lut skulle ha komme bort.³⁰

²⁶ Hirdskråa. 2000: 19.

²⁷ Hirdskråa. 2000: 24-25.

²⁸ Høiaas, Knut. 2001. Med lov skal byen bygges. *Magnus Lagabøtes Bylov av 1276*. s. 1.

²⁹ Helle. 1974:17.

³⁰ Kongsspegelen. 1963. Omsett av Alf Hellevik. *Den norrøne litteraturen. Band V. Kongsspegelen og Talen mot bispane*. s. 9.

Boka er bygd opp som ein samtale mellom far og son, sonen spør og faren svarar. Det er i svara til faren at forfattaren gjev sin lærdom og erfaring, men det er i replikkane til sonen me får rom til motinnlegg som kan reise seg hjå lesaren. Boka høyrer til den mellomalderlege didaktiske litteraturen, ho har eit tydeleg opplysende og oppsedande føremål. Den gjev kunnskap av to slag. Den eine er reint praktisk kunnskap for kjøpmenn og hirdmenn, korleis ein skal stelle seg med kjøp og sal, kva reiskapar ein ikkje må sakne på skipet, korleis ein skal kle seg når ein er hos kongen, om åtaks- og forsvarsvåpen og ymse slag krigsteknikk. Det andre me får kunnskap om er dei sedene ein framfor alt skulle rette seg etter, som var mannevit, sedugskap og høvisk framferd, fylgde ein desse då blei ein i sanning rik.³¹ Kjeldene til dette verket er først og fremst den kunnskapen og livsrøynsla bokskrivaren sjølv sat inne med.³² Det denne kjelda gir er kunnskap om visse praktiske aspekt ved middelalderen og den viser kva ein meinte med høvisk framferd. Dette viser oss korleis ting burde vere, men ikkje nødvendig korleis det var. Det som kan trekke truverdet til Kongsspegelen ned, er at det er kunnskapen og erfaringa til ein forfattar som kjem til uttrykk, og at det er lite truleg at ein har fått med alle aspekta frå dei forskjellige samfunnslaga. Det at boka var så spreidd som ho var, viser at ho hadde ein nytteverdi i samtida si.

Ei anna viktig kjelde eg kjem til å nytte er *Diplomatarium Norvegicum*, som er den største samlinga av enkeltdokument frå norsk mellomalder. Her finst ei mengd vitnebrev, gavebrev, gjeldsbrev og liknande. Heile det norske dokumentmaterialet fram til 1390 er også tilgjengeleg i regestform i *Regesta Norvegica* (RN). Målet med dette verket er at det skal gi eit kronologisk ordna register over alle kjente aktstykke me har til norsk mellomalderhistorie. Brev og andre dokument, bevarte og tapte, trykte og utrykte, som har med Noreg, nordmenn og norske forhold å gjere er med her. Den gir korte samandrag av innhaldet i kvart aktstykke og opplysningar om datering, kor dei vart utgjevne, oppbevaringsplass, trykkplass m.m. Arbeidet med *Regesta Norvegica* starta i 1966, men det viste seg snart til å bli meir krevjande enn føresett, ein fekk ikkje gjeve noko ut før i 1978.³³ Det er no komme ut sju band, frå år 822 til år 1390.

I kvart band i *Regesta Norvegica* finn ein, i sitt tidsrom, register til alle aktstykkka i *Diplomatarium Norvegicum*, og verket supplerer og i stor grad diplomatariet. Det inneheld og alle indirekte overleverte aktstykke, og aktstykke til Noregs historie som berre finst på trykk i utanlandske kjeldesamlingar. Ein viktig funksjon til *Regesta Norvegica* vil vera at det

³¹ Kongsspegelen. 1963:10.

³² Kongsspegelen. 1963:12.

³³ RN I. 1989: 5.

korrigerer feil og supplerer opplysningar, spesielt i forhold til diplomatariet. Det vil og på fleire måtar lette bruken av diplomatariet, dette fordi aktstykkene der ikkje kunne bli trykte i samla kronologiske rekkefølgje gjennom alle binda. Kvart av dei 21 banda inneheld ein sjølvstendig kronologisk rekkje fram til ca. 1570. Dei ulempene dette medfører blir forsterka ved at det ikkje eksisterer eit felles register for banda, ved at mange band har ufullstendige register og at nokon ikkje har register. Regesta Norvegica skal derfor ikkje berre supplere og korrigere *Diplomatarium Norvegicum*, men med sine realregister og fullstendige namneregister gjere kjeldemateriale langt meir tilgjengeleg for forskinga enn det tidlegare har vore.³⁴

Ei anna sentral kjeldegruppe for mi analyse er sogematerialet. Det som pleier å vere felles for dei norrøne sogene er skildringa av kjende eller interessante personlegdommar og dramatiske hendingar. I kongesogene står kongane og deira handlingar i sentrum. Så det vil seie at det som blir mest omtala er hærferdene, slag og annan strid, diplomati og alliansar, møte på ting og i andre forsamlingar, og oppveksten, karakteren, giftarmålet og døden til gjeve personar. Det me ikkje høyrer så mykje om er geografiske, sosiale og økonomiske tilhøve, og like eins samfunnsinstitusjonane. Desse blir til vanleg brukt når det har noko særskild å seie for dei saga handlar om.³⁵

Kva slags verdi skal me legge i sogene som kjelder? Det er i dag ei semje om at alle sogene har ein kjeldeverdi som leivningar frå si eiga tid, det vil seie 1200- og 1300-talet. Dei kan gi ein innsikt i dei norrøne miljøa der sogene blei skrivne i høg- og seinmellomalderen. Noko anna er sogene sin verdi som kjelder til det dei omhandlar, meir eller mindre fjernt frå tida dei vart nedskrivne. Det er dette som har vore hovudproblemet i den historiske sogekritikken i det siste hundreåret.³⁶ Den islandske sogeforskaren Sigurdur Nordal har plassert sogene i tre hovudgrupper, på tvers av innhaldet i dei, desse er:

1. *Samtidssoger*. Forfattarane skildrar her hendingar frå si eiga tid eller bygger på samtidige opplysningar i skriftleg eller munnleg form. I denne gruppa høyrer dei islandske biskopssogene og samlinga *Sturlunga saga*, som fortel om islandske hendingar på 1100- og 1200-talet, og sogene om norske kongar frå 1130 og utover.
2. *Fortidssogene*. Desse høyrer til dei sogene som vart nedskrivne 2- 300 år etter at handlingane føregjekk, nærare bestemt perioden frå ca. 850 til ca. 1100. Innanfor denne

³⁴ RN I. 1989: 8.

³⁵ Norges kongesoger. 1979: 8.

³⁶ Helle, Knut. 2001. Hovedlinjer i utviklingen av den historiske sagakritikken. Hageland, Jan Ragnar og Supphellen, Seinar (red.). *Leiv Erikson, Helge Ingstad og Vinland. Kjelder og tradisjoner*. s. 14- 15.

gruppa finn me alle ættesoger eller islendingesogene, som stort sett gjekk føre seg i tida 930 til omkring 1030, dei fleste kongesogene, dei to sogene om oppdaginga av Vinland, Grønlanding-soga og Erik Raudes soge.

3. *Oldtidssoger*. Desse sogene går føre seg før ca. 850, i forhistorisk tid etter nordisk målestokk, ei tid som måtte fortone seg som fjern og dunkel til og med for sokeskrivarane. Til denne gruppa høyrer fornaldersogene og riddersogene og delar av andre soger som for eksempel Ynglinge-soga i Snorre si Heimskringla.³⁷

Av desse tre gruppene kjem eg mest til å nytte av den første gruppa, samtidssogene, men og fortidssogene. Grunnen til at eg kjem til å nytte samtidssogene mest er fordi det er desse som gir mest informasjon om gjestene. Samstundes så er det desse som har høgst kjeldeverdi i høve til Hirdskråa. Men eg kjem og til å bruke fortidssogene fordi eg skal skrive om gjestene i heile perioden dei var ein korporasjon og dei oppstod før 1100-talet, som er skilet mellom samtidssoger og fortidssoger. Eg skal no gå igjennom kva soger eg kjem til å bruke.

Eg kjem til å bruke fortidssoga "Heimskringla", Snorre Sturluson kongesoger. Der forteljninga startar om Ynglingekongane frå ættfaren Odin til Halvdan Svarte og Harald Hårfagre, og seinare om alle norske kongar av Hårfagre-ætta før kong Sverre. Snorres verk er summen av det samtida hans visste om emnet ut frå skriftleg og muntleg overlevning. Dei eldste litande opplysningane går attende til førskriftleg tid og er å finne hos skaldane, Nordens første "historikarar", som held til i følgjet til kongar og hovdingar. Skaldane skildra hendingar i livet til hovdingane i kvede, desse kveda vart rekna for særskild pålitande fordi dei vart framsagde for kongen og mennene hans. Det vil seie at folk i samtida kunne kontrollere sanninga i det som vart sagt, pluss at det er lite truleg at skaldane turte å føre fram usanningar, spesielt framfor kongen. For ettertida har strofeforma og dei strenge metriske reglane vore ei hjelp til å sikre ei litande overlevering. Heimskringla er delt inn slik at det stort sett er ei soge per kong. Så den sogea eg kjem til å nytta mest er sogea om Olav den heilage, dette er fordi at det er den sogea som nemner gjestene mest, men eg kjem og til å komme inn på nokon av dei andre sogene som er der. Ei anna soge eg skal bruke er Morkinskinna.

Morkinskinna er eit samansett verk med vekt på livet til dei norske kongane frå ca. 1030 til 1157. Den vanlege oppfatninga er at ho vart samla til eit skrift i ca. 1220, der enkelte delar kanskje kan vera frå midten på 1100-talet. Soga hadde fleire forfattarar og vart truleg kompilert av islendingar, noko som gjer at ho er eldre enn Snorre sine kongesoger. Ho har

fokus på livet til dei norske kongane, karaktertrekka og ættesoga deira. Innimellom er det viktig for nedskrivarane å fortelje oss om kva som er kjeldene deira og kvifor vi bør ha tillit til dei.³⁷ Me kan vel og rekne denne som ei fortidssoge, ein skal og her vere litt varsam med å stole alt for mykje på detaljopplysningar.

Den første samtidssoga eg kjem til å bruke er soga om Sverre. Soga om Sverre kan me sjå i to deler, den første delen er skriven av abbeden Karl Jønsson, kong Sverre førte her sjølv tilsyn med forfattararbeidet og fastsette kva som skulle skrivast. I kong Sverre sine dagar var det vanleg mellom europeiske monarkar at dei sette ein litterært utdanna mann til å skrive soga si. Dette støttar trua på at det var Sverre sjølv som tok initiativet til å få soga skriven.³⁹ Resten av soga er i følgje fortalen dels skriven etter munnlege opplysningar av personar som hadde vore med i hendingane, og dels etter oppteikninga som folk hadde gjort rett etter hendingane det er fortalt om. Soga har truleg fått si endelege form på Island.⁴⁰

Soga om kong Håkon Håkonsson er eineståande i sogelitteraturen på den måten at me har opplysningar både om forfattaren, tida da den vart skriven og om kven det var som tok initiativet til at soga kom i stand. Forfattaren var Sturla Thordarson, han var islandsk hovding, lovseiemann, lagmann, historikar og skald. Han var og brorson til Snorre Sturluson. Soga vart skriven på oppdrag frå kong Magnus Håkonsson, og den vart samansett etter at kong Håkon hadde døydd på Orknøyane, altså kring 1264-1265. Som kongeleg historiograf hadde Sturla ein rikeleg tilgang ikkje berre til ei stor mengd ypparlege heimelsmenn, men og til dokumenta i kongens arkiv. Dei detaljerte opplysningane om innhaldet i brev, og dei lange listene over deltakarar i store riksmøter eller over mannskapet på skip, må byggje på slikt arkivtilfang. Ingen av hendingane i soga, bortsett frå somme som går føre seg på Island, hadde Sturla vore med på sjølv. Han vart difor heilt avhengig av kjeldene sine, og dette har truleg gjort det vanskeleg å gje soga eit personleg preg.⁴¹

Men korleis kan me bruke sogene som kjelder om gjestene sidan dei handla om kongane og viktige hendingar i deira liv? For det første var gjestene ein del av kongens hird, i og med at dei var nær kongen fysisk bør me høyre noko om dei. For det andre var dei ein del av den faste hærorganiseringa som var med kongen, og me høyrer om hærferdene i sagaene. For det tredje kunne gjesten i følgje Hirdskråa bli sende for å ta livet av kongens politiske fiendar, og sende dei på farlege oppdrag, og me får høyre om dei i samband med det.

³⁷ Nordal, Sigurdur. 1953. Sagelitteraturen. *Nordisk Kultur VIII: B, Norge og Island*. s. 181.

³⁸ Morkinskinna. 2001: 7.

³⁹ Norges kongesoger. Bind 3. 1979: 7.

⁴⁰ Norges kongesoger. Bind 3. 1979: 7-8.

⁴¹ Norges kongesoger. Bind 4. 1979: 7-11.

Problemstilling

Grunnane til at eg vil skrive om gjestene er at eg meiner at det kan vere interessant å få ein systematisk gjennomgang av kjeldene for å finne ut mest mogleg om dei. Ein hadde på den tida gjestene eksisterte ei stor utvikling i det norske riket, som gjekk frå å vere eit rike som vart styrt av ein konge som stort sett berre hadde kontroll over det området han var i, til eit rike med både lokalt og sentralt styre med eit fungerande statsapparat. Eg kjem til å sjå på om gjestene tok del i denne utviklinga, og i kva grad dei deltok. Ein måte og gjere dette på er å fastsette i kva tidsperiode og kor mange gjester dei forskjellige kongane hadde. Dette heng og saman med at eg skal sjå på kva status dei hadde. Noko anna eg kjem til å sjå på er om gjestene hadde band til kyrkja, og korleis samtida såg på dei. Eg kjem og til å gå inn på kvifor gjestene gjorde som dei gjorde, kva motivasjonen dei hadde, om dei handla ut ifrå økonomiske interesser eller om det gjekk meir på status og ære. Det første eg skal sjå på er kva oppgåver og plikter gjestene hadde.

2. Kva oppdrag og plikter hadde gjestene?

Ser me på det som har vorte skriva om oppdraga og pliktene til gjestene, ser me at Munch skriv at gjestene gjorde alle farlege ærend og sendeferder som kongen sende dei på.⁴² Han skreiv at deira hovudsyssel var å tene i krigen. At dei vart sendte rundt i riket for å oppspore og fengsle kongen sine fiendar, eventuelt drepe dei og konfiskere godset deira. Dei kunne og bli sendete ut for å drepe spesielle personar.⁴³ Han skreiv også at dei skulle hjelpa lendmennene og sysselmennene ut i bygdene i kongesaker og at dei skulle halde vakt rundt kongen.⁴⁴ Hertzberg nemner nokre fleire plikter som gjestene hadde. Dei skulle krevje inn landskuld i særskilde tilfelle og sjå til at bøndene sine plikter i leidangen vart gjort.⁴⁵ Dette er dei pliktene historikarar nemner som gjestene hadde, som eg har funne. Det eg no skal gjere er at eg skal sjå kva plikter Hirdskråa seier at gjestene hadde, og prøve å forklare det som står der. Vidare skal eg sjå i dei andre kjeldene me har frå mellomalderen om eg finn noko som støttar det eg finn i Hirdskråa. Ein anna ting som eg skal prøve å finne ut noko om er på kva tid dei ulike pliktene vart innførte fordi gjestekorporasjonen mest truleg som resten av hirda og samfunnet elles gjekk gjennom ei gradvis endring. Erslund skriv i si forsvarshistorie at i dei nokolunde fredelege hundre åra mellom 1030 til 1130 vitnar sogene om ei omlegging av hirda frå primært å vera ein militær elite, til i større grad å bli eit hoff med sentrale oppgåver i styret av kongeriket. Det dømet som blir brukt for å illustrere dette er frå saga om Olav Kyrre. Olav Kyrre innførte skikken at skutelsveinar skulle stå ved bordet og skjenke vin i staup til kongen og dei mest fornemme gjestene hans. Han hadde og kjertesveinar som held lys ved bordet. Dette viser tydeleg at Olav Kyrre innførte hoffskikkar etter europeisk mønster.⁴⁶ Dette viser at hirda var i endring, denne endringa slutta ikkje i 1130, men fortsette truleg utover i høgmellomalderen.

Gjestene si plikt til å gjere sendeferder og utføre oppdrag

Hirdskråa seier at gjestene; ”(...) at de, liksom alle andre kongens hångangne menn, er skyldige til å fare alle de ferdene kongen byr dem, etter ytterste evne, enten han viser dem til

⁴² Munch. 1853: 640.

⁴³ Munch. 1855: 992.

⁴⁴ Munch. 1858: 606-607.

⁴⁵ Hertzberg: 1915: 138-139.

⁴⁶ Erslund. 2000: 38.

kjente menn eller ukjente. Likevel bør kongen nøye se til at han ikke viser dem til utilbørlige oppgaver, og (slett) ikke til slikt som er Gud til misbehag, (og) heller ikke dit hvor overmakta er svært stor. De må selv omhyggelig tenke over hva slags ærend de er sendt i".⁴⁷ Her ser me at gjestene skulle gjere dei oppdrag som kongen ville dei skulle gjere, men me ser og at det ligg ei formaning til dei kommande kongar til å ikkje sende gjester på umogelege oppdrag. Gjennom denne formaninga kan me vel og trekke den slutninga at gjestene hadde vorte sendte på spesielt farlege oppdrag. Det som denne teksten og seier er at gjestene kunne nekte å gjere oppdrag som såg ut som sjølv-mordsoppdrag, i alle fall frå 1270-talet. Paragrafen kan ha vorten teken med fordi diverse kongar hadde sendt gjester på umogelege oppdrag. Med denne paragrafen kunne gjestene nekte å gjere desse oppdraga, eller i alle fall forlange ein forklaring på kvifor dei måtte gjerast.

Ser me i sogene finn me fleire eksempel på kva oppdrag gjestene kunne bli sende ut på. Det første eksempelet på dette finn me i saga om Olav den Heilage i Snorre sine kongesoger, der gjestehovdingen Tore Lange saman med 11 menn vart sende for å slå seg saman med ein Brynjolv som var i flokken til Eiliv Gautske, sysselmannen til Olav sveakonge. Dette skjedde da det vart avtalt at Eiliv og mennene hans skulle komme for å halde ting med bøndene og kong Olav Haraldsson. Da Eiliv stod opp for å tale, hogg Tore Lange av han hovudet. Då sprang heile bondehæren opp, gøtene til Eiliv la på sprang, Tore og mennene hans drap nokon av dei.⁴⁸ Dette var eit farleg oppdrag, det å ta livet av ein sysselmann midt inne i flokken av hans egne menn. Dette eksempelet er som nemnt henta frå saga om Olav den heilage, Olav var konge mellom 1016-1028. Dette vil seie at eksempelet er frå tidleg på 1000-talet, det at gjestene vart sendte på oppdrag, farlege oppdrag, var noko dei truleg gjorde frå tidleg på 1000-talet. Dette er noko me ikkje kan vite fordi Snorre kan ha skrive dette på grunnlag tilhøva i av hans samtid, som var på 1200-talet. Kor mykje me kan stola på han er noko eg kjem attende til.

Eit anna døme på kva oppdrag gjestene kunne bli sette til, finn me i saga om Håkon Håkonsson da Skule jarl sende eit brev til Jon jarl på Orknøyane. På dette brevet hang kongens segl og han som for med brevet var ein gjest som heitte Jostein og vart kalla Tomb.⁴⁹ Dette brevet kom ikkje fram på grunn av at Skule jarl hadde brukt kongens segl utan lov, men det viser at gjestene og kunne ha oppdrag som i utgangspunktet ikkje var fullt så farlege. Grunnen til at dette ikkje var eit så farleg oppdrag var at Jostein eigentleg vart sendt som bod

⁴⁷ Hirdskråa. 2000: 157.

⁴⁸ Noregs kongesoger. Bind 1. 1979: 247-248.

⁴⁹ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 44.

med eit brev. Det vart truleg farlegare på grunn av at Skule jarl sette på eit segl han ikkje hadde rett til å bruke, noko Jostein truleg ikkje viste. Men det viser at gjester kunne bli sende rundt som bod.

Det tredje dømet på kva oppdrag gjestene kunne bli sette til, finn me på slutten i saga om Håkon Håkonsson under kong Håkon sitt felttog mot Skottland. Etter ein storm som gjorde at nokre av nordmennene sine skip hadde reke på land og med skottehæren i nærleiken, sendte kong Håkon gjestene i land for å brenne opp dei skipa som hadde reke opp.⁵⁰ Dette må seiast at var eit ganske farleg oppdrag, det å gå i land med hæren til skottane like i nærleiken.

Ein litt anna type oppdrag gjestene kunne få var å ta livet av kongen sine fiendar eller legge beslag på eigendom. I Hirdskråa står det at når dei var ute for å føreta beslag, då skulle dei ikkje ta noko anna enn det dei hadde fått ordre om å legge beslag på. Men skulle det likevel skje, at dei tok for mykje, så skulle dette først attende etter rett ransaking. Dersom gjesten skjulte noko av det som vart teke skulle han bli kalla tjuv. Gjestene kunne og bli sette til å avlive folk, men dei skulle om det var mogeleg ta dei til fange, slik at dei kunne få sjå ein prest, før dei drap dei. Imsen skriv i ein fotnote til utgåva av Hirdskråa at det neppe var tale om vanleg teneste som bøddel med avretting etter rettargang, men snarare politisk motiverte og summariske eliminisjonar.⁵¹ Dette er ei slutning som eg støttar fordi i kapittel 31 i Hirdskråa står det: ”Om drapsmannen skal dømmes til døden, da skal hver sysselman la foreta skikkelig gransking, og han skal skaffe bøddel, og ikke frendene.”⁵² Det står ingenting her om at det var ein gjest som skulle utføre avrettinga. Det står heller ingenting i Landslova om at det er gjester som skal stå for avrettinga av tjuvar, det står berre at det skal skaffast ein som skal gjere det.⁵³ Det å avlive folk på kongens kommando er det samme som å gjere dei oppdraga kongen byr dei. Dette viser kva slags menn gjestene var og kva lojalitet dei hadde til kongen, og det viser ei viktig side av kva det ville seie å vere ein gjest.

Soga om Olav den heilage fortel om Åsgaut årmann og tolv av hans menn som blei tekne til fange og hengde av gjestene. Dei var i Noreg for å krevja inn skattar for Olav sveakonge, dei fekk ikkje inn skattar, så dei reiste til kong Olav Haraldsson. Av han fekk dei heller ingen skattar, men han sa at dei skulle fara attende til sveakongen og seie at han neste vår fór til grenseskiljet og der kunne sveakongen komme viss han ville tale forlik. Det var etter dette at Åsgaut valde ikkje å fara heim, men framleis prøvde å krevja inn skattar, noko

⁵⁰ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 335.

⁵¹ Hirdskråa. 2000: 159.

⁵² Hirdskråa. 2000: 137.

⁵³ Magnus Lagabøters Landslov. 1970. Oversett av Absalon Taranger. s. 184.

som førte til at Olav Haraldsson sende gjestene etter dei.⁵⁴ Her ser me at gjestene avrettar desse mennene, men me kan ikkje seie at dei opptredde som bødlar fordi Åsgaut og mennene hans vart ikkje dømde.

Eit anna eksempel på at gjesten vart sende for å avlive folk finn me i saga om Håkon Håkonsson. Gunnar kongsfrende hadde vore usamd med gjestene til Skule jarl og dei tykte at dei hadde fått hard medfart av han. Natta etter at Gunnar reiste til den sysla kongen hadde gjeve han, vart det fortalt kongen at Gunnar var drepen av gjester som jarlen hadde sendt etter han. Kongen reagerte på den måten at han let straks tilkalla lursveinen sin og kledde seg. Då sprang alle kongens menn til våpen og gjekk ut i garden og sette opp merke. Kongen og jarlen kom etter kvart fram til at det heile var løgn, og var komme frå folk som ville splitte den skjøre venskapen mellom dei.⁵⁵

Dei døma eg har funne i sogene stadfester dei retningslinjene Hirdskrå gir for gjestene. Det gjeld også Kongsspegelen. Det Kongsspegelen seier om desse oppdraga til gjestene er: ”Og i fall kongen sender gjestene til uvenene sine, og *dei* vert drepne som gjestene er vist til, då får gjestene for bryet sitt så mykje av midelen deira som dei kan føra med seg den gongen, så nær som gull; for det eig kongen, og sameleis alt anna som dei ikkje har fått med seg”.⁵⁶ Det at gjestene vart sende for å ta folk, eller drepe dei, det finn me støtte til i Hirdskråa og i sogene, men det at gjestene kunne ta med så mykje av godset dei kunne bære finn me ikkje støtte til. Me finn tvert imot eit forbod i Hirdskråa mot å konfiskere noko anna enn det som er gitt ordre om.⁵⁷ Grunnen til dette forbodet er kanskje at gjestene hadde vore vel ivrige til å drepe, for å få moglegheita til å raske med seg mest mogleg gods. Dette ville kanskje kong Magnus Håkonsson ha ein slutt på. For me skulle ikkje tru at den som skreiv Kongsspegelen tok dette frå lause lufta, det me ser når det gjeld Hirdskråa er kanskje ei innskjerping av privilega til gjestene på bakgrunn av overdriven maktbruk frå deira side. Ein anna grunn til at dette kan vera skrive i Kongsspegelen er at forfattaren hadde eit negativt syn på gjesten. Dette er noko eg kjem attende til i kapitelet som tek føre seg statusen til gjestene.

Gjestene sin vaktfunksjon

Gjestene hadde ein vaktfunksjon for kongen. Hirdskråa fastslår at på alle utevakter skulle det vere gjester. Ho slår vidare fast kor mange som skulle vere på vakt på ein stad, kor mange

⁵⁴ Noregs kongesoger. Bind 1. 1979: 243-245.

⁵⁵ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 175-176.

⁵⁶ Kongsspegelen. 1951: 81-82.

⁵⁷ Hirdskråa. 2000: 159.

stader det skulle bli halde vakt. Når vaktbytte skulle skje kunne variere etter kva det vart gitt ordre om.⁵⁸ Om det var ei blanda sveit der ein hadde både gjester og folk som ikkje var handgangen til å hald vakt, då skulle det ordnast slik at det alltid var gjester på vakt og helst eit fleirtal av dei. Dette fordi gjestene, som var kongen sine handgangne menn, skulda kongen større truskap og kunne meir om vakttenesta enn folk som ikkje var medlem av hirda. Hirdskråa seier og kva straff det var for å angripe ein vaktmann både i fredstid og i ufredstid, og at ikkje alle mennene skulle gå av vakt på ein gong, kva som skulle til for å byte vakt, kor mange som kunne gå frå vakta om nødvendig og at det var forbode å ta imot betaling for ikkje å ransake nokon eller på andre måtar sleppe unna. Det neste kapittelet tek føre seg kva hærklede vaktene skulle ha, at dei mest pålitelege burde ha med seg lur, kva lydar dei skulle høyre etter og om når dei skulle blåse alarm.⁵⁹

Som me ser er utevaktene til gjestene ganske detaljert skrivne ned og dei strekk seg over tre av dei sju kapitla som omhandlar gjestene, så dette var mest truleg ein av gjestene sin viktigaste funksjon. Går me til kongesogene finn me døme på at gjestene hadde ein funksjon som vaktstyrke i saga om Håkon Håkonsson. Håkon let vere å brenne ein gard då han herjar i Värmland fordi ei gammal kone bad Håkon om å late vere. Håkon kalla då til seg ein gjest som heitte Jon Umage, og tre andre, og bad dei vere der til heile hæren hadde reist forbi og passe på at garden fekk vere i fred.⁶⁰ Me kan vel eigentleg berre spekulere på kvifor kongen bad ein gjest om å passe på garden, men det er sannsynleg at han gjorde dette fordi han såg på det som ei vaktteneste og gjestene var dei som kunne mest om dette. Gjестene hadde og av denne grunn den autoriteten som skulle til for å hindre at garden vart plyndra og brend av ein hissig hær.

Håkon Håkonsson herja Värmland tidleg i år 1225. Imsen skriv i innleiinga til si oversetting av Hirdskråa at fleire av dei ordningane me møter i der, finn me og i saga om Sverre. Nokre av dei forholda Imsen meiner kan sporast attende til Sverre saga er ordninga med vaktteneste og speiding.⁶¹

Gjestene si rolle som speidarar

I det samme kapittelet i Hirdskråa som seier at gjestene skulle halde alle utevaktene, blir det og sagt at gjestene skulle gjere all speidinga for kongen: "Gjestene er pliktige til å holde alle

⁵⁸ Hirdskråa. 2000: 163.

⁵⁹ Hirdskråa. 2000: 163-167.

⁶⁰ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 111.

⁶¹ Hirdskråa. 2000: 26.

utevaktene og all speidingen for kongen, hvor enn han måtte trenge det, på land eller til sjøs, etter kongens råd”.⁶² Her kan det vere snakk om to typar speiding, speiding etter militære styrkar og speiding etter politiske fiendar som konspirerte for å reise oppstand mot kongen. Eg finn eigentleg ikkje gode eksempel på at gjestene hadde ansvaret for å speide etter fiendar. Det beste dømet der gjestene spesifikt er nemnde er frå saga om Håkon Håkonsson. Håkon sat i Trondheim mens det hadde vore eit slag mellom birkebeinane og ei gruppe som vart kalla vårbelgene på Romerike. Dette var eit slag mennene til kong Håkon, birkebeinane, tapte. Denne budskapet var det ein gjest som kom og fortalde kongen.⁶³ Dette kan kanskje ikkje kallast speiding fordi gjesten var med i slaget sjølv. På ein anna måte kan det kallast speiding fordi gjesten kom med informasjon om kor fienden var, kor mannsterk han var og liknande, samstundes som han informerte om utfallet. Det er fleire eksempel på at kongen sendte folk ut på speiding i militær samanheng. I saga om Sverre står det at kongen sende 20 mann ut på speiding, dei vart leia av Jon Gudrunsson. Bymennene frå Nidaros, fiendane til kong Sverre, på den andre sida sende ut, sju menn. Desse to speidargruppene møttest tilfeldig og fem av bymennene var drepne og ein fanga, men den siste kom seg unna og bar meldinga til byen.⁶⁴ Om me no går ut ifrå at Hirdskråa bygger på eldre hirdlov, er det truleg at Jon Gudrunsson og dei 19 andre mennene som Sverre sendte ut var gjester. Jon Gudrunsson, i følgje saga og kalla Jon Kjetling (av Saltnes), døydde i slaget under Hatthamaren i 1178.

Det at gjesten speida etter fiendtlige styrkar i ein militær samanheng kan me seie var ei av oppgåvene til gjestene. Men om gjestene dreiv med speiding etter politiske fiendar som planla opprør mot kongen, er meir uklart. Hirdskråa seier at gjestene skulle gjere all speidinga for kongen, kor enn han måtte trenge det, til land og til sjøs. Det at det står at dei skulle speide til lands og til sjøs peikar på ei militær speiding. Men det står og at dei skulle speide kor enn kongen måtte trenge det, noko som og kan omfatta ”speiding” etter politiske motstandarar. I Kongsspegelen ser me at vinklinga er noko annleis enn i Hirdskråa. Her står det at ”dei er skyldige til å speia om heile kongens rike og verta vare om han har fiendar i riket sitt; og om det finst fiendar, då skal gjestene drepa dei, om dei kan koma til med det”.⁶⁵ Her får me eit inntrykket av at gjestene nærmast tilfeldig for rundt i riket for å finne fiendar av kongen, for så å prøve å drepe dei. Dette verkar som ein ekstremt ineffektiv måte å spore kongens fiendar på. Ein meir effektiv måte ville vere å ha gjester nærmast postert rundt om kring i riket for å ha kontroll på kva som skjedde på dei forskjellige stadene. Det er eit par ting som støttar ein

⁶² Hirdskråa. 2000: 163.

⁶³ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 207-208.

⁶⁴ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 39.

⁶⁵ Kongsspegelen. 1963: 75-76.

slik hypotese. Den eine er at i Hirdskråa står det at ”Gjestene er også pliktige, dersom de er ute i bygdene, å bistå lendmennene og sysselmennene i alle rette kongssaker dersom de blir tilsagt, selv om de ikke er sveitfaste”.⁶⁶ Dette gjer det truleg at gjestene var ein del rundt om kring på bygdene. Den andre er at me finn ein del vitnebrev og liknande i Diplomatarium Norvegicum der gjester er mellom vitna. Eit eksempel på dette er ein gjest som heitte Trond som vart rekna opp som vitne i eit vitnebrev på kva foreldra til jomfru Sigrid gav Reidar Dagfinnsson i medgift. Dette skjedde i Agder.⁶⁷ Dette viser at gjestene var rundt omkring på bygdene utan kongen og hirda. Dette kan me seie fordi om kongen eller hirdmenn hadde vore med, så hadde det ikkje vore behov for gjestene som vitne. Grunnen til eg seier dette er at viss det hadde vore nokon høgare rangerte hirdmenn der, så hadde det vore meir naturleg at dei hadde vore nemnde som vitne i staden for gjestene.

For at ei slik ordning med å ha gjester rundt omkring i riket skulle fungere måtte kongen ha ein god del av dei. Om kongen hadde nok gjester til at dei kunne speide etter hans politiske fiendar er noko eg skal komme attende til i eit seinare kapittel i oppgåva. Men viss det syner seg at kongane hadde nok gjester til å ha ei slik speiding då kan me byrje å snakke om gjestene som ein etterretningsorganisasjon. Det kan vere litt misvisande å bruke eit moderne uttrykk som etterretningsorganisasjon. Då forbind me dei eldre fenomena med den tolkinga me har i vår eiga samtid, og det kan bli misvisande. Å bruke ei nemning som politi eller konstabelkorps på gjestene kan og vere misvisande.⁶⁸ Me kan vel ikkje seie at dagens politi kan fara rundt og ta livet av statsministeren eller kongen sine politiske fiendar. Det me meiner når me tek i bruk desse uttrykka er at nokre av funksjonane som gjestene hadde, hadde ein viss likskap med moderne politiarbeid.

Speide, oppspore og fengsle og vaktfunksjonen kan me seie minner litt om dei funksjonane som moderne politi kan ha. Dette saman med den grunngevinga på namnet gjest, som står i Hirdskråa og Kongsspegelen, gjer at mange historikarar skriv av gjestene hadde nokre politifunksjonar. Den siste grunnen til at me har kalla gjestene for politi er som står i Hirdskråa om at gjestene hadde ei plikt til å hjelpa lendmenn og sysselmenn i alle rette kongesaker viss dei blei bedne om det.⁶⁹ Dette viser for det første at gjestene var pliktige til å hjelpe lend- og sysselmennene viss det var nødvendig. Dette fordi rette kongesaker vil seie det samme som lovene. Dette vil og seie at dei ikkje skulle be om hjelp frå gjestene til personlege

⁶⁶ Hirdskråa. 2000: 159.

⁶⁷ DN I, nr. 160.

⁶⁸ Hertzberg. 1915: 138, bruker ”konstabelkorps”. Helle. 1974: 201, bruker ”polititeneste”. Norsk historie, I, 750-1537. 1999:72, bruker ”politikorps”. Sigurdsson. 1999: 85, bruker ”politi”.

⁶⁹ Hirdskråa. 2000: 159.

saker eller liknande som ikkje hadde med lovbrøt å gjere. For det andre så viser dette at det ikkje var uvanleg at gjestene var rundt omkring i bygdene, om dette var på oppdrag, heimlov, eller om dei var på speiding etter fiendar av kongen, er vanskeleg å seie, men den slår fast at gjestene var rundt omkring i kongeriket. For det tredje viser det at det truleg har vore gjester som har nekta å hjelpe lendmenn og sysselmenn, kanskje med den grunngevinga at dei ikkje har hatt sveita si der, eller at dei ikkje høyrer til lendmannen eller sysselmanen si sveit, dette vart det no slutt på etter at Hirdskråa vart til.⁷⁰ Me skulle tru at lendmenn og sysselmenn fekk hjelp, viss dei trong det av eventuelle medlemmer av kongens hird som var i nærleiken, i alle fall hirdmenn, gjester og skutelsveinar, utan noko problem. Men det kan verke som om det hadde vore eit problem i og med at ein fekk inn at gjestene var pliktige å hjelpe ved behov.

Det at dei skulle stå lendmennene og sysselmennene bi ute i bygdene er og ein funksjon som vitnar om at det kan ha vore ein god del gjester rundt omkring i bygder og byar. Munch meiner at viss dette gjaldt gjestene så må det i enda større grad ha vore hirdmennene si plikt.⁷¹ Om det var ein god del gjester rundt omkring i bygdene då det kom ufred til landet så måtte desse reise dit kongen var for å utføre ein annan viktig funksjon dei hadde, nemleg funksjonen dei hadde som elitestyrke.

Gjestene sitt virke som elitestyrke

Det er ein funksjon gjestene hadde som verken Hirdskråa eller Kongsspegelen nemner, det er deira funksjon som elitestyrke. Dette finn me fleire eksempel på i sogelitteraturen. Dei fleste gongene gjestene er nemnde i sogene er i militære samanhengar; kva skip dei hadde, kor dei var i slag og kven dei møtte i slag, at dei skulle gjere seg klare for ufred og liknande. Dette vil seie at ein viktig funksjon hadde med det militære å gjere. Eg skal her trekke fram dei beste eksempla på dette.

Det første eksempelet er allereie nemnt, frå saga om Olav den heilage, der Tore Lange drap Eiliv Gautske sysselmanen til Olav sveakonge. Det å stå tolv mann midt iblant fiendar og drepe leiaren deira utan å bli drepen sjølv det seier litt om kva slags kvalitetar desse gjestene hadde som krigarar, eller kva kvalitetar ein sa dei hadde, både når det gjaldt dugleiken med våpen og ikkje minst kontroll. Det andre eksempelet på gjestene som elitestyrke er henta frå saga om Sverre, der det blir hevda at ein Åsbjørn Jonsson sa til Orm kongsbror: ”Sverre er hjelpelaus no. Han sende Svina-Peter frå seg sør til Bergen, og dei har

⁷⁰ Hirdskråa. 2000: 159.

⁷¹ Munch. 1858: 606.

fått den lykka dei var verde. Inn i Sogn har han sendt dei som er dei verste, dei fandens gjestene (...)”⁷² Dette viser korleis samtida til sogeskrivarane truleg såg på gjestene, dei såg på dei som dei beste til å slåss, eller ein krigarelite. Det siste eksempelet eg skal nemne er då kong Håkon Håkonsson sende folk ut for å brenne dei skipa som hadde drive på land under felttoget han hadde i Skottland.⁷³ Eg har nemnt før at dette var eit farleg oppdrag i og med at skottehæren var i nærleiken, men det viser og at ein rekna med at denne gruppa med gjester kunne stå imot eit eventuelt angrep lenge nok for å få gjort oppdraget. Me kan og snu på det og seie at Håkon sende gjestene fordi dei kunne bli ofra. Kva som er den rette forklaringa er vanskeleg om ikkje umogeleg å seie, men eg meiner at det er mest truleg at når ein gjer slike val som dette, da er det naturleg at me ser på kven som har størst moglegheit til å gjennomføre oppdraget, samstundes som dei kan bli angripne og overleve. Det krev at ein vel ei gruppe krigarar som er dyktige og trufaste.

Det største talet som me finn i sogene på kor mange gjester det var, er i saga om Olav Kyrre. Der står det at han hadde 60 gjester.⁷⁴ Om dette var det største talet kongen hadde på gjester kjem eg attende til, som nemnt, i eit seinare kapittel. Eit teikn på at dei vart oppfatta som ei eiga avdeling var at dei kjempa under eit eige gjestemerke med eigen hovding. Dette ser me i saga om Håkon Håkonsson der kongen sine gjester skulle ha eit svart merke, og mot det skulle gjestemerket til hertugen gå.⁷⁵ Dette viser at ein helst ville kjempe mot sine likemenn, noko som ville seie at dei beste skulle kjempe mot dei beste.

Me må heller ikkje gløyme at kor dugande dei var med våpen truleg spela ei rolle når ein skulle bli oppteken i gjesteklassen. Dette seier eg med bakgrunn i dei oppgåvene gjestene hadde og deira funksjon som elitestyrke. For me må ikkje gløyme att dei mest truleg var ein hardbarka flokk som til tider var litt for ”ville”. Dette er noko gjestene får åtvaringar mot i Hirdskråa, der det står at: ”Dei skal akte seg for ran og tjuveri og aller helst kvinners fred og fé. Ikke skal de løpe for brått til manndrap, og i alle fall ikke når de ikke vet nøye hva de gjør, og hvem de gjør det mot”.⁷⁶

⁷² Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 137.

⁷³ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 335.

⁷⁴ Noregs kongesoger. Bind 2. 1979: 222.

⁷⁵ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 204.

⁷⁶ Hirdskråa. 2000: 157.

Gjestene som vitne

Den siste oppgåva som gjestene kunne ha, som eg har funne, var av ein meir fredeleg natur, nemleg at dei kunne bli brukte som vitne i forskjellige saker. Og dei kunne truleg skrive vitnebrev. Dette finn me ikkje spor av i verken Hirdskråa, Kongsspegelen eller sogene, men me ser at dei vart brukte som vitne i dokument som er trykte i *Diplomatarium Norvegicum*. Eit problem me får når me brukar desse breva er å avgjera om dei gjestene me finn verkeleg er gjester. Dette fordi det ikkje står noko anna enn namnet og gjest, for eksempel Jon *gestr*.⁷⁷ Som me kan sjå så står det ingen ting om *gestr* er meint som ein hirdgjest, eit tilnamn eller eit etternamn. Det å finne ut kva som er namnet på gjester og kva som er etternamn kjem eg attende til i eit seinare kapittel når eg skal ta føre meg kva tidsrom ein hadde gjester. Å bruke gjest som tilnamn utan å vere medlem av hirda er lite truleg fordi det å bli kalla gjest gjorde at den personen vart identifisert med hirda. Ein kunne og bli kalla gjest om ein opphold seg i ein ubeslekta mann sitt hus, men eg tvilar på at ein av den grunn vart kalla gjest i eit dokument.

Det er fleire eksempel på vitnebrev som viser at gjestene vart brukte som vitne. Eit eksempel er frå 1318 der Jon gjest vitna på at Eilif Skjalg kjøpte 10 øresbol⁷⁸ og 1 ørtogbol⁷⁹ i Fitt av Halle på Fitt og gav full betaling.⁸⁰ Truleg den samme Jon gjest kunngjorde i 1322 saman med to andre at Dan Gunnarssö selde til Gaute Vank 3 øresbol i garden Roaldstad i Sande sokn.⁸¹ Me har eit tredje dokument der truleg den samme Jon gjest vitnar, dette er frå 1325 og han er der vitne i eit oppgjer til buet til Arnfinn.⁸² Eit anna eksempel er at Elling, prest i Evanger og Torstein gjest vitna om at Eindride Arnesson bygsla 10 månadsmatsbol⁸³ i Vangen, som han og herr Eindride i Bjørgvin eigde, til Alvfinn i Gjerde. Alvfinn skulle reparere husa og gi landskyld av jorda til vederlag, og meir vederlag om den ikkje strakk til.

⁷⁷ DN II, nr. 145.

⁷⁸ Øyresbol: Jordgodseining som i landskyld skulle gje ein øyre eller varar til eit verde av ein øyre. I samsvar med den offisielle reknemåten utgjorde eit øresbol. 1 mark = 3 øyrer = 24 ørtugar. Bjørkvik, Halvard. "Øresbol", *KLNM XXI*, sp. 64.

⁷⁹ Ørtugbol: Jordgodseining som i landskyld skulle svara ein ørtug eller varar til eit verde av ein ørtug. Ein ørtugbol var jamgodt med 1/3 øyresbol eller 1/24 markebol. Bjørkvik, Halvard. "Ørtugbol", *KLNM XXI*, sp. 31.

⁸⁰ DN I, nr. 155.

⁸¹ DN II, nr. 145.

⁸² DN III, nr. 141.

⁸³ Månadsmatsbol: Jordeigedom som i årleg landskyld skulle svara til ein månadsmat, det vil seie ein 3-punds laup smør eller varar til eit verde av ein laup smør. Bjørkvik, Halvard. "Månadsmatsbol", *KLNM XII*, sp. 129. Månadsmat var mat for ein person i ein månad. Bjørkvik, Halvard. "Månadsmat", *KLNM XII*, sp. 128.

Han skulle og ha rett til å bygsle jorda vidare.⁸⁴ Det er og fleire dokument som viser at gjester var vitne eller at dei kunngjorde noko.⁸⁵

Det første dokumentet eg har funne som viser at gjestene var vitne er frå år 1300, men vil det då seie at gjestene ikkje vart brukte som vitne før på 1300-talet? Nei, eg trur at dei vart brukte som vitne også tidlegare. Grunnen til at eg trur det er at gjestene som kongen sine menn hadde tillit blant folket slik at dei også vart brukte som vitne før år 1300. Kvifor finn me ikkje finn spor etter det i kjeldene kan det vere fleire grunnar til. Den eine er at dei dokumenta som omtala gjestene som vitne kan vere gått tapt. Ein anna grunn kan vere at det ikkje vart nedskrive så mykje før år 1300, dette fordi ein stolte meir på munnlege avtalar.

Konklusjon

Dei oppgåvene gjestene hadde fekk dei litt etter kvart, det å gjere dei oppdraga kongen sendte dei på, som kunne gå ut på alt frå å levere eit brev eller drepe nokon, dette var noko dei mest truleg gjorde frå starten av. Vaktteneste var og ei oppgåve gjestene hadde, og ei viktig oppgåve, dette kan seiast med bakgrunn i den detaljerte omtalen i Hirdskråa. Speiding var og ei oppgåve gjestene hadde, både etter hærar og etter politiske fiendar som kunne samle folk å gjere oppstand. Det å speide etter politiske fiendar krevde mange folk, noko som gjer at denne typen speiding først vart aktuell under kong Sverre. Denne type speiding var mest aktuell i fredstid, fordi ein i ufredstid hadde ein bra kontroll over kven som var på kva side, i tillegg til at då hadde vel kongen dei fleste gjestene med seg. Speiding etter hærar var ikkje så mannskapskrevjande, så det kan ha vore ei oppgåve gjestene hadde før Sverre si tid. Dei hadde og plikt til å hjelpe lendmenn og sysselmenn viss dei trengte det ved lovbrøt. Dette saman med at dei var ein elitetropp og at dei kunne vere vitne gjorde at gjestene hadde mange og variert oppgåver.

To ting eg har nemnte i innleiinga, men ikkje teke opp i kapittelet. Begge går på det Hertzberg skreiv om gjestene.⁸⁶ Han skreiv at gjestene vart brukte til å krevje inn landskyld, dette har eg ikkje funne nemnt spesifikt i kjeldene, det einaste kan vere at det gjekk inn under at dei skulle hjelpe lendmennene og sysselmennene ute på bygdene. Innkrevjing av landskyld kan gå under det. Det andre er at dei skulle sjå etter at pliktene til bøndene under leidangen

⁸⁴ DN XXI, nr. 47.

⁸⁵ DN I, nr. 160, 268 og 281. DN II, nr. 231 og 232. DN III, nr. 122, 185 og 201. DN XII, nr. 60 og 61.

⁸⁶ Hertzberg. 1915: 139.

vart føljt. Dette er noko som ikkje i det heile teke kjem fram i kjeldene, så det er vanskeleg for meg å seie at dei gjorde det.

3. I kva tidsrom fanst gjestene i kongens hird?

I dette kapittelet vil eg undersøkje i kva tidsrom gjesteinstitusjonen eksisterte i Noreg. Det er fleire grunnar til at dette er viktig. Den eine er å prøv å finne ut når dei oppgåvene gjestene hadde vart innførte. Ein annan grunn er at dei oppgåvene gjestene hadde seier noko om tida gjestene eksisterte i. Den tredje grunnen er at det gir ei avgrensing i tid for mi eiga undersøking. Omgrepet ”gjest” blei brukt om fleire grupper i middelalderen. I *Kulturhistorisk leksikon til nordisk middelalder* finn me at gjest vart brukt i tre samanhengar. Den første tydinga er at gjest vart brukt på frie menn som oppheld seg i ein ubeslekta mann sitt hus. Den andre er der gjest vart brukt om tilreisande utanlandske handelsmenn. Den tredje, og den tydinga som er relevant i mi oppgåve, er gjest brukt om ei; ”særleg avdeling av den no. kogshird.”⁸⁷ I tillegg til dei tre tydingane eg har nemnt vart ”gjest” og etterkvart brukt som etternamn, eksempel på dette finn me i diplomatariet, der me i år 1508 finn at Thorger Gest er ein av sju lagrettemenn.⁸⁸ Når me har så mange samanhengar gjest vart brukt på, vanskeleggjer dette arbeidet med å avgrense tidsrommet for funksjonen til hirdgjestene.

Når starta ein å bruke nemninga gjest om ei gruppe innan hirden?

Hirdskråa seier at: ”I gamle dager var det skikk at alle kongens håndgangne menn eller hans sverdtakere ble kalt huskarer. Siden ble likevel namnebøtene gradert etter verdighet og rang. Men hirdmannsnavnet bærer alle som tjener kongen (i) hans hird, ti der er kongens hovedstyrke hvor hirden hans er. Derfor kalles de hirdmenn, da kongen er vel ”hyrdet”...”.⁸⁹ Dette viser at me har hatt ei utvikling innan hirda frå der kongen hadde ei relativt lita hird, der dei som var medlem kunne ha fellesnamnet huskarar, til ei større meir organisert hird der det var nødvendig med ei oppdeling etter kva oppgåver hirdmedlema hadde. Denne omorganiseringa var nødvendig på grunn av statsdanninga på denne tida. Men det står ingenting om når dette skjedde, for å prøve å få svar på dette, skal eg sjå på dei første gongene nemninga gjest blir brukt i kjeldene.

Den første gongen eg har funn gjest brukt om ei gruppe innan hirda, er i Snorre si søge om Olav den heilage. Her blir det skriva at: ”Kongshøgsetet var midt i stova, og innanfor sat

⁸⁷ Seip, Didrik Arup. ”Gjest”, *KLNM* V, sp. 336-337.

⁸⁸ DN II. nr. 1029.

⁸⁹ Hirdskråa. 2000: 109.

hirdpresten hans, Grimkjell, og så dei andre prestane, og utanfor sat rådgjevarane hans. I det andre høgsetet midt imot sat stallaren hans, Bjørn Digre, og så gjestene”.⁹⁰ I denne omsetjinga av saga står det i ordforklaringa at gjester var menn hos kongen med halv hirdmannsløn, og at dei vart mest brukte som eit slags politi. Om det er hirdgjester det er snakk om her er eg usikker på. Dette er fordi i Kongsspegelen finn me at gjestene til vanleg ikkje sat ved samme bord som kongen og hirdmennene hans.⁹¹ Dette er noko me finn støtte til i saga om Sverre, der me får vite at gjestene til kong Magnus Erlingsson hadde ei anna stove som dei drakk i enn kongen og hirdmennene. Ein hadde og eit skilje her ved at hirdmennene fekk mjød og gjestene øl.⁹² No er det meir enn 150 år forskjell på desse to episodane i sogene, og Kongsspegelen vart skriva over 200 år etter episoden i saga om Olav den heilage, noko som gjer at det kan vere forskjell på kva praksis som råda. Det kan vere fleire grunnar til at kunne ha komme ei slik endring. Det kan vere at det etterkvart som hirda vokste vart for liten plass i ei stove til heile hirda, og gjestene måtte inn i ei anna stove. Eller statusen til gjestene kan ha vorte lågare. Spørsmåla om storleiken på gjestekorporasjonen og statusen deira er noko eg kjem attende til i seinare kapittel. Om det her i saga om Olav den heilage var meint hirdgjester eller folk som gjesta han spelar eigentleg ikkje så stor rolle fordi i det samme kapittelet så står det: ”Han sette mennene sine kvar til sitt arbeide, som kongane hadde for skikk. Han hadde med seg seksti hirdmenn og tretti gjester, som han gav løn og lover. Han hadde tretti huskarar òg, som skulle gjere det arbeidet som trongst på garden, og føre til gards det som til skulle.”⁹³ Noko som er interessante her, ved sidan av talet på menn, er at det blir samanlikna med andre kongar. Kva kongar var dette? Me har to val, anten gjeld det om tidlegare norske kongar, og då vart ikkje Olav Haraldsson den første norske kongen som delte hirda inn i ulike grupper. Eller er det tale om andre utanlandske samtidige kongar, noko som gjer at det er mogeleg at det var Olav Haraldsson som stod for denne delinga. Bugge skriv om dette, og han skriv at kong Olav søkte å organisere hirda og gjere den meir arbeidsdyktig, difor delte han ho i tre klassar.⁹⁴ Han garderer seg med at han skriv at denne ordninga og kan vere eldre.

⁹⁰ Norges kongesoger. Bind 1. 1979: 242.

⁹¹ Kongsspegelen. 1963: 76.

⁹² Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 104.

⁹³ Noregs kongesoger. Bind 1. 1979: 242.

⁹⁴ Bugge. 1910: 386.

Den historiske sogekritikken.

Eit sentralt kjeldekritisk spørsmål er i kor stor grad sogene sine opplysinga om hird og gjester verkeleg er relevante for den tida dei omhandlar. For å få eit betre svar på det så skal eg sjå på den kjeldekritiske diskusjonen som har vore kring desse sogene.

Diskusjonen om saganes nytte som historiske kjelder, eller den historiske sogekritikken, starta allereie i andre halvdel av 1700-talet. Det var den tyske historikargruppa ved universitetet i Göttingen som først uttrykte skepsis til sogene si truverde. Det var August Ludwig Schlöser som gav uttrykk for slik tvil i 1773. Eleven hans Friedrich Rühs gjekk vidare og uttrykte i 1803 at sogene var som dikting og romanar å rekne. Mot dette opponerte dansken Peter Erasmus Müller i åra kring 1820. Men Müller var likevel ikkje ukritisk til sogene, han trekte blant anna eit skilje mellom historiske og mindre pålitelege førhistoriske soger som peikar fram mot den sogetypologien som eg har nemnt ovanfor. Müller var ingen sogekritikkar, men dette var hans samtidige landsmann, Gustav Ludvig Baden, som hadde band til med historikargruppa i Göttingen. Han var tilbøyeleg til å avvise store deler av sogene som fablar.⁹⁵

Seinare på 1800-talet kom dei norske historikarane for alvor på bana, her spelte Rudolf Keyser og P. A. Munch ei sentral rolle. Keyser var påverka av Müller og meinte som han at sogene i grove trekk var ferdig utvikla i den munnlege tradisjonen før dei vart nedskrivne. Men han meinte likevel at dei islendingane som skreiv ned sogene til ein viss grad redigerte og arbeide vidare med den muntlege tradisjonen. Frå Müller overtok Keyser også skilje mellom historiske og førhistoriske soger, dette var også ei inndeling som Munch slutta seg til. Keyser meinte og ut ifrå sitt syn på den muntlege overleveringa, at dei kunne innehalde ein ekte historisk kjerne som ein kom fram til ved at ein trekte frå dei uhistoriske elementa. Dette var ei grunnhaldning hjå både Keyser og Munch at sogetradisjonen kunne og burde bli reinsa for uhistorisk stoff, slikt som feil, misforståingar og rein tildikting. Dette gjelde og dei mest truverdige sogene. Men Munch var meir radikal enn Keyser. Han samanlikna sogene med andre samtidige utanlandske kjelder og nølte ikkje med å forkaste opplysningar som ikkje stemte overeins med desse.⁹⁶

Seinare på 1800-talet var det og ein annan stor sogekritikkar som hadde eit litt anna syn enn Keyser og Munch, dette var Gustav Storm. Han meinte at dei som skreiv ned kongesogene kunne reknast som historiske forfattarar og forskarar, og ikkje berre folk som

⁹⁵ Helle. 2001: 16.

⁹⁶ Helle. 2001: 17.

skreiv ned forteljingar frå ein fastsett munnleg tradisjon. Han la og sterk vekt på samtidsprinsippet, og føretrakk på det grunnlaget utanlandske kjelder og skaldekvad, heller enn fortidssogen sin prosa.⁹⁷

Det som skjedde innanfor sogekritikken tidleg på 1900-talet var i hovudsak tre ting hevdar Ottar Dahl. Den første var at me fekk ein radikaliserings av dei kritiske grunnhaldningane. Den andre var at me kan peike på ein djuptgåande endring av sjølve problemstillinga overfor kjeldene, me spør meir om tendensen i kjeldene og ikkje så mykje om kor pålitelege dei er i detaljane, og legg hovudvekta på deira samanheng med forfattaren si samtid heller enn deira forteljingar om eldre tider. Den tredje og siste hovudsaka dei la vekt på var å utnytte ”nye” kjelder som før hadde vore mindre brukt, slik som lover og stadnamn.⁹⁸

Den som kom med gjennombrøtet for dei nye radikale kjeldekritiske haldningane var svensken Lauritz Weibull i *Kritiska undersökningar i Nordens historis* og *Historisk kritisk metod och nordisk medeltidsforskning* som kom ut høvesvis i 1911 og 1913. Der karakteriserte han kongesogene som historiske romanar. Dette fordi om ein tok bort det som var segn eller dikt etter moderne kritiske prinsipp, stod ein berre att med enkelthendinga og dei grøvste linjene i historia. Weibull sitt hovudsyn var at dei samtidige kjeldene måtte plasserast fremst, og at fortidssagaene måtte vike sjølv om dei var aldri så estetisk framståande og interessante. I ettertid er fleire av hans og broren Curt Weibull sine realhistoriske resultat blitt sett på som vilkårlege. Men det må seiast at dei sogekritiske prinsippa dei kom fram til har på ein varig måte påverka nordisk historisk mellomalderforskning.⁹⁹

I Noreg var det Halvdan Koht som var pioneren i ein meir moderne sogekritikk. På grunn av tidspunktet Koht kom med sin sogekritikk, vart han oppfatta som ein norsk parallell til Weibull, og hans syn vakte også sterke reaksjonar. Men han var langt mindre radikal enn Weibull. Hovudsynspunktet til Koht var at sogene bar merke av den tida dei blei til i, at sogeskrivarane tok dei politiske, kyrkjelege og sosiale tendensane frå si tid og plasserte i fortida. Dette førte til, i følgje Koht, at ein kunne gruppere dei etter det som i dag blir kalla tendens, og at ein kunne sjå på Sverre si soge og dei andre historieverka frå samme tid, som eit produkt av samtidas sosiale og politiske strid. Koht sitt hovudeksempel på påverkinga frå samtida var at norsk historie fram til kong Sverre vart framstilt som eit konkurranseforhold mellom kongedømme og det verdslege aristokratiet. Koht meint at me kan at lese ut ifrå

⁹⁷ Helle. 2001: 18.

⁹⁸ Dahl, Ottar. 1976. Norsk historieforskning i 19. og 20. århundre. s. 236.

⁹⁹ Helle. 2001: 19-20.

sogene at dette ikkje stemmer. Ved å overføra den politiske striden som var i saga om Sverre til tidlegare tider kunne sogeskrivarane, særleg Snorre, gjere Harald Hårfagre og Olav Haraldsson til forløparar for Sverre sitt antiaristokratiske kongedømme, og Koht meinte at dette var feil. Han meinte at kongemakt og aristokrati samarbeidde i mellomalderen ut ifrå felles interesser, med unntak av konfliktane under Sverre og Håkon 5. Koht sitt hovudsyn, at sogene er prega av politiske og sosiale realitetar i samtida, er blitt ein sjølvsgat del av den historiske sogekritikken. Til forskjell frå Weibull meinte Koht at sogene inneheld så mykje pålitelege opplysningar at dei langt på veg kunne gi grunnlag for ei samanhengande historieskriving.¹⁰⁰

Edvard Bull kom i 1931 med ein prinsipputtale der han kritiserte fortidssogene på lik linje med Weibull. Men når me ser på det han skreiv, om tida frå år 1000 til 1177, ser me at han bygg atskillig meir på kongesogene enn me kunne vente etter hans innleiande avvising av Snorre som kjelde til det som verkeleg skjedde i denne perioden. Seinare oversynsframstillingar over den tidlege norske rikshistoria kom til å følgje i Bull sine spor i sin faktiske bruk av kongesogene. Sjølv om det no etter kvart kom fleire omvurderingar av realhistoriske forhold i spesialarbeid, kan me ikkje seie at det kom noko avgjerande brot med tradisjonen med bruk av kongesoger i oversiktsverk av noregshistoria fram til 1970- åra. Alle desse arbeida er på samme måte som Bulls prega av sogekritikken på den måten at dei er medvitne om dei mange momenta av uvisse i fortidssogene sine framstillingar. Dei prøvde sjølvsgat å halde seg til det dei oppfatta som rimelege pålitelege fakta i sogetradisjonen. Dette skjedde med jamføring med skaldestrofer, eldre utanlandske skriftelege kjelder og kjennskap til dei forskjellige trinna i overleveringane av sagaene. For å skrive ein breiare samfunnshistorie gjer dei nye oversiktsforfattarane meir bruk av andre kjelder en sogene: Landskapslover, stadnamn, runeskrifter, myntmateriale, anna arkeologisk materiale og tilbakeslutning frå seinare strukturregistrerende skriftmateriale. Den som skil seg ut i forhold til sogekritikken, er Erik Gunnes som opent erklærte Heimskringla for hovudkjelde til det som faktisk skjedde i Noreg i tidsrommet 800-1177. Han heldt seg likevel kritisk til sogene ved hjelp av andre kjelder, men forskjellen var at han ikkje ynskte å frigjere seg frå Snorre, og brukte han bevist til å fargeleggje framstillinga si.¹⁰¹

Det var ikkje før mot slutten av 1900-talet at det kom ein oversikt over vikingtid og tidleg kristen mellomalder som i sterkare grad tok konsekvensen av den sogekritikken og den generelle kjeldekritiske radikaliseringsområde som brødrene Weibull og i mindre grad Koht stod for.

¹⁰⁰ Helle. 2001: 20-21.

¹⁰¹ Helle. 2001: 26-28.

Den historikaren som kom med denne framstillinga var Claus Krag. Krag drog i tvil sogetradisjonen om kontinuerleg rekke kongar av Hårfagreætta, dette er for han ein fiksjon. Han har liten tru på at Olav Trygvason og Olav Haraldsson stammar frå Harald Hårfagre, og som Edvard Bull reknar han Harald Hardråde som den sannsynlege grunnleggjar av eit nytt dynasti, utan blodsband til den første Harald. Ein av grunngevingane til Krag for denne påstanden er resultata han har frå analysar av skaldekvad som er siterte i kongesogene. Som ein kompetent kjennar av denne diktinga brukar han den i utstrekt grad, men på ein meir kritisk og mindre autoritetstru måte enn i tidlegare oversiktsarbeid på 1900-talet. Der blir skaldestrofene behandla som pålitelege samtidsforteljingar og reelle kjelder for forfattarane av kongesogene, og ein er i liten grad oppteken av at sogeskrivarane til dels kan ha misoppfatta skaldestrofene og bygd feilaktige konstruksjonar på dei. Etter Krag si oppfatning var skaldedikta ei reell kjelde for forfattarane av sogene, men han gjer merksam på at dette likevel ikkje alltid ser ut til å vere tilfellet. Skaldestrofene kan ha blitt brukt som generell dokumentasjon av at noko gjekk føre seg, utan eigentleg å vere lagt til grunn for det sogeprosae konkret fortel. Dei kan og ha hatt ein overvegande litterær og estetisk funksjon i forhold til sogeprosae, utan eigentleg å vere kjelde til den.¹⁰²

Helle har problem med å godta at skaldekjennaren og skaldebrukaren Snorre, som var ein del av den islandske lærdomstradisjonen, kunne ha teke feil med tanke på tolking av skaldekvad. Krag sine synspunkt har ikkje uten vidare blitt godtekte av andre norske mellomalderhistorikarar. I fleire merknader til hans noregshistorie frå 1995 kan me til dels merke irritasjon over at han bryt med tradisjonelle forestillingar om den tidlege rikssamlinga, dette til tross for at mykje av dette er grunna i ein kjeldekritisk metodikk. Sjølv om Krag si forskning representerte ei vidareføring av sogekritikken frå tidleg på 1900-talet, kan den ikkje seiast å vere representativ for den historisk orienterte mellomalderforskinga i Noreg ved utgangen av hundreåret.¹⁰³

Jørn Sandnes meiner å kunne sjå ein klar tendens til at det blir slakka på sogekritikken sine strenge krav. Dette heng saman med at etter hans oppfating, historieforskinga er komme under press frå folk med ein anna fagbakgrunn enn historie og filologi, nemleg antropologar, arkeologar og litteraturforskarar som ikkje har det samme strenge forholdet til kjeldekritisk metode. Helle er langt på veg einig med Sandnes, men Helle meiner og at det har vore ei internasjonalisering dei siste tiåra som har gjort at den nordiske innsatsen i denne forskinga har vorten marginal reint kvantitativ. Bagge meiner at Snorre sine mange enkelthistorier om

¹⁰² Helle om Krag i: Helle. 2001: 29-31.

¹⁰³ Helle. 2001: 31-32.

fortida kan ha tvilsom kjeldeverdi, men bak desse historiene kan det ligge ein oppfatning av meir generelle samfunnstrekk som gjer at me kan komme nærmare sanninga om fortida.¹⁰⁴

Helle meiner at me kan sjå ei viss svekking av dei sogekritiske prinsippa frå det tidlege 1900-talet, dette fordi det lar seg hevde at me ser tendensen til å godta fortidssogene alminnelege samfunnsbilde, samtidig som me mistrur deira forteljingar om individuelle personar og hendingar i samfunnet. Dette saman med dei til dels negative reaksjonane på Claus Krag sin soge- og skaldekritikk, gjer at me kan hevde at me ser ei meir vennleg haldning til sogene av fleire mellomalderforskarar. Dette utan at det svekker omgangen med sogene som historiske kjelder.¹⁰⁵

Det at fleire mellomalderforskarar har ei meir vennleg holdning til sogene vil seie at me ser på fortidssogene med mindre skepsis enn då debatten om sogene starta med Weibull og Koht. Men dette gjer ikkje at eg tek Snorre sitt ord på at delinga av hirda oppstod under Olav Haraldsson. I heile så er berre gjestene nemnde seks gonger.¹⁰⁶ For å sjå nærare på dette så kan me sjå om me kan finne nokon svar ved å samanlikne Heimskringla med Morkinskinna, som fortel frå 1030. Den første gongen me treff gjestene her er under kong Olav Kyrre si tid, noko som vil seie mellom 1067 og 1093.¹⁰⁷ Men ser me litt tidlegare i Morkinskinna så finn me der at det er nemnt at kong Harald Hardråde ville gjere ein Audun til skutelsveinen sin.¹⁰⁸ Dette viser at det og før Olav Kyrre si tid var ei viss organisering av hirda. Noko som gjer at det truleg stemmer at gjestene som hirdgruppe oppstod tidleg på 1000-talet. Me står framleis att med spørsmålet om kong Olav Haraldsson kopierte tidlegare kongar eller om han kopierte utanlandske kongar. Men dette er eit spørsmål som det er vanskeleg, om ikkje umogeleg å få svar på. Så slutninga må bli at me truleg fekk gjester tidleg på 1000-talet.

Når sluta ein å bruke nemninga gjest?

Det er ingen kjelder som seier noko om når gjestekorporasjonen vart oppløyst, det står heller ikkje i nokon kjelder når hirda vart oppløyst, eller når den eventuelt gjekk over til å bli noko anna enn det den hadde vore. For å få nokon betre svar på dette så må me sjå om det finnest spor til dette i kjeldene. Om me ikkje finn det nemnt når hirda vart oppløyste så kan me sjå på

¹⁰⁴ Helle. 2001: 32-34.

¹⁰⁵ Helle. 2001: 36-37.

¹⁰⁶ Noregs kongesoger. Bind 1. 1979: 236, 238 og 241-242, og Bind 2. 1979: 54, 59 og 188.

¹⁰⁷ Morkinskinna. 2001: 206.

¹⁰⁸ Morkinskinna. 2001: 134-138.

når gjestene blir nemnte for siste gongen. Den siste gongen me høyrer om gjestene som gruppe i offisielle dokument frå kongen er frå 1311 i ein skipan frå kong Håkon Magnusson om håndgangne menn og Biskopmenn sine leidangsytingar.¹⁰⁹ Der fekk gjestene trekke frå to nev¹¹⁰ i setesgardane deira i skattefridom.

Den siste hirdgjesten me får kjennskap til er Torsten gjest. Det eigentlege etternamnet hans var, i følgje Regesta Norvegica, Guttormsson.¹¹¹ Me har i alt fire dokument i Diplomatarium Norvegicum som omhandlar han, i ein periode frå 1332 til 1342. Det er heller ingen tvil om at det dreiar seg om samme personen fordi alle stammar frå Voss og området rundt. Og alle fire er vitnebrev, der Torstein er vitne i forskjellige saker.¹¹² Så ut i frå dette kan me seie gjestekorporasjonen eksisterte til ut på 1300-talet ein gong.

I Diplomatarium Norvegicum får me i 1410 kjennskap til Henrik *Gest* i eit dokument som omhandlar kor mykje skatt det hadde vore betalt av gardane hans.¹¹³ I 1437 får me kjennskap til Kolbjørn *Gest* som var vitne i eit dokument.¹¹⁴ Og frå 1508 kjenner me Thorger *Gest* som ein av sju lagrettemenn.¹¹⁵ Desse tre tvilar eg på var hirdgjester, dette på bakgrunn av den tida dei var nemnte, over hundre år etter det siste offisielle dokumentet som nemnte gjester. Det mest trulege er at *Gest* vart brukt som eit etternamn, eller dei brukte namnet for å stø seg til gammal rett, men dette er vanskeleg å seie.

For å prøve å finne eit tidspunkt kan det vere fruktbart å sjå på kva som skjedde med kongemakta på denne tida. Bugge skrev: ”Efter Magnus Haakonsson død bliver nedgangen tydelig: i aandsliv og kultur, i de styrendes moralske værd, i politik, i handel og skibsfart, i velstand, i landets vernekraft og i folketal”.¹¹⁶ Dette er etter mi meining eit negativt syn på kva som skjedde på denne tida, og den gjaldt heile samfunnet. Ersland skriv noko mindre dramatisk, og meir retta mot hirda i sin *Norske historie 1300-1625*, der skriv han: ”I seinmellomalderen gjekk hirda i oppløysing. Viktige årsaker til denne oppløysinga er på den eine sida at stormannsgruppa som utgjorde hirda vart redusert. På den andre sida var kongemakta mindre aktiv enn tidlegare, mellom anna fordi kongen oppheld seg utanlands, og dermed vart også trongen for hirdorganisasjonen mindre. Men størst verknad for stormannsgruppa var at kronas inntekter vart vesentleg mindre. Dermed vart det også mindre

¹⁰⁹ Norske middelalderdokumenter, nr. 56.

¹¹⁰ Nev av *nef*. I denne samanhengen tyder nev truleg leidangsmannskap, noko som gjer at gjestene slapp å betale leidangs skatt, eller sende på leidang, to personer frå setesgardane deira. Lunden, Kåre. ”Nefnd”, *KLNM* XII, sp. 282.

¹¹¹ RN V, nr. 565.

¹¹² DN I, nr. 281, DN II, nr. 231 og 232 og DN XXI, nr. 47.

¹¹³ DN II, nr. 614.

¹¹⁴ DN III, nr. 739.

¹¹⁵ DN II, nr. 1029.

til fordeling på dei stormennene som var i kongens teneste. Riket kunne med andre ord ikkje underhalda så mange stormenn i si teneste som tidlegare”.¹¹⁷ Dette seier ikkje så mykje om situasjonen til gjestene, det einaste er kanskje at gjestene ikkje fekk betalt. Og det viser at hirda var på vikande front. Men skal eg trekkje nokon slutningar, må eg sjå litt meir spesifikt på kva som skjedde i perioden 1300 til 1355.

Ei kort historisk oversikt over perioden 1300 til 1355

I 1300 regjerte kong Håkon 5. Magnusson i Noreg, han overtok trona etter bror sin i 1299. Håkon hadde truleg vore hertug over Austlandet frå 1284. Han utferda to store rettarbøter ei i 1302 og ei i 1308. Rettarbota av 1302 tok føre seg endringar i arverekkefølgja og formyndarstyre. Her står det at den hirda som var når kongen døydde skulle sverje truskap til kongen sin arving og formyndarstyret som tok hand om riksstyringa fram til kongen var myndig.¹¹⁸ I den større rettarbota av 1308 tok Håkon føre seg hird og forvaltning. Her blir det slege fast at gjestene skulle betale ein mark til å bygge eit hospits for eldre og skadde hirdmenn. Det står og at fehirden skal betale ut løn til gjestene¹¹⁹ Utanriks så vart det eit maktspel i Norden det første tiåret av 1300-talet, med fire partar; dei tre kongane og dei opposisjonelle. Den fremste av dei opposisjonell var hertug Erik, bror til den svenske kong Birger. Striden enda opp med ein fredsavtale i 1310. Der kong Håkon var den einaste som ikkje var til stades, men han godtok avtalen under trugsmål om vidare kamp.¹²⁰

I 1316 vart den norske tronarvingen født, Magnus Eriksson. Hertug Erik var far hans og Ingeborg, dotter til kong Håkon 5., var mor hans. Hertug Erik vart i 1317 sett i fengsel og svelta i hel der. Dette førte til fullt opprør frå tilhengjarane til hertugen. Noko som igjen førte til at den svenske kong Birger flykta til Danmark. På grunnlag av dette så styrte ei stormannsregjering Sverige våren 1319, med son til hertug Erik, Magnus Eriksson, som kongsemne.¹²¹

Håkon 5. døydde 8. mai 1319 i Tønsberg. Etter hans død vart det ein personalunion mellom Noreg og Sverige, det vil seie at ein felles konge batt dei to rika saman. Det at han var så ung gjorde at me igjen fekk eit formyndarstyre i Noreg. Noreg og Sverige hadde kvar sitt

¹¹⁶ Bugge, Alexander. 1916. Norges Historie. *Andet binds anden del tidsrummet 1103-1319*. s. 324.

¹¹⁷ Ersland, Geir Atle og Sandvik, Hilde. 1999. Norsk historie 1300-1625. *Eit rike tek form*. s. 59.

¹¹⁸ Norske middelalderdokumenter, nr. 47.

¹¹⁹ Norske middelalderdokumenter, nr. 53.

¹²⁰ Ersland. 2000: 101-105.

¹²¹ Helle. 1974: 272.

formyndarstyre. Dei to rika skulle styrast etter eigne lover utan innblanding. Men dei skulle ha eit felles forsvar viss eit av kongerika vart angripne.¹²²

I 1331 vart Magnus Eriksson erklært myndig både i Sverige og Noreg. Kong Magnus kunne ha hatt som interesse å føre ein meir integrerande politikk, i motsetning til formyndarstyra. Ein fekk i alle fall opprør mot kongen både i 1332 og 1338. I 1332 kom det ein skipan frå kong Magnus, denne skipan sette forbod mot å halda væpna sveinar ut over det som var heimla i lova. Dette gjekk på i kva grad kongen skulle ha kontroll på dei militære ressursane i riket. Året 1355 oppfylte Magnus Eriksson ein avtale frå 1343 om at sonen Håkon skulle overta som norsk konge. Dette var noko som skulle gjere slutt på personalunionen som vart inngått i 1319.¹²³

Det store omskiftet i norsk mellomalder kom med pesten, svartedauden, i året 1349. Pesten verka inn på alle område i det norske kongeriket. Innverknaden dette hadde på gjestene og hirda var først og fremst økonomisk. Det at medlem av hirda døydde spela ei mindre rolle, for om økonomien hadde vore til stades, kunne ein ha teke inn nye medlemmer som erstatta dei som døydde. Den økonomiske nedgangen kan sporast attende til at ein fekk ei drastisk nedgang i folketalet, noko som førde til ein nedgang i inntekta frå både bøter, landskyld og leidangsskatt.¹²⁴

Ut frå det som eg her har nemnt kan me trekkje nokre årstal som kan ha hatt noko å seie får når me fekk ei oppløysing av gjestekorporasjonen. Desse er 1319 etter at kong Håkon døydde og 1349 som var året pesten kom. Grunnen til at eg ikkje går lenger fram i tid er at den siste nemninga me har på ein gjest i kjeldene er mest truleg frå 1342.

Skal me samanlikne desse årstala med dei årstala som me har dokument som omhandlar gjestene, så vil eg seie at 1319 var eit avgjerande år for oppløysinga av gjestekorporasjonen. Grunnen til at eg seier dette, er at ein etter 1319 hadde eit formyndarstyre som tok avgjerdene. Og dei hadde neppe behov for å ha gjester fordi dei truleg hadde eigne huskarar som tok seg av dei oppgåvene gjestene hadde. Dette vil ikkje seie at gjestene vart borte, eller at behovet for deira tenester brått vart borte. Det er to grunnar til at eg seier dette. Den eine er at det står i skipan frå 1302 at når ein konge døydde så skulle den eksisterande hirda sverje truskap til kongen sin arving og formyndarstyre om arvingen var mindreårig. Den andre grunnen er at me etter 1319 kjenner namnet til 9 gjester frå 14

¹²² Ersland. 2000: 107-108.

¹²³ Ersland. 2000: 108-113.

¹²⁴ Ersland. 2000: 113.

dokument, der dei fleste går på at dei var vitne eller kunngjeringar.¹²⁵ Dette tyder på at etter 1319 så vart det ikkje teke opp nokon nye gjester i hirda, men at dei som allereie utførte sine funksjonar ut i bygdene kalla seg gjester til dei døydde. Dette passar og bra med tanke på den alderen me kan setje på dei gjestene me kjenner. Viss dei var mellom 20 og 30 år i 1319, så ville dei i 1342 vore mellom 43 og 53 år gamle.

Konklusjon

Som me har sett så er det ikkje lett å seie noko sikkert på når gjestekorporasjonen vart oppretta eller forsvann. I den første delen av dette kapittelet tok eg opp på kva tid me først får høyre om gjestene. Der kjem det fram at første gongen me får høre om dei er på Olav Haraldsson si tid. Heimskringla er den einaste kjelda som seier dette. I Morkinskinna er første gongen gjestene er nemnte under Olav Kyrre, men no skal det seiast det ikkje står om Olav Haraldsson i Morkinskinna. Det at diskusjonen om kring sogene har komme fram til at eit kan stole meir på fortidssogen, med atterhald, så har eg sett tida på når gjestekorporasjonen oppstod til tidleg på 1000-talet.

I den andre delen tok eg føre meg når gjestekorporasjonen vart oppløyst. Der kjem det fram at oppløysinga av hirda generelt kom av at kongen hadde opphald mykje av tida i utlandet og at me fekk ein økonomisk nedgang i Noreg. Men korleis fekk dette utslag for gjestene? Dei siste kjeldene me har for gjestene som hirdgruppe er frå 1311, mens dei siste nemningane om enkeltgjester er frå 1342. Dette saman med at kong Håkon 5. døydde i 1319 og ein fekk ein umyndig konge med eit formyndarstyre. Og at Noreg gjekk i kongefelleskap med Sverige og eit formyndarstyre der, kan ha svekka gjestekorporasjonen. Særleg ville det skje dersom formyndarstyret sine menn tok over vaktfunksjonen til gjestene. Eg meiner at utviklinga førte til at det ikkje kom til nye gjester etter 1319, men at dei gjestene som framleis var fortsette og gjere teneste på bygdene. Dette vil seie at kongemakta i Noreg hadde gjester i cirka 300 år.

¹²⁵ DN I, nr. 160, 268 og 281. DN II, nr. 145, 160, 231 og 232. DN III, nr. 122, 141, 185 og 201. DN XII, nr. 60 og 61.

4. Talet på gjester i kongens hird

Me veit lite om kor mange gjester dei forskjellige kongane hadde, eller kor stor hirda deira var. Grunnen til at det er interessant få eit inntrykk av kor mange gjester kongane hadde, er fordi talet på gjester kan vere med på å vise kor viktige dei var. Ser me berre liten eller ingen vekst på talet gjester frå korporasjonen vart oppretta til den vart avslutta, viser det at gjesten ikkje tok del i utviklinga av det veksande statsapparat som var på denne tida. Er det derimot ein stor auke i talet er det eit teikn på at gjestene tok del i denne utviklinga, og at dei hadde ein betyding for den.

I utgangspunktet var kan hende alle hirdmedlemmer jamstelte. Etterkvart som me i høgmellomalderen fekk fleire formelle embete i ein gryande sentraladministrasjon, fekk me også ei deling av hirda i ulike funksjonsområde. Dei som dagleg oppheldt seg rundt kongen, vert i Kongespegelen kalla ”bordfaste” hirdmenn fordi dei hadde sitt underhald ved kongen sitt bord. Den ikkje- bordfaste hirda sat rundt omkring i distrikta som lokale kongeombod eller i privat verksemd med plikt til å støtta lokalomboda i kongen sine saker.¹²⁶ Denne delinga av hirda skjedde i følge Alexander Bugge etter at kong Sverre vann over kong Magnus Erlingsson i 1184. Dette var fordi Sverre i den fredelege tida etterpå ikkje trong så mange menn rundt seg. Dei han ikkje lenger hadde bruk for i si daglege teneste, sørgde han godt for i form av gode giftemål eller ved å gi dei jord i veitsle. Det var på grunn av dette at skiljet mellom dei bordfaste og dei ikkje bordfaste hirdmennene, som sat heime på gardane sine, oppstod på denne tid.¹²⁷

Knut Helle er ueinig i dette, han skriv at skiljet mellom den bordfaste og ikkje bordfaste hirda kan sporast attende til først i borgarkrigstida (1130-40), då sogene fortel om hirdmenn som budde på gardane sine rundt om i distrikta.¹²⁸ I og med at Helle skriv at me kan spore dette attende til 1130-40 i sogene, gjer at me truleg kan seie at han hadde rett, men det er ikkje usannsynleg at ein fekk ein stor auke i dette talet etter at Sverre vart einekonge. Det som avgjorde kva gruppe ein var i, var truleg alderen. Det var truleg vanleg at handgange menn¹²⁹ tente i den bordfaste hirda i yngre år og seinare fekk administrative stillingar eller

¹²⁶ Helle. 1974: 200.

¹²⁷ Bugge. 1916: 163.

¹²⁸ Helle. 1974: 200.

¹²⁹ Ein handgangen mann, var ein som var medlem av hirda, uansett rang. Han hadde avlagt truskapseid til kongen.

trekte seg attende til private virke i bygd og by.¹³⁰ Dette finn me eksempel på i Diplomatarium Norvegicum der me finn to diplom frå seint på 1200-talet der gjester fekk tomter i Oslo av hertug Håkon Magnusson.¹³¹ Om dette var gåver for ei lang og tru teneste eller om det var noko anna som låg bak, er uvisst, men me kan ikkje sjå vekk frå at det kunne dreie seg om ei ”pensjonsgåve”. Bugge skriv at sjølv om Sverre gifte bort medlem av hirda, eller gav dei jord i veitsle, var dei framleis kongens menn og måtte, når det var behov, gjere krigsteneste.¹³² Dette er ei tolking som eg finn rimeleg fordi det passar godt med noko som står i Hirdskråa. Der står det at gjestene hadde plikt til å hjelpa lendmenn og sysselmenn i alle rette kongesaker i distrikta om dei vart spurte.¹³³ For at dette skulle vera aktuelt så var det ein fordel at det var ein del gjester rundt omkring i distrikta som kunne kallast ut. Dette er noko som blir støtta av Kongsspegelen der me kan få inntrykk av at gjestene på 1200-talet i store deler av tida si var rundt omkring på bygdene, og ein sjeldan gang innom hirda. ”Men så ofte dei er innom hirda hjå kongen, då held dei òg allslags vakt over kongen liksom alle dei andre bordfaste mennene”.¹³⁴ Dette gjer at me kan seie at gjestene var mykje omkring på bygdene på 1200-talet og utover. Dette var i fredstid, for om det var ufred, så var truleg dei fleste gjestene kring kongen. Det står og i Kongsspegelen at dei huskarane til kongen som var på bygdene plikta til å hjelpe sysselmennene, i alle kongen sine saker.¹³⁵ Dette gjaldt også dei gjestene som var kring på bygdene. Kongen sendte likevett truleg aldri alle gjestene sine frå seg, dette fordi dei hadde visse plikter rundt kongen, som vakthald. Tidlegare tider, på 1000-talet og tidleg på 1100-talet, hadde truleg ikkje kongen mange gjester, og dei han hadde held han sannsynlegvis rundt seg, eller sendte på spesielle oppdrag. Dette er noko eg no skal sjå nærare på.

Gjestetalet på 1000- og 1100-talet

Me veit lite om kor mange menn kongen hadde i hirda si. Grunnen til dette er at det finst få kjelder me får opplyst kor mange hirdmenn, gjester og kjertesveinar kongen hadde. Det er nærare bestemt berre i kongesogene at me finn dei få opplysningane me har om dette. I Snorre si ”Heimskringla” er det nokon få gonger nemnt med tal kor mange menn kongen hadde.¹³⁶ Den første gongen er i saga om Olav den heilage, der ein ung kong Olav nesten hadde 300

¹³⁰ Helle. 1974: 200.

¹³¹ DN II, nr. 25 og nr. 27.

¹³² Bugge. 1916: 163.

¹³³ Hirdskråa. 2000: 159.

¹³⁴ Kongsspegelen. 1963: 76.

¹³⁵ Kongsspegelen. 1963: 76.

¹³⁶ Erslund. 2000: 37.

mann. Dette førte til at veitslene¹³⁷ ikkje strakk til, slik avtalen var, dette var fordi skikken hadde vore at kongen for gjennom Opplanda med 60 eller 70 mann, maksimum med 100 mann (storhundre=120). Kongen vart difor berre ei natt på kvar plass.¹³⁸ Det me skal legge merke til her er at det var vanleg for kongar å reise rundt med ei hird på 60-70 mann, maksimalt 120 mann, når dei var inne i landet. Med desse opplysningane er det to ting me kan sette spørjeteikn ved. Det eine er om det var vanleg at kongen for rundt med litt mindre folk når han var inne i landet, enn når dei for langs kysten, dette kanskje fordi at dei var avhengige av hestar i innlandet, og desse var kanskje ikkje alltid like enkelt å skaffe i så store tal. Det andre me kan spørje om er om det var mogeleg at sjølve hirda var større enn den flokken kongane for rundt med. Grunnen til at eg spør om det siste er at på grunn av at me kan få det inntrykket av Snorre at det eksisterte avtalar mellom bøndene og kongen om kor mange menn bøndene skulle underhalde når kongen var der. Kunne desse avtalane hindra kongen å ta med seg alle mennene sine rundt når han var på veitsle?

Ein anna gong det blir brukt tal på ein flokk er då Tore Lange var ute med sveita si for å leite etter kong *Hrørek* som hadde rømt. Me får her opplyst at denne sveita bestod av tretti mann. Det står ikkje her at Tore er gjestehovding, men den første gongen han blei nemnd så var han det, så det er ikkje usannsynleg at han og var det her, det vil seie at i 1019 hadde kong Olav truleg tretti gjester.¹³⁹

Den tredje gongen det blir nemnt med tal kor mange menn kongen hadde, seier saga om Olav den heilage at: ”Han sette mennene sine kvar til sitt arbeidde, som kongane hadde for skikk. Han hadde med seg seksti hirdmenn og tretti gjester, som han gav løn og lover. Han hadde tretti huskarar òg, som skulle gjere det arbeidet som trongst på garden, og føre til gards det som til skulle.”¹⁴⁰ Legg me saman talet på hirdmenn, gjester og huskarar kjem me til talet 120 som var eit storhundre på denne tida. Det stemmer med det talet som blir nemnt, at kongen hadde med seg maksimum 120 menn når han var på reiser. Men dette avgrensar ikkje at han kunne ha fleire hirdmenn, gjester og huskarar andre stader i landet.¹⁴¹

Den siste gongen Snorre nemner kor mange menn som var i hirda til kongane er i Olav Kyrres saga. Der står det at: ”Kong Olav hadde hundre hirdmenn og seksti gjester og seksti huskarar (...) Da bøndene spurde kongen kvifor han hadde meir folk enn det som stod i lova og dei førre kongane hadde hatt når han fór omkring i dei gjestebod som bøndene gjorde for

¹³⁷ Veitsle: Pliktig underhald av styringspersonar, med følgje.

¹³⁸ Noregs kongesoger. Bind 1. 1979: 230.

¹³⁹ Saga Óláfs Konungs hins helga. 1941: 180.

¹⁴⁰ Noregs kongesoger. Bind 1. 1979: 242.

¹⁴¹ Ersland. 2000: 38

han, (...).” Kongen vedgjekk då at han hadde dobbelt så mange menn som kongane før han hadde hatt.¹⁴² Det me ser ut ifrå denne teksten er at det var vanleg før Olav Kyrres tid at kongane hadde med seg ei hird på 120 mann når dei var på veitsle.¹⁴³ Morkinskinna støttar opp om det Snorre seier på mange måtar. I Morkinskinna står det: ”Kong Olav tok med seg hundre menn inn i si teneste, og dei var hirdmennene hans. Dei gamle lovene føreskreiv at kongen skulle hava seksti hirdmenn. Han hadde òg seksti gjester. Men tidlegare kongar hadde hatt tretti. Han hadde jamleg seksti menn ved bordet, som hadde opphald der, og som var i gjestebod hos honom. Dei var likevel ikkje i teneste hos kongen, og dei var vyrde mindre. Dei gjorde det som kongen eller årmennene hans trong, og dei for i kjøpferder. Dei var skuldige til å gjera alt arbeidet for kongen.”¹⁴⁴ Her er det mest sannsynleg snakk om at kong Olav Kyrre hadde eit storhundre med hirdmenn, altså 120 hirdmenn. Dette saman med 60 gjester og at han hadde 60 andre menn ved bordet, gjer at me kan seie, som i Snorres kongesoger, at Olav Kyrre hadde med seg 240 menn rundt omkring. Ein anna likskap er at begge tekstane referere til dei gamle lovene. Ei forklaring på denne likskapen kan vere at Snorre brukte Morkinskinna som kjelde når han skreiv sine kongesoger. Men dette er mindre truleg for sjølv om det er fleire likskapar så er det enda fleire ulikskapar i desse sogene.

Kva lover sogene referere til her er noko uklart. Eg fann ikkje noko i landskapslovene eller nokon av lovverka kong Magnus Håkonsson stod bak som tok føre seg kor mange menn kongen skulle ha, verken på veitsle eller elles. Då har me to moglegheiter, den eine er at det er snakk om sedvane, noko som vil seie at det var slik dei var vante med å ha det. Ein anna moglegheit er at dei hadde vore nedskrivne i lovene, men på grunn av at dei gjekk ut av bruk så vart dei strokne eller utelatne i seinare lovskrifter som er bevarte.

Ein av ulikskapen mellom Snorre sine kongesoger og Morkinskinna er at Morkinskinna ikkje bruker nemninga huskarar på dei mennene som gjorde det som kongen eller årmennene¹⁴⁵ hans trong, eller fara i kjøpferder. Dette gjorde dei fordi dei var skuldige til å gjere alt arbeidet for kongen.¹⁴⁶ Snorre skriv at huskarane skulle ha arbeide på garden, gjera slik som trongst og føre varer dit.¹⁴⁷ Eg reknar med at dei mennene som blir nemnde i Morkinskinna var huskarar, dette er fordi dei ikkje kan vere noko anna. Grunnen til at nemninga ”huskar” ikkje vart i brukt Morkinskinna veit eg ikkje, men det er ikkje tvil om at nemninga huskar var brukt på ei gruppe innan hirden, dette fordi me finn nemninga både i

¹⁴² Noregs kongesoger. Bind 2. 1979: 222.

¹⁴³ Ersland. 2000: 38.

¹⁴⁴ Morkinskinna. 2001: 206.

¹⁴⁵ Årmann: kongeleg eller kyrkjeleg ombodsmann, i dette tilfelle dei som styrte kongsgardane.

¹⁴⁶ Morkinskinna. 2001: 206.

soga om Sverre, Hirdskråa og Kongsspegelen, dette er verk som vart skrivne etter Morkinskinna og som gjer at me veit at den nemninga var i bruk.

Me kan her få inntrykket av at huskarane berre var arbeidsfolk, men det var dei i mindre grad, dei var først og fremst eit krigarfølgje med eige huskarskip og eigen huskarhovding. Dette finn me eksempel på i soga om Sverre der det oppstår ein fyllekrangel mellom ein gjest og ein huskar, dette endar med eit slag mellom gjestene og huskarane, det står slik i soga: ”Huskarane hadde samla seg og gått ut på skipet sitt; det var Asgeir Hamarskalle som var deira hovding”.¹⁴⁸ Helle skriv i *Norge blir en stat 1130-1319* at huskarar etter Hirdskråa var det eldste fellesnamnet for alle handgangne menn og det var framleis slik då Kongespegelen vart skriven. Huskarar var også nemninga på den lågaste klassen i hirda, dei arbeidde på kongsgardane og tente på ferder mot underhald og vern, men utan løn. I sogetradisjonen reknar ein ei slik underordna huskargruppe til hirda frå eldre tid. På Sverre si tid hadde dei ein militær funksjon og kunne kjempa på eige skip. I hirdskråa blir dei ikkje lenger nemnde blant dei handgangne mennene.¹⁴⁹ I Hirdskråa er huskarar berre brukt om dei væpna sveinane til lendmennene. Lendmennene skulle ha desse mennene til trufast teneste og kongen til støtte, men ikkje fleire enn førti, med mindre kongen gav løyve til det.¹⁵⁰

No kan det seiast med rimeleg stor tryggleik at frå tidleg på 1000-talet til 1067, som var då Olav Kyrre vart konge, var det vanleg at kongar i fredstid hadde med seg 120 mann, av desse 30 gjester når dei var på veitsle. Grunnen til at eg seier i fredstid er at kongen mest truleg ikkje for på veitsle når det var fiendar i landet. Grunnen til at eg presiserer at dette talet gjaldt når kongen var på veitsle, er at eg meiner at det er truleg at kongen hadde meir enn 120 menn i den bordfaste hirda si. Dette fordi gjestene hadde oppgåver som førte til at dei ikkje alltid var ved kongen si side, som for eksempel når dei var ute på speiding etter fiendar eller på andre oppdrag. Då måtte kongen både ha gjester ute på oppdrag og gjester med seg for å utføre vakthaldet. Dette gjer det truleg at han hadde fleire enn 30 gjester. Ein anna grunn til eg trur at kongen hadde fleire enn 120 menn i hirda, er at når kongen var ute på reiste, då var det store sjansar for at nokre av hirdmennene var sjuke, ute på oppdrag, døde eller var heime på heimlov. Det var truleg ei gradvis auke i talet på medlem av hirda på denne tida for det kan ikkje ha vore gjort over natta å doble talet på hirda, slik me kan få inntrykk av i soga om Olav Kyrre.¹⁵¹

¹⁴⁷ Noregs kongesoger. Bind 1. 1979: 242.

¹⁴⁸ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 155.

¹⁴⁹ Helle. 1974: 201.

¹⁵⁰ Hirdskråa. 2000: 89.

¹⁵¹ Noregs kongesoger. Bind 2. 1979:222.

Det er ikkje lett å komme med eksakte tal på kor mange gjester dei forskjellige kongane hadde, truleg hadde kong Olav den Heilage minst 30 og kong Olav Kyrre minst 60. Men me kan kanskje resonnerer oss fram til nokon cirkatal, men det blir berre spekulasjon så det er ikkje så fruktbart. Det dei fleste historikarar kan vere einige om, er at den største hirdkonsentrasjonen var der kongen var. Her kan me seie at me har rimelg sikre tal på kor mange hirdmenn, gjester og huskarar kongen hadde. Det står og i Hirdskråa at kongen sin hovudstyrke var der hirda hans var.¹⁵²

Gjestetalet under kong Sverre og kong Håkon

Etter opplysninga om at Olav Kyrre hadde med seg 240 mann blir det faktisk ikkje nemnt noko tal på hirda til kongane før i samtidssoga om kong Sverre. Det ikkje talet på ei hird til ein etablert konge me får opplysningar om. Dette var talet på den flokken som Sverre etter soga starta med i 1177. Denne flokken besto av 70 menn, her vart somme hirdmenn, somme gjester og somme huskarar.¹⁵³ Dette er det siste nøyaktige talet eg har funne i samband med å talfesta kor mange som var med i hirda. Er det då mogeleg å finne ut noko meir om kor mange gjester dei forskjellige kongane hadde? Ja, det er det, me kan sjå på dei opplysningane me har om dei forskjellige skipa som gjestene hadde, men for at dette skal bli så nøyaktig som mogeleg må me først sjå på kor mange mann som var på eit skip.

Storleiken på langskipa blir rekna i sessar eller rom. Ein sess vil seie ein rorbenk eller ei tofte som dei som rodde skipet sat på. Til kvar sess var det to årer eller hamler, i hamlene festa ein årane.¹⁵⁴ Eit rom var området mellom sessane, og kvart rom var delt inn i to halvrom, eit på kvar side av skipet. Det var i desse romma stridsmennene stod og kjempa. Ser me i sogene blir og nemninga rom brukt om storleiken på langskipa. For eksempel i soga om Sverre: "Olavssuda som kong Sverre hadde var på 25 rom og vèl manna; Gorna som Gudlaug Vale hadde, var på 25 rom, den òg. Gjestene hadde Hårkniven, som var på 23 rom, (...)"¹⁵⁵

Når me skal sjå på kor mange som var på desse skipa så må det ha vore ein roar for kvar åre, det vil seie at på eit skip som Hårkniven på 23 sessar eller rom, så var det 46 menn til å ro. Ser me i kongesogene så skulle ein både kunne manøvrere skipa samstundes som ein skulle kjempa, dette førte til at det måtte vere nok folk om bord til å bruke våpen mens andre

¹⁵² Hirdskråa. 2000: 109.

¹⁵³ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 32.

¹⁵⁴ Ersland. 2000: 85.

¹⁵⁵ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 90-91.

rodde.¹⁵⁶ Helle skriv vidare at på grunn av dette kravet, at dei skulle ro og kjempa samstundes, er det truleg at ein ikkje hadde rorbenkar på tvers, frå bord til bord, men ein separat sess ved kvart bord for kvar hamle. Dette gjorde at ein kunne ferdast fritt ombord i skipa, noko som gjorde det lettare å kjempa der.¹⁵⁷

For å finne ut noko meir om kor mange som var på krigsskipa kan me sjå i sogene og då helst i samtidssogene. I saga om Sverre finn me fleire eksempel på kor mange som skulle vere om bord i krigsskip. Vinteren 1182-83 let kong Sverre bygge eit skip som heitte Mariasuda, dette skipet var på 32 rom. På dette skipet får me opplyst at det var 320 mann om bord.¹⁵⁸ 32 rom gir 64 hamler, noko som gir 64 rorkarar. Gangar me dette talet med 5 kjem me opp i 320. Det vil seie at det var fem mann per halvrom på dette skipet, under slag kan eg tenke meg at nokon av desse kjempa i baug og akter på skipa. Me finn og andre eksempel, som når Sverre skulle brenne Sogndal i 1184. Då bad kongen mennene gå på land. Av alle skipa skulle 2 mann frå kvart halvrom gå på land, slik at det vart ein mann att.¹⁵⁹ Ut ifrå dette eksempelet var det 3 mann per halvrom noko vil seie at det var i alle fall 120 mann på eit skip med 20 sesser. Ser me i saga om Håkon Håkonsson så står bemanninga på kongeskipet, før han for til Skottland, beskrive slik: ”Kong Håkon hadde mykje utvalt mannskap på skipet sitt. Desse var i framrommet: abbed Torleiv av Holm, sira Askatin, fire prestar og andre av kongens klerkar, og dertil desse lekmennene: Aslak Guss, kongens stallare, Anders av Tyssøy, Anders Håvardsson, Guttorm Gilleson og Torstein, bror hans, Erik Skota Gautsson og enda fleire. Desse var i krapprommet: Aslak Dagsson, Steinar Herka, Klemet Lange, Anders Gums, Eirik, son til kong Duggal, Einar Lungbard, Arnbjørn Svæla, Sigvat Bodvarsson, Hoskuld Oddsson, Jon Hoglive og Arne Slyng. I tredje rommet var Sigurd, son til Ivar Rova, Helge, son til Ivar av Lovol, Erlend Skolbein, Dag av Sudrheim, Brynjolv Jonsson, Gudleik Sneis, og enda fleire av herbyrgesmennene til kongen. Andres Plytt var kongens fehirde. Desse var i stamnen: Eirik Kiva, Torfinn Sigvaldesson, Kåre Eindridesson, Gudmund Jonsson, og enda fleire skutelsveinar. Det var for det meste fire menn i kvart halvrom”.¹⁶⁰ Viss me seier at kongen her hadde eit skip på 25 rom, då tek eg ikkje i, så var det 200 mann i halvromma. Dette pluss dei som er ramsa opp gjer at det ikkje er usannsynleg at det var 250 mann om bord i dette skipet, om det hadde 25 sesser.

¹⁵⁶ Helle, Knut. 2001. Gulatinget og Gulatingslova. s. 165-166.

¹⁵⁷ Helle. 2001: 166.

¹⁵⁸ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 112 og 122.

¹⁵⁹ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 124-125.

¹⁶⁰ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 323.

Kor mange var det egentleg på skipa til kongen? Ser me i kongesogene så er det ikkje urimeleg å tru at det var minst tre mann per halvrom, sidan kongen sine skip mest truleg var godt utrusta med mannskap. Grunnen til at eg seier dette, er at under planlagte reiser og felttog fylte dei opp skipa så dei var best mogeleg rusta til kamp. Det som me kan diskutere er om rorkarane var stridsmenn eller om dei berre var der for å ro. Eg meiner at dei truleg og var stridsmenn fordi arbeidet med å ro mest truleg gjekk på omgang. Ein anna grunn er at når ein låg langsmed eit anna skip så var det ikkje mogeleg å ro. Og då var vel lite truleg at rorkarane berre sat der eller flytta seg til ein anna plass mens kjemninga gjekk føre seg for så å starte å ro igjen når det vart aktuelt. Det talet eg kjem til å nytte her når eg reknar ut kor mange som var om bord i gjesteskipa, er difor tre mann per halvrom.

Ser me då på sogene om kva skip gjestene hadde ser me at den allereie nemnde Hårkniven på 23 rom er det første gjesteskipet me kjenner. Det at det hadde 23 rom gjer at me kan seie at det hadde 46 halvrom. I og med at det var eit av skipa til kongen så kan me rekna tre mann i kvart halvrom, dette gjer at me kjem til at det var 138 gjester om bord i Hårkniven. Dette pluss gjestehovdingen Audbjørn og ein kokk, så kjem me til 140 mann om bord i Hårkniven i 1181.¹⁶¹ I 1183 fekk Torolv Rympel styre skipet Hjelpa som var på 26 rom. Torolv Rympel blir seinare i saga omtala som gjestehovding noko som gjer at det ikkje var usannsynleg at han og var det i 1183. Dette gjer at me kan seie at i 1183 hadde kong Sverre mest truleg minst 156 gjester, når me reknar 3 gjester per halvrom.¹⁶² Me får og informasjon om at gjestene til kong Magnus Erlingsson hadde eit skip som sokk i 1184 under slaget ved Fimreite. Men det er vanskeleg å fastslå kor mange gjester kong Magnus hadde, fordi alt me får opplyst om dette skipet er at det var eit austfararskip.¹⁶³ Ein anna som vart nemnt som gjestehovding styrte skipet Ognarbranden med 30 rom i 1199. Dette var Peter Støype og han styrte saman med Øyvind prestmåg.¹⁶⁴ Eit så stort skip hadde truleg meir enn tre mann per halvrom, men eg brukar tre per halvrom i reknestykket her og. Tre mann per halvrom gange 60 halvrom gir 180 mann. Noko som truleg er eit forsiktig reknestykke. Peter Støype vart nemnt som gjestehovding to år etter dette i Sverre saga,¹⁶⁵ noko som gjer at det er i så nær tid at det er sannsynleg at han og i 1199 kommanderte gjester. Den neste og siste gongen me finn gjesteskip som kan brukast her, er i saga om Håkon Håkonsson. Det er etter at kong Håkon har herja Danmark i 1256. ”Då kong Håkon for frå Eikerøyane, sette han kong Håkon, son

¹⁶¹ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 91.

¹⁶² Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 122.

¹⁶³ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 126 og 140.

¹⁶⁴ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 224 og 230.

¹⁶⁵ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 253.

sin, att ved Elv, og han låg i Strumsund med ti storskip. Disse var skipsstyresmenn med kongen: Ogmund Krøkedans, Vesete av Helle, Simon Stutt, Lodin Staur, og presten Helge Raude. Gjestene hadde to store skip.”¹⁶⁶ Me ser her at gjestene hadde to store skip, men kva meinte ein med store skip? Dei skipa som allereie er nemnt kan legge ein mal for kva som var store skip, Hårkniven med 23 rom, Hjelpa med 26 rom og Ognarbranden med 30 rom. Noko anna som kan gje svar er storleiken på leidangsskipa. Der ser me at fram til mitt på 1200-talet skulle det stillast med skip på 20 sesser. Etter dette så vart det meir vanleg at det skulle stillast med 25 sesse.¹⁶⁷ Om den mannskapsmengde som var på desse skipa seier Gulatingslova 315 at det skulle greiast ut to månadsmatar av kvar til hamla.¹⁶⁸ Med ”av kvart” blir det meint dei to hovudvareslaga som gjekk inn i månadsmaten, mjøl og smør. Dette kan tolkast på to måtar, Ersland tolkar det til at det er mat til to mann i to månader.¹⁶⁹ Helle skriv i si bok om Gulatingslova at det berre var mat nok til ein person per åre i to månader. Vile kongen ha større mannskap, måtte han skaffe resten på anna vis og halde kosten sjølv.¹⁷⁰ Om det var kost for ein eller to mann i to månader veit eg ikkje, men eg meiner det er mest truleg at det er meint kost for to mann i to månader. Dette gjer at eg meiner at det ikkje er usannsynleg at det var to mann per halvrom om bord i leidangsskipa. Helle skriv vidare at i landslova som kom i 1274 vart kostuttreidsla auka noko, slik at den skulle rekke for ein mann i tre månader. Dette var fordi at leidangen no kunne kallast ut til forsvar av kongens skattland vest i havet. Men Helle meiner at ein ikkje kan heilt avvise at bøndene måtte stille med meir ein mann per hamle dersom det var folk til det etter manntalet. Dette på grunnlag av sogeopplysningar som seier at det ofte var meir enn ein mann per hamle om bord krigsskip, men dette gjaldt ikkje spesifikt leidangsskip.¹⁷¹ Ut ifrå dette kan eg ikkje tenke meg at eit fullt utrusta kongeskip var dårlegare manna, så det er ikkje usannsynleg at det var minst tre mann per halvrom på kongeskipa.

Når det blir nemnt at gjestene hadde to store skip ved Elv i 1256 då reknar eg med at det ikkje var meint skip under 25 sesser. Så det eg tek utgangspunkt i her er at dei var på 25 sesser. To skip på 25 sesser gir 100 hamler og viss me reknar tre mann per hamle, eller i kvart halvrom, så vil det seie at kong Håkon 300 gjester ved Elv i 1256. Dette vil seie at talet på gjester steig frå cirka 30 til over 300 på cirka 250 år. Dette gjer, viss det stemmer, at gjestene var talrike nok til å ha ei viktig rolle som ein eigen elitestyrke i slag.

¹⁶⁶ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 285.

¹⁶⁷ Ersland. 2000: 85.

¹⁶⁸ Helle. 2001: 166.

¹⁶⁹ Ersland. 2000: 85.

¹⁷⁰ Helle. 2001: 166-167.

Ein kan argumentere for at det ikkje berre var gjester om bord på gjesteskipa. Me kan for eksempel argumentere for at rorkarane ikkje trengte å vere gjester, eller at det kunne vere andre stridsmenn enn gjestene om bord på gjesteskipa. Dette meiner eg er usannsynleg på grunnlag av at det er lite truleg at gjestene fekk eigne skip om dei ikkje kunne fylle dei opp. Eg ser heller ingen grunn til at forfattaren av saga om Håkon Håkonsson skulle ha grunn til å overdrive kor mange skip gjestene hadde, dette fordi det hadde ingen betyding for noko utfall på noko som helst måte kor mange skip gjestene hadde. Det som hadde betyding for saga var at kong Håkon unge hadde ti skip ved Elv, og ikkje at to av dei var gjesteskip. Ein anna grunn til at eg meiner at det berre var gjester om bord i desse to skipa er den rivaliseringa som var imellom dei ulike hirdgruppene. Me finn fleire eksempel på denne rivaliseringa i sogene; den første gongen er i saga om Sverre, der gjestene til kong Magnus Erlingsson i drukkenskap gjekk til åtak på den stova der hirdmennene var, fordi hirdmennene fekk mjød og gjestene berre øl.¹⁷² Den andre gongen me finn eksempel på denne rivaliseringa er og i saga om Sverre, der ein krangel mellom ein av gjestene til kongen og ein av huskarane hans, enda med at gjestene rydda skipet til huskarane og mange vart drepne.¹⁷³ Me finn og to eksempel på dette i saga om Håkon Håkonsson, den fyrste gongen er i 1217 då Eiliv kapellan som styrte gjesteskipet vart usamd med Åsláv, ein frende til Skule jarl, om skipsleiet. Dette førte til strid mellom skipa slik at mange menn vart såra. Kongen måtte skilje dei og seinare forlike dei.¹⁷⁴ Det andre er frå 1224 der det står: ”Kong Håkon for om våren frå Oslo til Tønsberg. Og trinitatisdag da han gjorde veitsle for mennene sine, vart det eit stort oppstyr i byen mellom hirda og gjestene og huskarane; der fall fem mann, og mange vart såra. Kongen kom der i stor fare før han fekk skilt dei åt.¹⁷⁵ Det eg vil fram til her, er at om bord i gjesteskipa var det mest truleg berre gjester. Hadde det ikkje berre vore gjester om bord kunne dei ha klart seg med eitt skip.

Eit anna moment som skal takast med når det gjaldt talet på gjester er at kongane, i alle fall frå kong Håkon Håkonsson si tid, skulle ha moglegheita til å sende frå seg styrkar for å hjelpe lendmenn og liknande. Dette finn me eksempel på i saga om Håkon Håkonsson der det i alle fall to gonger blir nemnt at hirdmenn og gjester var under kommandoen av stormenn. Den første gongen dette blir nemnt er i 1224 då ribbungane reiste seg att, der dei kom over Olav Mok, ein frende av kongen, i eit bryllaup der Olav hadde ei stor og god sveit

¹⁷¹ Helle. 2001: 166-167.

¹⁷² Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 104.

¹⁷³ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 154-155.

¹⁷⁴ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 42-43.

¹⁷⁵ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 100.

av kongens hirdmenn, gjester og mange andre gode menn. Seksti av Olav sine menn vart drepne, og 20 av dei var hirdmenn.¹⁷⁶ Den andre gongen det blir nemnt at kongen sende ifrå seg menn var med Ogmund Krøkedans. Kongen sende med han 100 mann, hirdmenn og gjester.¹⁷⁷ Den siste gongen eg skal nemne at kongen sende frå seg folk er frå saga om Magnus Håkonsson, der Magnus, etter kong Håkon sin død, sende Eirik Duggalsson til Suderøyane. Han hadde ei attensesse manna med hirdmenn, gjester og kjertesveinar. Det me kan seie ut i frå desse eksempla er at det ser ut som om at kongane, i alle fall frå kong Håkon Håkonssons tid, skulle ha mogelegheitene til å sende ut opp til hundre mann utan at det skulle gå ut over dei oppgåvene som var rundt kongen. Når det gjeld gjestene kunne det kanskje dreie seg om så mange som 50 gjester, og då trong kongen ein god del gjester.

Når Bugge skriv i sin Norske historie at det i på Jon Kuvlung sin tid var omkring 480 gjester, så verkar dette talet ikkje så ekstremt stort på bakgrunn av mine eigen resultat. Bugge skriv og at me ikkje kjende talet på huskarar og hirdmenn.¹⁷⁸ Jon Kuvlung var aktiv i sogene rundt 1187, altså på kong Sverre si tid. Kvar Bugge fekk dette talet frå veit eg ikkje, han seier at han viste talet på gjester men ikkje på huskarar og hirdmenn. Dette kan tyde på at han tok talet frå ei kjelde som ikkje eg har sett. Det kan her etter mi meining ikkje vere snakk om at kongen hadde 480 gjester rundt seg, men at den samla styrken med gjester var på 480 mann. Det vil seie om alle dei gjestene som sat på bygdene, var på oppdrag eller var kring kongen, var samla. Samling av alle gjestene skjedde truleg berre i krig, eller i særleg situasjonar.

Talet på gjester varierte truleg gjennom heile perioden, men eg meiner at ein store delar av tida såg ein auke. Auken på talet på gjester hadde truleg fleire forklaringar. Ein grunn til denne auken var at det var eit større behov for aktive gjester i urolege periodar. Det er ikkje umogeleg å tenkje seg at når det var krig, då tok kongane til seg fleire menn enn når det var fred. Eit unntak er Olav Kyrre han dobla talet på den hirda han hadde med seg rundt i riket, og når han herska så var det nokolunde fredsamt. Me kan spørje seg om det var på grunn av at han dobla hirda som gjorde at det var fredsamt.¹⁷⁹ Ein anna grunn til at ein fekk fleire gjester var at dei fekk fleire oppgåver, som å hjelpe lendmenn og sysselmenn på bygdene, for å kunne gjere dette måtte dei vere fleire. Ein siste ting som spela ei rolle for kor mange menn kongane hadde i hirda var kva økonomi dei hadde. Dette spela ei rolle fordi hirdmedlemmene skulle ha lønn, noko dei hadde krav på i følgje Hirdskråa.¹⁸⁰ Det økonomiske grunnlaget spela

¹⁷⁶ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 102-103.

¹⁷⁷ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 198.

¹⁷⁸ Bugge. 1916: 142.

¹⁷⁹ Ersland. 2000: 38.

¹⁸⁰ Hirdskråa. 2000: 171.

ei rolle på storleika av hirda, dette ser me godt som eit resultat av pesten, svartedauden, som kom 1349. Absalon Taranger skreiv at i 1309 var det minst 270 riddarar og væpnarar, i 1371 var dette talet redusert til 60. Grunnen til dette var pesten, som hadde fjerna det økonomiske grunnlaget.¹⁸¹ Dette var nok heller ikkje denne einaste grunnen, det spela vel ei rolle at ein ikkje hadde ein konge som sat i Noreg, men eg meiner at hovudforklaringa ligg i at pesten fjerna det økonomiske grunnlaget.

Konklusjon

For å oppsummere dette kapittelet om kor mange gjester dei forskjellige kongane hadde, så starta eg på kong Olav Haraldsson si tid med å seie at han hadde 30 gjester. Olav Kyrre hadde 60 gjester ved slutten av 1000-talet. Begge desse tala bygger på Snorre sine kongesoger, som er fortidssoger, noko som gjer at me skal vere litt varsam på det som står der. Eg viste og at hirda til desse kongane kan ha vore større dersom me vurderer talet av huskarar, noko som gjer at me ikkje kan utelukke at det og var fleire gjester. Me kan heller ikkje sjå vekk frå at delinga mellom den bordfaste og den ikkje bordfaste hirda, eller ein tendens til ei slik deling, skjedde på denne tida.

Etter dei talopplysningane om gjestene til Olav Kyrre fann eg ikkje noko nye opplysningar før på kong Sverre si tid. Her rekna eg ut kor mange gjester han hadde ut ifrå kor store gjesteskipa var, og fant at han hadde minst 150 gjester. Dette talet vart lite i forhold til det talet Bugge har frå samme perioden, som er at det var 480 gjester.

Det siste talet eg kom fram til var frå midten av 1200-talet, altså kong Håkon Håkonsson si tid. Her ser me ut frå opplysningane at han let son sin kommandere ti skip ved Ely, av desse hadde gjestene to store skip. Eg kom her fram til at kong Håkon Håkonsson hadde minst 300 gjester. Dette er dei tala som eg har funne støtte til i kjeldene, etter Håkon Håkonsson si tid har eg ikkje funne noko opplysningar som kan seie noko meir om kor mange gjester dei kongane hadde. Men me skal ikkje sjå vekk frå at det var under Håkon Håkonsson, og kanskje Magnus Håkonsson, sitt styre at ein hadde flest gjester. Dette fordi at det under Håkon var den tida at Noreg var på sitt største i geografisk utstrekning, noko som gjorde at ein truleg og hadde ein god økonomi. Me skal likevel ikkje sjå vekk frå at dette berre er spekulasjonar. Ein anna spekulasjon er om ikkje kong Håkon hadde fleire enn 300 gjester fordi det ikkje er sikkert at alle som var rundt i by og bygd var med på å herje Danmark. Det

¹⁸¹ Taranger, Absalon. 1915. Norges Historie. *Tredje binds første del. Tidsrummet 1319-1442.* s. 100.

kan og tenkjast at Håkon ikkje etterlet alle gjestene sine ved Elv, men at han også hadde med seg eit tredje gjesteskip sjølv, for å syte før vakthald og speiding. Gjennom 250 år hadde gjestekorporasjonen auka frå 30 til minst 300. Dette viser at gjestene i høg grad tok del i den utviklinga av eit statsapparat som var i denne perioden, der ein gjekk frå kongen sin krigarflokk til eit utbygd statsapparat.

5. Bakgrunn og status til gjesten

Kven var gjestene, kva lag av samfunnet kom dei frå og kva status hadde dei? Desse spørsmåla skal eg vurdera i det følgjande kapittel. Eg har først valt å sjå på kva andre historikarar har skrive om dette. Deretter vil eg drøfta kjeldegrunnlaget, for å seie noko om statusen til gjestene, både innan hirda og i samfunnet elles. Eg har allereie funne ut at dei spela ei rolle i utviklinga av det norske samfunnet gjennom å sjå på kor mange dei var. Gjennom dette kapitlet skal eg prøva å sjå på kor stor rolle dei spela i denne utviklinga.

Den første norske historikaren som drøfta gjestene sin status var P. A. Munch, i *Det norske folks historie*. Her skriv han at gjestene vart rekrutterte frå mindre vørdne slekter, eller frå lågare klassar. Det ser ikkje ut til å vere regelen at gjester skulle avansere til hirdmann. Dersom byrd og stilling tilsa det, så vart dei direkte hirdmenn utan å måtte gjennomgå ein gjesteklasse. Derfor ser me ikkje gjestene i leiinga som eigne gjestehovdingar, men derimot samla på eit skip under leiing av ein hirdmann. I ein fotnote skriv Munch at gjestene måtte ta oppdrag med å drepe eller ta til fange nokon fordi dette var oppdrag som var under ein riddar eller hirdmann sin stand og stilling.¹⁸² Ebbe Hertzberg og Alexander Bugge skriv i 1915 at gjestene var; ”den ringere hirdklasse i modsætning til den høiere ”hirdmændene”.”¹⁸³ Dette viser likvel berre at gjestene stod under hirdmennene i rang. Helle skriv i si bok *Konge og gode menn* at: ”Det er innenfor kretsen av håndgangne menn vi finner høymiddelalderens verdslige aristokrati, uten at det dermed er sagt at *samtlig*e håndgangne menn var stormenn. Det er på forhånd vanskelig å tenke seg den laveste rangklassen i hirden, gjestene, ble oppfattet slik”.¹⁸⁴ Imsen skriv i innleiinga til si omsetting av *Hirdskråa* at skilje mellom hirdklassane vart klart markerte i lova. Både når det gjaldt plasseringa i sjølve teksten, og når det står at hirdmennene ikkje skulle møte når det var blåst for gjester og kjertesveinar eller omvendt. Både gjestene og kjertesveinane sto under dei eigentleg hirdmennene i rang, men tilhøyrrer likevel hirda, og fekk i 1277 dei samme skattefritaka som meinige hirdmenn. Imsen skriv og at det var truleg at gjestene vart rekrutterte blant vanlege folk. Dette fordi det i kapittel 40 i *Hirdskråa* står at ”lendmenn og sysselmenn skylder (...) å støtte dem (gjestene) i

¹⁸² Munch. 1858: 612.

¹⁸³ Hertzberg. 1915: 136.

¹⁸⁴ Helle, Knut. 1972. *Konge & gode menn i norsk riksstyring ca. 1150-1319*. s. 80.

alle rette søksmål, liksom sine sanne lovfeller, overalt der de er jevnlike med andre kongstegner.”¹⁸⁵

Kvar kom gjestene frå?

Både Munch og Imsen skriv om at gjestene mest truleg ikkje vart rekruttert frå dei høgare klassane i samfunnet. Dette kan nok stemme, men dei vart truleg heller ikkje rekruttert frå dei lågaste laga, i alle fall ikkje frå 1200-talet. Dette er fordi me finn fleire eksempel på at gjester eig gardar og eigendom, har folk under seg (sveinar) og har setegardar. Ser me i *Diplomatarium Norvegicum* så finn me fleire diplom som går ut på at gjester fekk eller selde eigendom. To av dei viser at hertug Håkon gav Vidar og Anders gjest kvar si tomt i Oslo.¹⁸⁶ Kvifor desse to fekk desse tomtene står det ingenting om. Om dei hadde gjort noko spesielt, eller om det var ”pensjonsgåver” eller det var ein anna grunn veit me ikkje. Det me veit er at i 1289 og 90 då desse diploma vart skrivne, var hertug Håkon 19 og 20 år gammal. Noko som gjer at det ikkje er truleg at dei fekk desse gåvene for lang og tru teneste hjå hertugen, men truleg for ei særleg teneste. Det desse dokumenta viser er at dei som gjester hadde eigendom. Det tredje dokumentet går ut på at ein Styr gjest i 1298 selde 7 øresbol til Hovedøya kloster, rekna etter gammal måte, som han eigde i Solberg i Syllingdalen.¹⁸⁷ Eit fjerde diplom viser at ein Thjostolf gjest og Elin mor hans selde eit halvt Markebol i garden Rossnes i Varme Sogn, i 1326.¹⁸⁸

I følgje Sættargjerda skulle kongens menn sleppe å betale skatt. Skutilsveinene skulle ha skattefridom for seg sjølve og to personar frå sitt hushold, dei andre kongsmennene slapp å betale for seg sjølv og ein person frå sitt hushold.¹⁸⁹ Her ser me at gjestene og fekk skattefridom for ein person i tillegg til seg sjølv, noko som gjer at gjestene også kunne ha sveinar. I ein skipan frå 1311 ser me at kong Håkon 5. gir gjestene og kjertesveinane eit skattefritak på to nev på setegardane deira.¹⁹⁰ Det som er interessant her er at det står at gjester hadde setegardar, noko som gjer at me ikkje kan seie at alle kom frå dei lågare lag i samfunnet. Ein setegard var midtpunktet for det verdslege aristokratiet sine samlingar av gods, som ofte var heller laust og tilfeldig oppbygde og hadde også i fleire tilfelle administrative oppgåver. Setegard var og mykje det samme som ein hovudgard som var den

¹⁸⁵ Hirdskråa. 2000: 35, 39-40.

¹⁸⁶ DN II, nr. 25 og nr. 27.

¹⁸⁷ DN XXI, nr. 3.

¹⁸⁸ DN II, nr. 160.

¹⁸⁹ Norske middelalderdokumenter, nr. 29.

garden ein jordeigar budde på, og den var alltid i samband med omtale odelsjord.¹⁹¹ Eit anna eksempel er eit vitnebrev frå 1321 der ein Kolbein *gest* var ein av tre odelsvitne noko som ville seie at dei hadde odelsrett innan fylke.¹⁹² Å ha odelsrett vil seie at ein ved sin fødsel hadde rett til odel eller odelsjord.¹⁹³

Desse eksempla eg har skrive om viser at fleire av gjestene eigde jord i ein til fleire gardar, noko som gjer at dei uavhengig av hirda var økonomisk uavhengige, truleg stod dei midt på den sosiale rangstigen i samfunnet. Imsen skriv i si omsetjing av Hirdskråa at det truleg ikkje var uvanleg at gjestene vart rekruttert frå vanlege bønder, og ikkje berre blant storbøndene, som nok også kunne få teneste som hirdmann eller det som enda betre var. Dette skriv han med bakgrunn av det som står om at lendmenn og sysselmenn skulda å støtta gjestene i alle rette søksmål, som sine sanne lovfeller, overalt der dei er jevnlike med andre undersåttar av kongen.¹⁹⁴ Kva Imsen her meiner med vanleg bønder seier han ikkje noko om, om det var bønder som eigde jord eller om det var leiglendingar. Det at gjestene hadde krav på ei slik støtte gjorde det truleg at gjesten stod over vanlege bønder. I og med at uttrykket ”sanne lovfeller” viser at alle gjestene var underlagt hirdskråa.

Ei anna kjelde som kan seia noko om sosial bakgrunn for gjesten er Kongsspegelen. I følgje denne kjelda kunne kven som helst gjere teneste i hirda, det som avgjorde kva rang ein fekk innan hirda var kva kunnskap dei hadde om kva gode seder var i kongens fylgje.¹⁹⁵ Men denne kjeldestaden kan vi ikkje tolka lenger enn til at det var mogleg for lågstatusmenn å bli medlem i hirda. Om dette stemmer i praksis er etter mi meining noko usikkert. Ein skulle tru at det spela ei rolle kva status, eigedommar og rikdom ein hadde, og at dette i all høve hadde innverknad på kva gruppe i hirda ein hamna i. Dei som hadde eigedom og kom frå gode ætter hadde denne kunnskapen om kva gode seder var, mens ein bondeson i mindre grad hadde denne kunnskapen. Dette førte kanskje til at sjølv om gode seder var ideelt sett var det fremste kravet, vart praksis at berre dei frå toppsjiktet kunne bli rekrutterte, for det var her dei gode sedene var kjente. Ein anna kjelde, Hirdskråa, seier at: ”Men de som ønsker å bli gjester hos kongen og får kongens ja, de skal søke sine lovfeller etter gammal skikk. Men hvis noen sier imot, da skal det behandles blant lovfellene på den måten som det i tilsvarende tilfeller alt er

¹⁹⁰ Norske middelalderdokumenter, nr. 56.

¹⁹¹ Bjørkvik, Halvard. ”Hovedgård”, *KLNM* VI sp. 707.

¹⁹² DN III, nr. 122. og Norske middelalderdokumenter, nr. 70.

¹⁹³ Fritzner, Johan. 1954. Ordbog over det gamle norske sprog. Bind 2. s. 862.

¹⁹⁴ Hirdskråa. 2000: 159.

¹⁹⁵ Kongsspegelen. 1963: 73-81.

beskrevet og bestemt om hirdfellene”.¹⁹⁶ Dette viser at ikkje alle kunne bli gjester, at dei eksisterande gjestene kunne sette seg imot at ein person skulle bli gjest.

Munch meinte det var sjeldan at gjester vart hirdmenn. Spørsmålet blir då om dette var noko han hadde kjelder for? Eg har ikkje funne nokon kjelde som vitnar om at gjester vart forfremma til hirdmenn. Men dette gjer ikkje at me kan utelukka att dette skjedde. Det einaste eksempelet eg har funnet på forfremming mellom hirdklassane er frå Morkinskinna. Der var det ein kjertesvein som vart lendmann. Dette skjedde Ottar Birting som var bondeson med lita ætt å skryte av i følgje sagaen. Dette skjedde i hirda til Sigurd Jorsalfar. Grunnen til at Ottar vart forfremma var at han redda ei bok som kong Sigurd i sinne kasta på bålet.¹⁹⁷ Ser me i Snorre sine kongesoger dukkar Ottar Birting opp i saga om Haraldssønene cirka 20 år seinare, og då som lendmann.¹⁹⁸ Det at begge desse kjelden nemner Ottar som lendmann gjer at me har to uavhengige kjelder på at han var ein person som eksisterte. Grunnen til at eg trekkjer fram eksempelet er at det viser at ein mann som kom frå lågare lag kunne bli forfremma, noko som gjorde det truleg at også dette kunne skje med gjester. Dømet viser og at ikkje alle kjertesveinane var frå gode ætter. I Hirdskråa står det at: ”Det er gammal skikk i hirden at kongen velger seg kjertesveiner fra gode ætter”.¹⁹⁹ Dømet frå Morkinskinna viser likevel at ikkje alle kjertesveinane kom frå gode ætter.

Kven var hovding for gjestene, gjester eller hirdmenn?

Munch skriv at det ikkje var gjester, men hirdmenn som var gjestehovdingar. Hirdmennene var i motsetning til gjestene heile tida rundt kongen. Dei heldt vakt over kongens person. Det var og frå hirdmennene sine rekker at leiinga til hirda stort sett vart henta, desse var lendmenn, stallarar, merkesmenn og skutelsveinar.²⁰⁰

For å finne ut om dei som leia gjestene var hirdmenn eller gjester kan me sjå på dei gjestehovdingane me kjenner. Den første gjestehovdingen eg finn nemnd er Tore Lange som var hovding under kong Olav Haraldsson. Snorre skriv at Tore Lange hadde kommandoen då den svenske sysselmannen Eiliv Gautske skulle drepast og at han vart drepen i jakta på kong Rørek.²⁰¹ Det at han blir nemnt med namn, og at det vart teke med korleis han vart drepen, vil

¹⁹⁶ Hirdskråa. 2000: 155.

¹⁹⁷ Morkinskinna. 2001: 279-280.

¹⁹⁸ Noregs kongesoger. Bind 2. 1979: 283.

¹⁹⁹ Hirdskråa. 2000: 167.

²⁰⁰ Munch. 1855: 992.

²⁰¹ Noregs kongesoger. Bind 1. 1979: 248 og 276.

seie at det var snakk om ein person med ein viss rang. Men det seier ingenting om han kva han eigentleg var, hirdmann eller gjest.

I saga om Sverre får me fleire og meir detaljerte bilete av dei som var hovdingar for gjestene. Der nemner ein fire gjestehovdingar med namn; Audbjørn, Torolv Rympel, Atle Skamle og Peter Støype. Om Audbjørn høyrer me lite, me får høyre at han styrer gjesteskuta til kong Sverre og at det er han som gjestehovding som legg til mot gjestene til kong Magnus Erlingsson i slaget utanfor Nordnes.²⁰²

Ein gjestehovding me høyrer meir om er Torolv Rympel, han blir nemnd for første gong i 1180 ved slaget ved Hevollen. Før slaget vart han sendt saman med fire andre hovdingar med ei stor sveit for å liggje i bakhald for nokre av mennene til kong Magnus. Seinare i samband med slaget får me høyre at Torolv Rympel saman med bror hans, Karl Kjøtlår, og ti andre bad om å få gå føre fylkinga i sjølve slaget. Det at Torolv gjekk føre fylkinga og overlevde gir eit godt døme på kva stridsmann Torolv Rympel var. Han er ennå ikkje nemnd som gjest i sagaene, men dette gir eit døme på kva gjestene gjorde eller kva som skulle til for å bli gjestehovding. Den neste gongen Torolv blir nemnd er då han får styre eit nytt skip som Sverre hadde lete bygge, og i samband med at kong Sverre sendte han og lendmannen Ulv av Lauvnes med seks skip inn til Lusekaupang for å brenne der, noko som skjedde rett før slaget ved Fimreite i 1184. Det kan sjå ut som om Torolv no var hovding for gjestene, for det blir sagt i saga at gjestene er med lendmannen Ulv av Lauvnes inne i Sogn. Seinare får me høyre at kong Sverre sette Torolv saman med Ulv av Lauvnes, Ulv Fly, ein anna lendmann, Håvard jarlson og andre sveithovdingar til landvern i Vika. Det at Torolv Rympel blir nemnd på lik linje som lendmenn og jarlesøner viser at han hadde ein høg status i samfunnet. Om dette er på grunnlag av at han var gjestehovding eller om han kom frå ei gjev ætt er usikkert. Men det er truleg at han ikkje kom frå dei ringaste ættene, fordi han og hadde ein bror som vart nemnt i saga. Sidan både han og broren vart nemnd, så er det truleg at dei kom frå ei gjev ætt. Den siste gongen me høyrer om han er i samband med ein fyllekrangel mellom ein av kongens gjester og ein av kongens huskarar, der Torolv kjem til. Dette utviklar seg til eit slag der Torolv leiar gjestene når dei ryddar huskarskipet. Det er i denne samanhengen at me ser at Torolv er gjestehovding, det står at han for til folket sitt og let blåse i gjesteluren, og da kom gjestene i hop.²⁰³

Den tredje hovdingen for gjestene me får høyre noko om er Atle Skamle. Det me får høyre om han er svært lite. Han var hovding over nokre birkebeinarar og han var ein av

²⁰² Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 91.

²⁰³ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 76, 80, 122, 124, 153 og 155.

gjestene til kong Sverre. Desse birkebeinane vart drepne av ein flokk kuvlungar i 1187.²⁰⁴ Her ser me at det er spesifisert i saga at han var hovding og gjest. Dette tilbakeviser det Munch skriv om at gjester ikkje var hovdingar.

Den fjerde gjestehovdingen høyrer me atskilleg meir om både i Sverre saga og Baglarsoga. Namnet på denne hovdingen var Peter Støype, han var systerson til kong Sverre. Det første me får høyre om Peter Støype er at han er son til Svina-Stefan og dotter til Unås og Gunnhild. Gunhild var i følgje sagaen og mor til kong Sverre, noko som gjer at Peter var son til halvsystema til kong Sverre. Neste gong han blir nemnt er i 1193 som hovding for birkebeinane. Han blir og nemnd som hovding i 1199, då var det han saman med ein Øyvind prestemåg som styrte eit skip som heitte Ognarbranden.²⁰⁵ Det at dei styrer skipet saman gjer at det er truleg at Øyvind og var gjestehovding. Me får ikkje høyre noko meir om han i denne saga, med unntak av at det står at kona hans var ei høgætta kvinne.²⁰⁶ Men i saga om Håkon Håkonsson blir han nemnt som ein gjev mann, og det var han som tok til orde for at Håkon Håkonsson skulle bli konge då kong Inge var sjuk i 1214.²⁰⁷

I 1201 vart Peter Støype nemnd som hovding over gjestene.²⁰⁸ Det er truleg at Peter Støype og vart kalla Svina-Peter etter far sin. Ser me i Sverre saga så ser me at Svina-Peter blir omtala som hovding for birkebeinane.²⁰⁹ Og i saga om baglarar og birkebeinar blir Peter Støype nemnd som hovding for birkebeinane, i 1202 etter kong Sverres død. Soga om Håkon Håkonsson seier at Peter Støype var ein gjev mann i 1203.²¹⁰ I 1204 vart Guttorm, soneson til kong Sverre, teken til konge. Peter Støype var ein av mennene som skulle fostre og ha tilsyn med kongen som berre var fire år gammal. Guttorm døydde i 1204, og Peter Støype var ein av dei som vart plukka ut til å velje ein ny konge. Det blir og nemnt her at han var gift med Ingebjørg, dotter til kong Magnus Erlingsson. Etter dette, i 1205, overtok Peter ei sysle etter ein Einar kongsmåg som vart drepen av baglarane. Denne sysla sette han systerson sin Åne saman med Torkjell Drake til å styre, medan han sjølv for austetter med kongen. Året etter blei han på ny nemnt som hovding for ein flokk, og det blir nemnt at han let byggje eit skip på 32 rom. Etter dette blei han sett til å vakte borga i Bergen saman med ein Dagfinn systemann,

²⁰⁴ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 159.

²⁰⁵ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 23, 175 og 230.

²⁰⁶ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 321.

²⁰⁷ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 21 og 34.

²⁰⁸ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 253.

²⁰⁹ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 124, 129, 137, 145 og 243.

²¹⁰ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 21.

medan ho vart bygd opp att. Han blir og nemnt fleire gonger før me får opplyst om at han døyr på ei utanlandsferd til Jorsal.²¹¹

Me ser her at Peter Støype hadde fleire roller. Han var hovding for birkebeinane, gjestehovding, sveithovding, fostra ein konge, var med å velja ein ny konge, var systemann og vakta ei borg. Det er ikkje tvil om at Peter hadde ein høg status i samfunnet, kanskje den gjestehovdingen som har hatt den høgste statusen. Under kong Sverre får me kjennskap til at Peter er gjestehovding. Han blir aldri omtala som hirdmann, men som hovding for birkebeinane. Etter kong Sverre sin død kan det sjå ut som om han fekk ei heving i statusen sin. Om han framleis var gjestehovding får me ingen kjennskap til. Men det verkar som om han fekk ein høgare og friare posisjon.

Den siste gjestehovdingen me får kjennskap til i 1217 er ein Eiliv som og var kapellan. Det vil seie at han var prest ved ei kyrkje som ikkje hadde rang som ei hovud- eller fylkeskyrkje. Det blir og brukt kapellan i samband med dei kongelege kapella under Håkon Håkonsson.²¹² Det står at Eiliv styrer gjesteskipet, noko som gjer at eg reknar han som ein hovding.²¹³ Det står ingen ting om han var gjest eller hirdmann. Me får høyre om han ein gong til i *Regesta Norvegica* der Arne, biskop av Bergen, skifta jord med Peter unge, mågen til Brynjulv i Aga. Vitnene til dette var Askjell, biskop i Stavanger, Viljalm abbed, Martin kongsfrende, Eiliv kapellan, kanniken Tord, Svein årmann og fleire.²¹⁴ Det er verdt å merkja at vitna mest truleg er nemnde etter kva status dei hadde, så her kan me seie at Eiliv truleg hadde høgare status enn både ein kannik og ein årmann.

Eg har no teke føre meg dei gjestehovdingane me kjenner, og ingen av dei er nemnde som hirdmenn, noko som Munch meinte dei var. Me finn tvert imot at ein av dei vart nemnt spesifikt som gjest. Me kan sjølv sagt då argumentere med at dette var noko utan om det vanlege, at ein gjest var hovding, og at dette var grunnen til at det vart kommentert i saga om Sverre. Men eg meiner at det ikkje er tilfelle. Dette meiner eg fordi me får ganske god kjennskap til nokon av desse hovdingane, og det blir ikkje nemnt at dei var hirdmenn. Det at nokre dei blir nemnde som er hovdingar for birkebeinarane, gjer at dei etter mi meining kunne vere gjestehovdingar utan å vere hirdmenn. Ein anna ting me kan sjå ut frå det som er skriva om gjestehovdingane, er at dei kan ha hatt ein høg status både i samfunnet og i hirda. Eg vil i det neste avsnittet sjå nærare på dette spørsmålet.

²¹¹ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 277, 278, 280, 282, 284, 286, 291, 296, 310, 314, 322-327, 333, 337 og 338.

²¹² Molland, Einar, "Prästämöte", *KLNM* XIII sp. 577.

²¹³ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 42.

²¹⁴ RN I, nr. 906.

Gjestene sin status i samfunnet og i hirden

Munch skriv i ein fotnote i *Det norske folks historie* at grunnen til at det var gjestene som vart kommanderte til å ta livet av folk eller fange dei, ofte med list, var at dette var under vørnaden til riddarar og hirdmenn.²¹⁵ Det Munch truleg meiner er at riddarar og hirdmann var for "fine" til å ta seg av slike skitne oppgåver, at det var under rangen deira, mens gjestene passa til å gjere det. Les me i Hirdskråa står det ingenting om kvifor det var gjestene som kunne bli sette til å avlive eller ta til fange nokon, berre at dei kunne bli sette til det. Dette gjer at me ikkje kan vite kvifor det var gjestene som skulle gjere dette. Det at det var under vørnaden til riddarar og hirdmenn kan stemme, men ein hadde nok og dei tilfella der den som skulle bli fanga eller drepen hadde ein høg status, kanskje høgare enn hirdmann. Noko som gjer at oppdraget fekk ein høgare status. Dermed vil eg hevde at Munch si forklaring berre delvis kan vera rett.

Dei historikarane som eg nemnte i innleiinga til dette kapittelet er alle einige om at dei vanlege gjestene stod under hirdmenn i rang og status. Men det at gjestene var medlemmer av hirda var noko som mest truleg gav dei ein høg status i samfunnet. I *Diplomatarium Norvegicum* finn me fleire eksempel på kva status gjestene hadde i samfunnet, gjennom kven dei vitna saman med. I eit vitnebrev frå 1320 så ser me at ein Trond gjest er ramsa opp som vitne saman med prestar og andre gode menn.²¹⁶ Eit anna dokument viser at ein Thorvid Lagmann i Tønsberg, Jon gjest og fem andre menn kunngjer eit forlik mellom to partar i Tønsberg.²¹⁷ Det tredje diplommet viser at Elling, prest på Evanger og Torstein gjest vitna i ei bygselsak i 1332.²¹⁸ Dette viser at som dei som vart brukte som vitne truleg var menn dei kunne stole på ordet til, noko som gjorde dei respekterte.

Desse eksempla er frå tidleg på 1300-talet. I saga om Håkon Håkonsson blir det fortalt at då kongen herjar i Värmland, og hæren hans var hissige på å brenne dei bygdene som var der, var det ein gard som ikkje skulle brennast fordi ei gammal kone hadde bede kongen om ikkje å gjere det. Kongen kalla til seg ein gjest som heitte Jon Umage og tre andre. Han ba dei vere der til hæren hadde passert, slik at garden ikkje vart brent.²¹⁹ Dette viser kva status gjestene hadde gjennom at desse fire mennene hadde myndigheita til å stoppe framrykkande hærmenn i si brenning av eit område. Grunnen til at dei klarte dette har truleg vore at dei

²¹⁵ Munch. 1858: 612. Fjerde del, første bind.

²¹⁶ DN I, nr. 160.

²¹⁷ DN III, nr. 141.

²¹⁸ DN XXI, nr. 47.

²¹⁹ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 111.

hadde erfaringa med å stå vakt, samtidig som dei hadde ein overordna posisjon i forhold til hærmenn som ikkje var medlem av hirda. Dei hadde ein høgare status enn dei vanlege hærmennene. Desse eksempla frå *Diplomatarium Norvegicum* og saga om Håkon Håkonsson, saman med at mange av dei truleg eigde ein eller fleire gardar, gjer at gjestene mest sannsynleg hadde ein middels til høg status i samfunnet. Ser me i *Kongsspegelen* så står det der at alle som ville kunne tene kongen, og at denne tenesta kunne gi auka status i samfunnet, men dette skjedde ikkje med alle. Det står der at: ”Difor freistar mange på å fare til kongen; for dei ventar alle at dei derav skal få ære og eit godt embete og stige i heider”.²²⁰ Som me ser av dette så er det truleg at teneste i hirda auka statusen i samfunnet også som gjest.

I saga om Sverre finn eg eit eksempel som ikkje er så rosande om gjestene. Etter eit slag utanfor Nordnes i 1181 jagar birkebeinane Orm kongsbror. Måten han kom seg unna på var at han spretta ein diger pengepung og let sølvet renne ut. Gjestene som var nærast tok til å samla opp dette sølvet og Orm kom seg unna.²²¹ Dette kan tolkast som om gjestene var fattige eller griske folk og oppførte seg utan ære. Men det var tidleg i Sverre si styringstid, nærare bestemt i 1181, og det var kort tid etter at Sverre starta kampen om kongedømet med 70 fattige menn i si teneste i 1177.²²² Det kan og berre vere ei lettvent forklaring på korleis Orm kom seg vekk etter slaget ved Nordnes. Kor mykje vekt me skal leggje på dette er usikkert, men det er det einaste eksempelet av sitt slag som eg har funne. Men det kan vise at gjeste korporasjonen var open for fleire grupper enn dei som er nemnde.

Eg har no vist kva status gjesten hadde i samfunnet, men kva status hadde dei innan hirda? I *Hirdskråa* så står det der at: ”gjestene er nest etter hirdmennene i heder, navnebøter og all annen personlig rett.”²²³ Dette viser at etter *Hirdskråa* hadde og dei vanlege gjestene ein høg status innan hirda, dei var etter hirdmennene, men føre kjertesveinane. Helle skriv som nemnt at gjestene var den lågast rangerte gruppa i hirden, noko som går direkte imot det som står i *Hirdskråa*.²²⁴ Det Helle her meiner må vere at gjestene var den samfunnsmessige lågaste sosialt rangerte klassen i hirda etter at kjertesveinklassa vart oppretta og huskarklassen vart avvikla frå hirda. Dette fordi kjertesveinane i følgje *Hirdskråa* skulle komme frå gode ætter,²²⁵ noko som truleg gjorde at nokon gjester, som ikkje kom frå gode ætter, kjende seg underlegne dei. For kjertesveinane kom truleg til å ende opp som deira overordna, som hirdmenn. I og med at det står så tydeleg i *Hirdskråa*, viser det at dette kanskje hadde vore eit problem som ein

²²⁰ *Kongsspegelen*. 1963: 75.

²²¹ *Noregs kongesoger*. 1979: 92.

²²² *Noregs kongesoge*. Bind 3. 1979:32.

²²³ *Hirdskråa*. 2000: 155.

²²⁴ Helle. 1972: 80.

no skulle prøve å unngå. Dette er kanskje ein av grunnane til at det står så klart og tydeleg at gjestene var etter hirdmennene i heider, namnebøter og personleg rett. Hirdskråa slår og fast at: ”All den respekt som tilkommer hirdmennene i hirden, skal gjestene holde og ha, den som deres feller har krav på og som høver seg for dem”.²²⁶ Dette er i rimeleg klare ord at gjestene skulle ha den samme respekten som hirdmennene, noko som vil seie at dei hadde ein høg status.

Det er to gonger nemnt i sogene at gjester vart straffa. Den eine gongen er i saga om Sverre, der gjestene til kong Magnus gjekk til åtak på hirdmennene fordi hirdmennene fekk mjød mens gjestene berre fekk øl. Her vart gjestene straffa på den måten at nokon fekk hogge foten av, somme handa og nokon vart drepane.²²⁷ I saga om Håkon Håkonsson blir det og vist til at ein gjest blei straffa. Det var da kong Håkon var i Vika på jakt etter nokre ribbungar. ”Birkebeinane for heller ufredsamt fram, og kongen fekk noko klander for det at han refsa lite. Han let da drepe ein gjest, den som hadde vore mest ufredsam. Etter dette var det ingen som spurte at det vart gjort noko valdsverk”.²²⁸ Dette kan tolkast på fleire måtar når me skal sjå på statusen til gjestene. Ei tolking er at gjestene hadde ein låg status og ætt at det ikkje gjorde noko om kong Håkon brukte ein gjest til å statuere eit eksempel. Ei anna tolking kan vere at kong Håkon for å statuere eit eksempel tok ein gjest fordi han var så høgt rangert at det viste at kven som helst kunne bli straffa, og straffa hardt, for å gjere valdsverk. Om han hadde straffa ein vanleg leidangsmann ville det ikkje ha fått samme verknad. Men den mest trulege tolkinga er at denne gjesten faktisk hadde vore litt for ivrig i herjingane, og at det var av den grunn at han vart straffa. Og om det hadde vore ein hirdmann hadde han vorte straffa på samme måte. Eit eksempel som støttar dette er og frå saga om Håkon Håkonsson. Her får me høyre at Jon jarl, jarlen på Orknøyane, vart drepen. På eit hirdstemne ei tid seinar vart dei skuldige arresterte, desse var skutelsveinen Hånev og bror hans Kolbein, Snæknoll, sønene til Rolv Kjetling, Sumarlide og Andres. Hirdmannen Olve Ilt-eitt, Torkjell Svarte, Ravn og to andre vart halshogne. Det hadde og vore med ein gjest som heitte Bjørn, men då han hadde vore på veg til dette hirdstemnet hadde han gått forbi Mariakyrkja der messa skulle starte, der han gjekk inn. På denne måten berga han livet.²²⁹ Grunnen til at eg har teke med dette er at det viser at også hirdmenn kunne bli straffa med døden om dei hadde gjort ugjerningar, sjølv om

²²⁵ Hirdskråa. 2000: 167.

²²⁶ Hirdskråa. 2000: 161.

²²⁷ Sverris saga. 1920. Etter AM 327 4o. Ved Gustav Indrebø. s. 72. Grunnen til at eg har henvist til denne teksten på norrønt er at i dei oversettingane som eg har sett, så står det at det var dei handgjengne mennene som fekk mjød, mens gjestene fekk øl. Etter det eg har sjekka i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder så var gjestene og handgjengne menn noko som gjer at det ikkje blir heilt rett i oversettinga.

²²⁸ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 135.

me ser at skutelsveinen og andre ikkje fekk den samme straffa. Bjørn hadde og truleg vorte halshogd saman med dei andre. I mellomalderen var det å verta halshogd ikkje sett på som ein ærelaus måte å bli avretta på, dette hengte kanskje saman med at den avspegla ein kampsituasjon, at den dømte vart avretta med ein krigar sine våpen. I motsetning til halshogging vart henging sett på som ein avretting for dei utan ære og vart brukt på tjuvar.²³⁰ Dette gjer at gjesten i Vika truleg vart drepen for å gjere tjuveri eller noko liknande, mens dei som hadde vore med på å drepe Jon jarl ikkje vart sett ned på, og det inkluderte også gjesten Bjørn.

Kongsspegelen gir det inntrykket av at gjestene ikkje hadde den høgaste statusen innan hirda. Dette kjem fram fleire gonger i det korte avsnittet som omhandlar gjestene. Det første er at gjestene var lønte tenarar hjå kongen og fekk det halve av det hirdmennene fekk i løn. Det andre er at det står at om kongen sendte gjestene til uvenene sine og desse vart drepne, så kunne gjestene for bryet sitt ta så mykje så mykje gods dei kunne føre med seg. Gullet og det som vart att tilhøyrd kongen. Det siste er at gjestene ikkje skulle setje seg til bords og ete og drikke i huset der kongen og hirda hans sat, med unntak av til jul og påske, då skal dei ete og drikke saman med hirda hans, men ikkje imellom desse.²³¹

Det at gjesten ikkje skulle ete og drikke i det samme huset som kongen er noko me finn støtte for i saga om Sverre då gjestene til kong Magnus Erlingsson gjekk til åtak på huset der kongen og hirdmennene sat.²³² Dette var kanskje ein regel som vart tvungen fram fordi at hirda voks. Men Kongsspegelen seier at gjestene ikkje skulle ete med kongen og *hirda* hans, og når dei gjorde det, då skal dei ikkje blande seg med *hirda*. Me kan her få det inntrykket at gjestene ikkje tilhøyrd hirda. Dette er noko som me ikkje finn støtte til i nokon av dei andre kjeldene. I Kongsspegelen står det også: ”Det er òg andre huskarar innan hirda hjå kongen som har eit tilnamn attåt huskars- namnet, med di dei òg heiter gjester”.²³³ Det verkar som om forfattern av Kongsspegelen har ein negativ tone til gjestene. Eit anna eksempel på dette er at det står at gjesten, for bryet sitt, kunne ta med seg så mykje av godset til den drepne som dei kunne bære. Dette er heller ikkje ei positiv framstilling av gjestene, og det gjer at me får det inntrykket at mykje av grunne til at gjesten utførte oppdraget var at dei kunne plyndre godset til den drepne. At gjesten hadde ein slik motivasjon finn ein ikkje støtte til i nokon av dei andre kjeldene. Me finn tvert imot i Hirdskråa at gjestene skulle kallast tjuv om dei gjorde

²²⁹ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 152-156.

²³⁰ Meyer, Poul. ”Dødsstraf”, *KLNM* III, sp. 456-457.

²³¹ Kongsspegelen. 1963: 76.

²³² Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 104.

²³³ Kongsspegelen. 1963: 75.

dette.²³⁴ Det tredje me merkar den negative tonen på, var at gjestene vart kalla løna tenarar i kongen si teneste. Det verkar i Kongsspegelen som om huskarane vart høgare æra enn gjestene, sjølv om huskarane skulle gjera ferder og det arbeidet som skulle gjerast i kongsgarden. Og dette gjorde dei utan løn.²³⁵ Dette er eit inntrykk som etter mi meining berre Kongsspegelen gir, i dei andre kjeldene er dette ikkje noko tema. Gjestene står der over huskarane i rang. Dei blir heller ikkje kalla tenarar i nokon av dei andre kjeldene.

Kvifor får me eit meir negativt inntrykk av gjestene når me les Kongsspegelen? Det kan vere fleire svar på dette. Me kan byrje å spekulere i om forfattaren av Kongsspegelen hadde noko personleg imot gjestene, at dei hadde gjort han eller nokon i ætta hans urett. Ei meir konstruktiv forklaring kan vere at gjesten fekk ei heving i status etter at Kongsspegelen vart skriven og fram til Hirdskråa vart skriven. Dette kan me tolke ut ifrå at i Kongsspegelen står det at alle som var medlem av hirda vart kalla huskarar.²³⁶ I Hirdskråa blir ikkje ordet "huskar" brukt på noko medlem av hirden. Der får me inn fellesnamnet "hirdmenn" på alle medlemene av hirda, dette var det samme namnet som var på den høgaste hirdklassen i hirda. Det einaste som blir referert til om huskarar i Hirdskråa er: "I gamle dager var det skikk at alle kongens håndgangne menn eller sverdtakere ble kalt huskarer".²³⁷ Dette passar med det Hans Jacob Orning hevdar. Ut ifrå Kongsspegelen kan det sjå ut til at huskarnamnet skulle gje fellesskap mellom høg og låg rangklasse innan hirden. Det var da Hirdskråa kom at ein gjekk vekk ifrå dette fellesnamnet og let dei lågare rangerte huskarane skiljast ut ifrå dei høgare rangerte, der dei siste ikkje lenger blei koplå med negative assosiasjonar.²³⁸ Dette må ha vore ei utvikling som gjesten og må ha vore med på.

Ei forklaring på kvifor huskarnamnet blei vekke frå hirda kan vere at det ikkje lenger var bruk for huskarane. Dette fordi at mot midten av 1200-talet fekk ein ein nokolunde stabil roleg periode som gjorde at ein kunne vidareutvikle eit statsapparat. Etter hertug Skules død i 1240 fekk ein ein roleg periode innanriks, med ein sterk konge som hadde klare arvingar. Dermed fekk kongen høve til å gjere endringar. Desse endringane innebar at huskarane ikkje lenger var nødvendige, fordi dei tenestene dei utførte vart overtekne av andre, eller fordi dei ikkje lenger var naudsynte. Ein fekk kanskje andre til å gjera arbeid i kongsgardane og til å gjere kjøpferder. Huskarane hadde ein funksjon som krigarar, kanskje den store hærreformene som kom i 1273 gjorde at det ikkje lenger var behov for desse krigarane, eller at deira

²³⁴ Hirdskråa. 2000: 159.

²³⁵ Kongsspegelen. 1963: 74-75.

²³⁶ Kongsspegelen. 1963: 74.

²³⁷ Hirdskråa. 2000: 109.

²³⁸ Orning. 2004.

funksjon vart overtekne av andre. Denne hærreforma og ein revisjon av leidangslovgjevinga i den nye landslova var to viktige element for moderniseringa av den norske militærordninga i 1270-åra.²³⁹

Det at huskarnanmet gjekk ut av bruk innan hirda gjorde at det vart meir eksklusivt å bli medlem. Og under Håkon 5. vart dette forsterka. I ein skipan frå 1308 så står det: "Det påbyr vi også systemennene våre ifølge deres ed, at dere svært omhyggelig undersøker hvem som er best skikket til å være i hirden i deres sysler. Og om noen vil be oss om det, da skal han ha med seg et brev hjemmefra under seglene til systemannen, sognepresten og to forstandige hirdmenn, som bærer vitnemål for ham om hans eiendommer i fast og løst, om hans dyktighet og framferd mot våre menn og tegner. Men enhver som ikke har dette vitnesbyrd, da nytter det ham intet".²⁴⁰ Dette kan vise to ting, enten at det vart vanskelegare å bli medlem fordi det var for mange som ville bli hirdmenn, eller det var eit uttrykk for at kvaliteten på hirdmennene var dårlegare, og dette var ein måte å sikre kvaliteten på. Det at gjestene i motsetning til huskarane framleis eksistere også etter 1308, viser at det framleis var behov for dei. Og at fordi det vart vanskelegare å bli medlem i hirda skulle det tilseia at statusen til gjestene vart heva.

Kva lojalitet hadde gjestene?

Det blir skriva i ei lærebok i norsk historie at me gjennom kjeldene kan sjå at gjestene var spesielt hardbarka menn med ein sterk lojalitet til kongen. Dette kom seg av at dei gjennomgåande var av lågare byrd enn dei eigentlege hirdmennene, og av den grunn meir avhengig av kongen si støtte for å halde posisjonen sin. Derfor blei dei brukte til farlege oppdrag, og dei gjorde kongen si sak mot andre hovdingar til si eiga.²⁴¹ Som me ser av det eg har skriva tidlegare finn me fleire eksempel på at gjester eigde egne gardar, ein eller fleire, at dei fekk og selde eigendom og at hovdingane deira vart akta. Dette viser at dei hadde ein viss posisjon i samfunnet. Eg seier ikkje at det å vere gjest ikkje auka statusen deira, men ikkje i den grad som me kan få inntrykk av i denne læreboka. Det må det vere fleire og andre grunnar til at gjesten gjorde desse ofte farlege oppdraga, i tillegg til statusen dei fekk som del av hirda til kongen.

²³⁹ Ersland. 2000: 86.

²⁴⁰ Norske middelalderdokumenter, nr. 53.

²⁴¹ Norsk historie, I, 750-1537. 1999: 181.

I Kongsspegelen står det at løna til gjestene var det halve av det hirdmennene fekk. Det står og at dei som eit tillegg til denne løna kunne ta dei drepne sitt gods.²⁴² Dette kan vere ein del av ein tidleg ikkje heilt lovleg praksis skal me tolke måten Hirdskråa tek avstand frå det på. Der står det at dei som tek det som ikkje skulle takast skulle bli kalla tjuv.²⁴³ Ei anna inntekt for gjestene var når det var deling av hærfang. Det var regler for korleis dette skulle foregå, og eg reknar med at gjestene og fekk sin del. I Hirdskråa står det at: ”De tolv mennene kongen oppnevner til å foreta skiftet, skal gjøre det på den måten som her følger: Så snart alt er kommet, skal hærfanget først deles i halvdeler, og så i firedeler. Siden skal de tolv mennene dele hver firdel av hærfanget i halvdeler. Mens skipsførerne og hirdtjoren, de som kongen oppnevner, skal ordne hele krigerflokket først i halvdeler og siden i firedeler. Så skal det legges lodd av hvert firdel i skaut. Den skal først trekke lodd som først kommer opp, og dernest etter loddtrekking. Men siden skal alle delene skiftes etter mannemengden.²⁴⁴ Ei anna kjelde som viser noko om lønna til hirda er ei rettarbot innført etter Hirdskråa, står det at kong Magnus gav alle dei handgangne mennene seks øre i løn slik at dei skulle få meir skikkeleg utbetalt etter at tiende var betalt.²⁴⁵ Det me kan merke oss her er at det ikkje var noko forskjell på gruppene i hirda. I eit anna dokument står det at gjestene skulle bli utbetalt løna si til jul.²⁴⁶

Men gjestene fekk meir enn løn for kongsteneste. Det fekk og skattefridom for seg sjølv og ein person til frå husstanden sin.²⁴⁷ I ein skipan frå 1311 blir det klaga på at kongens og biskopen sine menn teke seg stor fridom i å betale skatt til leidangen frå sine eigedommar. Noko som det no skulle bli slutt på. Gjестene kunne trekke frå to nev av setegardane sine, men resten av eigedommane deira skulle dei gjere leidang for.²⁴⁸ Me ser ut frå desse dokumenta at det å vere kongen sin mann gav skattemessige fordelar. Desse skattefritaka som dei norske kongsmennene hadde var reint symbolske, når me ser på kva den svenske og danske adelen oppnådde av omfattande immunitetsprivilegier på 1200-talet.²⁴⁹ Men no var ikkje gjestene av dei høgaste sosiale laga av samfunnet og skattefridommen hadde kanskje meir å seie for dei. På den andre sida var skattefridom eit privileg som ofte blir forbunde med aristokratisk status.

Det å vere kongen sin mann gav og ei viss trygging, dette fordi at eit drap på kongen sin mann, vart straffa med rimeleg store bøter i følgje Kongsspegelen.²⁵⁰ Eg vil og tru at ein

²⁴² Kongsspegelen. 1963: 76.

²⁴³ Hirdskråa. 2000: 159.

²⁴⁴ Hirdskråa. 2000: 143.

²⁴⁵ Hirdskråa. 2000: 171.

²⁴⁶ Norske middelalderdokumenter, nr. 53.

²⁴⁷ Norske middelalderdokumenter, nr. 29.

²⁴⁸ Norske middelalderdokumenter, nr. 56.

²⁴⁹ Hirdskråa. 2000: 38.

²⁵⁰ Kongsspegelen. 1963: 75.

hadde ei stor korpsånd eller fellesskapskjensle, dette seier eg med bakgrunn av dei kampane som var mellom hirdgruppene.²⁵¹ Det viser ei korpsånd for sitt eige korps, som eg vil tru gav utslag i at om nokon drap ein gjest, måtte ein passe seg for resten av dei. Ein anna fordel var at medlemmene av hirda berre kunne bli dømde av sine likemenn.²⁵² Dette gjorde at dei truleg var sikra ei mildare behandling. Dessutan hadde gjestene som medlem av hirda sikring om ein vart skada eller blei fattig på sine eldre dagar. Me finn fleire dokument som tek opp at det var hospital for skada og fattige gamle hirdmenn.²⁵³ Ein fekk og respekt og ære ved å vere gjest, dette ser ein i Hirdskråa der det står at gjestene skulle ha den samme respekten som tilkom hirdmennene.²⁵⁴ Og i Kongsspegelen står det at huskar var eit stort ærenamn for dei som fekk det.²⁵⁵

I Hirdskråa så står det at dersom dei mennene som var sette til vakthald var ei blanding av gjester og menn som ikkje var handgangne, då skulle det ordnast slik at det alltid var eit fleirtal av gjester på vakta. Dette fordi dei skulda kongen størst truskap og kunne mest om vaktteneste.²⁵⁶ Som me ser her så står det at gjestene hadde større truskap enn dei mennene som ikkje var handgangne, men det står ikkje at dei hadde større truskap enn dei andre som var medlem av hirda. I Sverre saga er eit eksempel på at ein gjest viste lojalitet til kong Magnus. Dette var etter at kong Magnus var drepen, og kong Sverre sende fram folk for å sjå liket slik at det ikkje skulle vere tvil om at han var død. Då står det at mange gret. Og ein av gjestene til kong Magnus gjekk og kyssa liket og anka seg høgt. Då skulle kong Sverre ha sagt: ”Seint kan ein tru slike.”²⁵⁷ Dette er det einast eksempelet eg har funnet som viser at gjest hadde stor lojalitet for kongen sin.

Konklusjon

Det eg skulle sjå på i dette kapittelet var kva status gjestene hadde. Dette gjorde eg gjennom å sjå på kva historikarar har skrive om dette emnet, for så å sjå kva av dette som me kunne finne kjelder på og eventuelt ikkje. Det første eg tok opp var kva lag av samfunnet gjestene kom frå. Eg kom fram til at me kunne knyte fleire gjester opp til å vere jordeigarar, der dei eigde sine

²⁵¹ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 104, 154-155. Bind 4. 1979: 42-43, 100.

²⁵² Hirdskråa. 2000: 147.

²⁵³ Hirdskråa. 2000: 97. Norske middelalderdokumenter, nr. 53.

²⁵⁴ Hirdskråa. 2000. 161.

²⁵⁵ Kongsspegelen. 1963: 78.

²⁵⁶ Hirdskråa. 2000: 163.

²⁵⁷ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 146.

eigne gardar, og ut ifrå skipan i Tønsberg frå 1277 hadde eigne sveinar. Gjestene var slik sett ikkje leiglendingar, men truleg vart rekrutterte frå eit lag av jordeigarar.

Eg er einig med Munch når han skreiv at gjestene sjeldan vart hirdmenn. Munch meinte og at gjestene sine hovdingar var hirdmenn. Dette er eg ueinig med han i, i og med at me ikkje finn at nokon av gjestehovdingane vart kalla hirdmenn, derimot var det ein som vart kalla gjest. Men det skal seiast at det var lite truleg at ein mann som Peter Støype nokon gong var ein vanleg gjest. Noko som gjer at me kan seie at hovdingen for gjestene var den som var skikka til det. Munch hevda vidare at det var under riddarar og hirdmenn sin vørndnad å avlive folk. Dette er noko eg ikkje fant noko om i kjeldene, så det er vanskeleg å seie noko om.

Så kom eg inn på kva status gjesten hadde i samfunnet og fant her at dei hadde ein ganske høg status, dette truleg med bakgrunn i at dei var kongen sine menn. Når eg kom til kva status gjestene hadde innan hirda så kom eg fram til at dei truleg hadde vore mindre akta der før Hirdskråa kom. Dette på det grunnlaget av dei fleire presiseringane som var der om at dei var berre etter hirdmennene i heider, namnebøter og personleg ære, og at dei skulle ha den same respekten som hirdmennene. Dette meiner eg heng saman med at kjertesveinane, som skulle stå under gjestene, kom frå betre ætter. Eg kom og fram til at ein fekk ei auking i statusen til gjestene ut på 1300-talet ut i frå at det vart vanskelegare å verte medlem av hirda.

Det siste eg tok opp er kvifor gjestene gjorde dei farlege oppdraga. Dette fordi eg meiner at auken av status ikkje forklarar det heile. Tenesta har etter mi meining vore attraktiv som ein kombinasjon av auke i status, visse økonomiske fordelar, ei viss sikring av livsgrunnlaget ved sjukdom og alderdom. Ein gjest nytte også større respekt og ære enn folk flest, ved å vere kongen sin mann. Desse ytingane som gjestene fekk, fekk truleg alle hirdmennene i større eller mindre grad, og eg ser ingen grunn til att gjestene skulle ha dei mykje større lojalitet til kongen av den grunn. Dei hadde kanskje litt større lojalitet enn hirdmennene, fordi dei truleg var av ei lågare byrd. Sidan dei truleg eigde si eiga jord, så var dei ikkje avhengig av kongen for å overleve.

Om me spør etter kor stor rolle gjestene hadde i utviklinga av det norske samfunnet i middelalderen vil eg hevda at statusen deira viser at det var behov for deira tenester og at denne statusen auka. Nemninga gjest finn vi alt i sogene frå 1100-talet, og ho blir ikkje borte ved slutten av 1200-talet, då mange av dei gamle norrøne nemningane på kongens menn var i omforming eller blei borte, til dømes huskarnamnet. Funksjonen til gjestene var nødvendige og viktige opp på 1300-talet.

6. Gjester i kyrkjyas teneste – Eiliv kapellan og Eirik gjest

Når eg har gått igjennom kjeldene så har eg funne to gjester som har hatt sterke band til kyrkja, Eiliv kapellan og Eirik gjest. Grunnen til at desse hadde band til kyrkja er at Eiliv vart kalla kapellan. Ein kapellan var ein prest ved ei kyrkje som ikkje har rang som ei hovud- eller fylkeskyrkje. Nemninga kappellan vart brukt på dei prestane som var ved dei kongelege kapella under Håkon Håkonsson.²⁵⁸ Eirik gjest blir i fleire dokument i *Diplomatarium Norvegicum* nemnt som prest eller kannik. I dei gammalnorske kjeldene finn me både *kanúkr* og *kanunkr* brukt om medlemmer av eit domkapittel. Men det vanlege gammalnorske ordet for kannik er *kórsbro(d)ir*, fleirtalsforma *kórsbræ(d)r*, eit uttrykk me finn både i soger og diplom.²⁵⁹ Etter at kongemakta sa frå seg å utpeika biskopar, vart det oppretta domkapittel og kannikane eller korsbrødrene utgjorde biskopen sitt råd. Ei av oppgåvene deira var å velje ny biskop når den gamle biskopen døyde.²⁶⁰ I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* skriv Seip at blant prestane som var med under striden mellom biskop Arne av Stavanger og hans kapitel (1294-1303) er det nemnt ein *Ericus* med tilnamnet gjest. Han skriv vidare at han mest truleg var ein gjest, anten hjå kong Eirik Magnusson eller hertug Håkon, bror hans.²⁶¹ Denne gjesten Eirik som var kannik i Stavanger var kanskje identisk med Eirik Ogmundsson som og blir nemnt som kannik i Stavanger på denne tida. Er dette samme person som Eirik gjest, har me så mange som 20 dokument som omhandlar han.

Før eg kjem nærare inn på desse to må eg spørje om det var mogeleg at ein av kyrkja sine menn kunne gjere dei oppgåvene som ein gjest hadde? I *Hirdskråa* står det at: ”Så bør kongen også ha to hirdprester i gården sin, vel ansette menn med godt vett og erfaring, som holder tidebønner for kongen og hører skriftemålene til de håndgangne mennene og andre kongelige tjenestemann, og ellers utfører slike kirkelige tjenester som hører til, og som er kongen underdanige og til hjelp i slikt som de kan gjøre for ham. Særlig passer det vel at den ene står for og ordner med gudstjenesten i det kongelige kapell, mens den andre passer messeklede hans og bøkene. De skal også være kongens mest fortrolige blant prester og lærde menn, og bør helst velges av kongsmennene, og i alle deler være hederlige”.²⁶² Som me

²⁵⁸ Molland, Einar, ”Prästämbe”, *KLNM* XIII, sp. 577.

²⁵⁹ Hamre, Lars. ”Domkapitel”, *KLNM* III, sp. 195.

²⁶⁰ Bugge. 1916: 88.

²⁶¹ Seip, Didrik Arup. ”Gjest”, *KLNM* V, sp. 338.

²⁶² *Hirdskråa*. 2000: 97.

ser her så står det at desse prestane kom frå kongen sine menn, det vil seie at dei kom frå hirda. Dermed kan Eiliv og Eirik vore gjester og hirdprestar.

Det at gjesten kunne bli hirdprestar ser me ut frå Hirdskrå, men gjorde dei likevel teneste med våpen? I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* så står det at den kanoniske rett sette forbod mot at prestar bar våpen eller deltok i krigshandlingar, og dette vart innskjerpa i pavebrev frå 1189, 1198 og 1206.²⁶³ Om det var nødvendig å innskjerpe dette vil det seie at det kanskje ikkje var uvanleg at prestar bar våpen og deltok i krigshandlingar. Eit anna moment er at det ikkje var før eit provensialkonsil i 1351 at ein i Noreg fekk ein uttrykkeleg trussel om ekskommunikasjon som straff for vald mot prestar. Men dette hadde vore gjeldande kyrkjerett.²⁶⁴ Dette vil seie at ein prest kunne bli utsett for vald, noko som truleg gjorde at ein del av dei bar våpen heilt fram til 1351, om ikkje lenger. Desse opplysningane gjer at det ikkje er så vanskeleg å tenkje seg at gjester kunne vere prestar og samstundes kunne gjere nokre av dei tenestene som gjestene hadde.

Om Eiliv kapellan får me i saga om Håkon Håkonsson vite at han styrte gjesteskipet til kongen i 1217. Eiliv og ein anna styrmann, Åslåv, vart usamde om skipsleiet. Gjестene ville trenge Åslåv ut av leiet enda han var komme noko i førevegen. Først brukte dei årar og båtshakar. Sidan tok begge partar til våpen, og det vart hard strid ei stund. Da kongen såg kva som skjedde, sa han til rormannen at dei skulle ro mellom skipa til Eiliv og Åslåv. Då kongeskipet rende mellom skipa og skilde dei, var det allereie mange såra på begge skipa. Kongen kalla alle opp på land og forlikte dei.²⁶⁵ Som me ser stod ikkje Eiliv noko tilbake for å legge til strid, noko som gjer det truleg at han var gjest før han vart kapellan. Me har og eit dokument der Eiliv er nemnt som vitne. Dette dokumentet er eit brev om maktskifte frå Arne, biskop av Bergen, der han skifta jord med Peter unge.²⁶⁶ Som nemnt så var ein kapellan ein prest ved dei kongelege kapella. Sidan Eiliv var vitne til eit brev utferda ved domkapittelet i Bergen, kan det tenkjast at han var kapellan ved det kongelege kapittel Apostelkyrkja, som låg berre eit par hundre meter frå bispegarden. Dei kongelege kapella var kyrkjer som var grunnlagde av kongane frå Håkon Håkonsson si tid, desse kyrkjene hadde paven gjeve kongane patronatsrett til. Dei fleste av desse kyrkjene låg på eller i nærleiken av kongsgardane. I Håkon 5. si tid så hadde ein i alt 14 slike kyrkjer.²⁶⁷ Det at kongane hadde fått patronatsrett til desse kyrkjene gjer at kapellpresteskapet var lausare bundne til bispane enn

²⁶³ Molland, Einar. "Prästämbe", *KLNM* XIII, sp. 577.

²⁶⁴ Molland, Einar. "Prästämbe", *KLNM* XIII, sp. 278.

²⁶⁵ Noregs kongesoger. 1979: 42-43.

²⁶⁶ RN I, nr. 906.

²⁶⁷ Hamre, Lars. "Kapellgeistlighet", *KLNM* VIII, sp. 257.

andre geistlege. Dette gjorde at dei lettare kunne knytast til kongemakta. Kapellpresteskapat utgjorde ein del av hirda, noko som gjorde at dei kom i det samme truskapsforholdet til kongen som dei andre hirdmennene.²⁶⁸ Det eg kan seie ut frå dette er at ved å bli kapellan eller hirdprest kunne ein gjest komme høgare på rangstigen innan hirda, noko som igjen gjorde at dei fekk ein mykje nærare nærkontakt med kongen enn det ein vanleg gjest gjorde. Men det at dei vart geistlege stod ikkje i vegen for å gjere teneste av ein meir valdeleg natur.

Eirik gjest

Den første gongen me får kjennskap Eirik gjest er i eit dokument frå 1298 i Stavanger. Der står det at det var gjort fleire undersøkingar kring fleire personar som hadde utøvd makt mot Stavanger domkapittel, ein av desse var presten Eirik gjest. Han skal etter ordre frå biskop Arne av Stavanger, i følgje fleire vitne frå Mariakyrkja sitt sogn, ha teke både prestetiende og tiende til bygging og vedlikehald av kyrkja, som rettsleg tilhøyrd kapitlet. Han skal og på påskedag ha nekta dei altergang som ikkje betalte til han.²⁶⁹ Det andre diplommet er frå 1299 der det står at presten Eirik Gjест og fleire andre har, trass i forbod og trugsmål om ekskommunikasjonen, plyndra fleire av godsa til domkapitlet og kanniken Ingemund. Dette truleg etter påbod og løyve frå biskop Arne.²⁷⁰ Neste dokument som omhandlar ein gjest som heitte Eirik er truleg frå Voss i år 1300. Der er han vitne eller domsmann i ei odelssak mellom fru Åsa og Torgaut om garden Velken.²⁷¹ Deretter får me høyre om gjesten Eirik i 1305 då han arva boka *suffragia sanctorum* i eit testament etter Ingemund, kannik i Stavanger.²⁷² Her kallar Ingemund Eirik gjest for frenden sin, noko som er ein motsetnad frå dokumentet der Eirik gjest skal ha plyndra godset til Ingmund. Det kan vere fleire forklaringar på denne motsetninga, den eine kan vere at det ikkje er snakk om dei samme personane, eller det som skjedde vart gravlagt på samme måte som både biskop Arne og striden mellom han og hans kapitlet i 1303.²⁷³ Det siste dokumentet som omhandlar Eirik gjest er frå 1309 der Håkon Haldorsson og Eirik gjest, kannik i Stavanger, var to av vitna til semja mellom biskop Kjetil av Stavanger og fru Ingebjørg på Fet om å byggje opp at brystet i Finnøy kyrkje.²⁷⁴ Her kan me setje spørsmålsteikn ved om den Eirik gjest som er nemnt i dokumentet frå 1300, er den

²⁶⁸ Sigurdsson. 1999: 142.

²⁶⁹ DN IV, nr. 23 og RN II, nr. 917.

²⁷⁰ DN IV, nr. 38 og RN II, nr. 970.

²⁷¹ DN XIII, nr. 2.

²⁷² DN II, nr.2.

²⁷³ Brøgger, A. W. 1915. Stavangers historie i middelalderen. s. 102.

²⁷⁴ DN IV, nr. 82.

samme Eirik gjest som er nemnt i dei andre diploma. Dette er fordi det i 1300 dreia seg om forhold på Voss og ikkje i Stavanger, og dessutan at det ikkje verkar som om denne Eirik gjest har nokon tilknytning til kyrkja.

Dei fire andre diploma viser utvilsamt til samme Eirik gjest. Det er fleire grunnar til dette, den første er at han blir i alle fire kalla gjest. For det andre så har han i alle fire tilknytning til kyrkja i Stavanger. Og for det tredje så er det så nært i tid at det er usannsynleg at det skulle vere fleire som heitte Eirik og vart kalla gjest på den samme tida i Stavanger.

Desse fire diploma viser og at Eirik gjest steig i gradene innan kyrkja. Frå å bli kalla prest i diploma frå 1298 og 1299, og der han vart omtala som eit instrument eller våpen for biskop Arne i striden mellom han og hans kapitel. Til å bli omtala som kannik i 1309. Han var truleg og kannik i 1305, dette ut frå at han blir kalla frende av kannik Ingemund. Kvifor Eirik gjest fekk denne forfremminga seier kjeldene ingenting om, men det at han fekk ho gjer at me kan seie at han må ha vore dyktig.

Eirik gjest var som nemnt, kanskje den samme personen som Eirik Ogmundsson. Ser me i *Diplomatarium Norvegicum* så finn me fleire diplom som omhandlar Eirik Ogmundsson kannik i Stavanger. Det første diplomtet me har om han er frå 1311 der Eirik Ogmundsson og Vidar Steinarsson, kannikar i Stavanger, var to av vitna til at biskop Kjetil kjøpte eit månadsmatbol i Lovre av fru Ragna Håkonsdotter.²⁷⁵ I eit anna dokument gir Gunnvor Olavsdotter garden Dalva til domkyrkja i Stavanger mot å få provent i bispegarden. Vitne til dette var: Sira Hugo Viljalmsson, sira Håkon Halldorsson, sira Eirik Ogmundsson, sira Bjørn Toresson, sira Vidar Steinarsson, sira Orm Hallgeirsson og sira Torstein, kannikar i Stavanger, og fleire.²⁷⁶ Det tredje dokumentet me har om han er frå 1315 der Eirik Ogmundsson, kannik i Stavanger, og fleire andre var vitne til ein avtale mellom biskop Kjetil og klerken Salmund Styrmisson. Salmund gav ti månadsmatbol i Nødingen i Holme sogn, mot å få underhald på bispegarden.²⁷⁷ Neste dokument me har om Eirik Ogmundsson er frå 1316, og er eit vitnebrev der kannikane Olav Sigurdsson, Håkon Halldorsson og Eirik Ogmundsson er ombodsmenn for domkapitlet i Stavanger.²⁷⁸ I eit anna vitnebrev frå det samme året får me vite at Håkon Halldorsson, Eirik Ogmundsson og Bjørn Toresson, kannikar i Stavanger, og fleire andre var vitne til at bonden Torlolv Sveinsson vedgjekk å ha selt sira Sverting prest fire månadsmatbol i Asseim for seks kyr per månadsmatbol og fått full

²⁷⁵ DN II, nr. 107.

²⁷⁶ DN II, nr. 115.

²⁷⁷ DN IV, nr. 109.

²⁷⁸ DN IV, nr. 114.

betaling.²⁷⁹ Det neste dokumentet som nemner Eirik Ogmundsson er frå 1320, og er eit fullmaktsbrev frå domkapitlet i Stavanger til medlemene Eirik Ogmundsson og sira Orm Hallgeirsson. Dei skal representere kapitlet i den saka dei hadde med abbed Eirik og hans konvent i Halsnøy om laksefisket i Suldal. Dei hadde fullmakt til å føre saka for alle geistlege eller verdslege domstolar, og likså til å akseptere voldgift eller forlik.²⁸⁰ Frå 1321 har me eit anna vitnebrev frå Eirik Ogmundsson, Vidar Steinarsson, Orm Hallgeirsson, Egil Tordsson, Ingemar Bårdsson og Torald Sæbjørnsson, kannikar i Stavanger, og fleire. Dei var vitne til at Kåre Torkjellsson skøytt jord, til saman 20 månadsmatbol stinne på eitt spann, til Svithunskyrkja i Stavanger til odel og eige.²⁸¹ Dette er det siste dokumentet me har som omhandlar kanniken Eirik Ogmundsson i Stavanger.

Kvifor kan eg seie at kanniken Eirik gjest er den samme som kanniken Eirik Ogmundsson? Det er fleire grunnar til det. Den første er nærleiken i tid og stad i alle dokumenta. Alle dokumenta som omhandlar Eirik gjest som prest eller kannik er frå Stavanger, det samme er dokumenta som omhandlar kanniken Eirik Ogmundsson. Det er godt samanfall i tid i og med at det siste dokumentet om Eirik gjest er frå 1309, og det første om Eirik Ogmundsson er frå 1311. Eit anna forhold som styrkjer denne påstanden er at i dokumentet frå 1309, der Eirik gjest blir nemnt, og dokumenta frå 1313 og 1316, der Eirik Ogmundsson blir nemnt, blir og ein anna kannik nemnt, Håkon Halldorsson, som var biskop i Stavanger mellom 1318 og 1322. Ein anna kannik som blir nemnt, både i 1311, 1313 og 1321, er Vidar Steinarsson. Det er og fleire kannikar som blir nemnde fleire gonger. Det at det er så mange felles personar styrkjer teorien om at det dreier seg om den same Eirik. Spesielt at Håkon Halldorsson blir nemnt i fleire dokument der nokon har med Eirik gjest å gjere og nokon med Eirik Ogmundsson. Ein anna grunn til at det er truleg at det dreiar seg om samme personen er at det er lite truleg at det er to Eirik som er kannikar i Stavanger på samme tide er liten, fordi det ikkje var så mange kannikar i eit domkapittel. Mellom 1309 og 1322 har eg funnet 14 eller 15 ulike kannikar i Stavanger, med ulike namn.

Kvifor Eirik gjekk over frå å bruke tilnamnet gjest til å bruke Ogmundsson kan det vere fleire forklaringar på. Den eine er at han ikkje lenger var kongen sin gjest. Ein anna forklaring kan vere at Eirik ville fjerne seg frå dei negative handlingane han hadde fått ordre om å gjere under biskop Arne. Eller han ville fjerne seg frå dei assosiasjonane samtida hadde på gjester som ikkje slo positivt ut med tanke på ein karriere innan kyrkja. Dette er etter mi

²⁷⁹ DN IV, nr. 117.

²⁸⁰ DN IV, nr. 143, og RN IV, nr. 19.

²⁸¹ DN IV, nr. 147, og RN IV, nr. 98.

meining gode grunnar til at Eirik gjekk over frå å bruke tilnamnet gjest til å bruke etternamnet Ogmundsson.

Me har også andre dokument frå Stavanger på denne tida som omhandlar ein Eirik. Det første er frå 1298 der det står i eit vitnebrev at sira Eirik og magister Olav, kannikar i Stavanger, bad om at deira medkannik Kjetil måtte få tilgang til biskop Arne sit herberge for å lese opp for biskopen følgeskrivet frå dei tre pavelege oppnemnde domarane. Dette vart han nekta, så Kjetil las opp brevet utanfor herberget, slik at alle kunne høyre det.²⁸² Dette må ha vore ein anna Eirik enn Eirik gjest fordi det er tydleg at han står på domkapittelet si side i striden med biskop Arne. Ei anna sak er at denne Eirik er kannik i 1298, mens Eirik gjest blir nemnt som prest i eit dokument frå 1299. Men kven kan denne Eirik ha vore? I eit dokument frå 1269-70 kan me finne svaret fordi i eit gåvebrev frå biskop Torgils av Stavanger blir ein kannik med namnet Eirik nemnd; Eirik Unge Bårdsson.²⁸³ Kanniken Eirik som var i dokumentet frå 1298 er truleg Eirik Unge Bårdsson. Dette gjer at det var to som heitte Eirik i denne striden, noko som motseier det eg tidlegare har nemnt. Men eg meiner framleis at Eirik gjest er den samme som Eirik Ogmundsson fordi me får høyre om kanniken Eirik gjest i 1309, men det er ikkje sikkert.

Eit anna dokument me har som omhandlar ein Eirik er frå 1308 og er ei kunngjering frå presten Torstein som testamenterte for sin bror Jon sin sjel ein gard i Viker. Her blir sira Eirik nemnt som offisielle, noko som ville seie at han var biskopen sin juridiske avløyser.²⁸⁴ Dette var truleg den samme personen som Eirik gjest, noko som blir støtta av Brøgger som skreiv *Stavangers historie i middelalderen*.²⁸⁵ Det er også truleg at det er Eirik gjest som er nemnt i 1311 der sira Eirik rådmann motek ei avskrift av eit makeskiftebrev.²⁸⁶ Frå 1316 har me eit dokument som heilt sikkert omhandlar Eirik gjest eller Ogmundsson, sjølv om dokumentet berre nemner sira Eirik, og det gjeld dokumenter der sira Eirik av Stavanger skulle reise som domkapittelet sin representant til abbeden i Halsnøy for å lese opp erkebiskop Eiliv sitt brev angående økonomiske krav mot klosteret.²⁸⁷ Dette er ein del av fleire dokument som omhandlar ein strid mellom munkane på Halsnøy og Stavanger domkapittel. Her blir kanniken Eirik Ogmundsson nemnt fleire gonger, og det verkar som om han var ein sentral person i denne striden.²⁸⁸ Og av den grunn er det mest truleg at det også er

²⁸² DN IV, nr. 32, og RN II, nr. 936.

²⁸³ RN II, nr. 89.

²⁸⁴ DN IV, nr. 77.

²⁸⁵ Brøgger. 1915: 117.

²⁸⁶ DN II, nr. 109.

²⁸⁷ DN IV, nr 118.

²⁸⁸ DN IV, nr. 113 og 143.

Eirik Ogmundsson me får høyre om i dokumentet frå 1316. Det siste dokumentet der me høyrer om sira Eirik kannik i Stavanger er frå 1322, etter at biskop Håkon døydde. Der selde Eirik eit skip som biskop Håkon gav kannikane i testamentet sitt.²⁸⁹ Dette dokumentet er truleg frå rett før Eirik Ogmundsson blei biskop i Stavanger i 1322, dette er eit embete han hadde i 20 år, fram til 1342.

Dersom min analyse av forholdet mellom Eirik gjest og Eirik Ogmundsson er rett, at dei var ein og samme, då ser me at ein som i utgangspunktet var kongen sin gjest vart biskop. Dette må seiast å vere ei god karriere, noko som i så fall viser at gjestene kunne komme seg langt fram i samfunnet, sjølv om dette truleg var unntaket ikkje regelen. Det som kan seiast om biskop Eirik si tid som biskop er at han truleg var ein dyktig mann med eit godt namn innan den geistlege verda, noko som hans lange virke vitnar om.²⁹⁰ Brøgger skriv i si historie om Stavanger: ”Eirik gest var frende av kanniken Ingemund og var prest ved Mariakirken i Stavanger. Han blev siden kannik ved domkirken og blev i 1322 biskop i Stavanger. Naar han kunde staa paa biskopens side i striden viser det tilfulde hvor oprevne partiforholdene maa være blit under trykket av den uhyggelige strid”.²⁹¹ Det Brøgger ikkje la vekt på i si framstilling var at Eirik mest truleg hadde vore kong Eirik eller hertug Håkon sin gjest i yngre alder. Han skriv at hertug Håkon i striden mellom biskop Arne og domkapittelet i Stavanger, stod på domkapittelet si side.²⁹² Om dette stemmer så må Eirik gjest ha vore kong Eirik sin gjest, noko som gjer at brødrene kong Eirik og hertug Håkon ikkje var einige kven som hadde rett i denne striden.

Men nett for å komme attende til dei dokumenta me har, så har me tre dokument til som nemner ein Eirik Ogmundsson, to av desse er frå Lærdal i 1323 og eit frå Hedmark i 1348.²⁹³ Det frå 1348 kan me avskrive på grunnlag av at biskop Eirik då var død. I dei to provbrevna frå Lærdal er det truleg heller ikkje snakk om biskop Eirik i og med at han ikkje vart kalla biskop, altså at det er tale om ein anna Eirik Ogmundsson. Ein interessant detalj, men mindre relevant i dette kapittelet, er at dei vart besegla av utstederene, Gudbrand gjest og Eirik Ogmundsson. Eg nemnte i innleiinga at me kunne ha så mange som 20 dokument som omhandla Eirik gjest, men etter å ha gått igjennom dei så har me 16 stykker frå tida før han vart biskop. Etter han vart biskop så har me mange fleire, men desse kjem eg ikkje til å gå nærara inn på fordi det ikkje primært er biskopen eg skal gå inn på her men gjesten Eirik.

²⁸⁹ DN IV, nr. 152.

²⁹⁰ Brøgger. 1915: 118.

²⁹¹ Brøgger. 1915: 84.

²⁹² Brøgger. 1915: 79.

²⁹³ DN XII, nr. 196 og 197, og DN V, nr. 200.

Konklusjon

Dei banda som har vore mellom kyrkja og gjestene er vist gjennom to personar, Eiliv kapellan på Håkon Håkonsson si tid og Eirik gjest på Magnussønene si tid. Mens Eiliv kan koplant til dei norske kongelege kapella og gjennom det kan ha vore medlem av hirda, så kan me hevda at Eirik gjest frigjorde seg frå hirda og kongsteneste, og gjorde ein stor karriere innan kyrkja.

Eg starta dette kapitlet med å sjå om det var mogeleg at gjester kunne bli geistlege. Dette var noko dei i teorien kunne med støtte i Hirdskråa. Eg kom og fram til at gjesten, sjølv om dei var geistlege, kunne bruka våpen. Dette var noko dei i teorien ikkje skulle. Det å vere hirdprest eller kapellan gjorde at dei var meir knytte til kongemakta enn biskopane. Slike gjester kunne komme nærare kongen enn ein vanleg gjest. Dette ser me i Eiliv kapellan sitt tilfelle der han styrte gjesteskipet, noko som gjorde han til ein hovding. Men me ser og at han ikkje var ein from geistleg som vende det andre kinnet til, men var villig til å kjempe mot dei som krenka han.

Den andre gjesten me får kjennskap til i geistleg teneste, Eirik gjest, dukkar første gong opp i 1298 i striden mellom biskop Arne og domkapitlet i Stavanger. Før han kom til Stavanger har Eirik truleg vore gjesten til kong Eirik Magnusson. Og det er truleg der han har fått si første geistlege stilling som hirdprest eller som medlem av eit kongeleg kapell. Korleis han kom til å virke i Stavanger er det meir uklart. Men etter å ha vore med i den bordfasta hirden i nokre år, har han kanskje trekt seg attende frå det aktive hirdlivet. Ei anna forklaring kan vere at han vart beordra dit av kong Eirik for å støtte biskop Arne i striden mot domkapitlet i Stavanger, som etter det Brøgger skriv vart støtta av hertug Håkon. Me veit at Eirik gjest var i Stavanger i 1298. Og at han i striden var ein av dei personane som stod bak maktbruken, og ved å gjere oppdrag som me forbind med gjestene. Mi tolking er at han etter denne striden vart forfremma til kannik og slutta etterkvart å bruke tilnamnet gjest. Dette gjorde han truleg fordi han ville fjerne seg frå kongemakta for å gjere karriere innan kyrkja. Her lykkast han i stor grad, i og med at han vart biskop.

7. Tilnamna til gjestene

For å undersøkje kva gjesten representerte, kva funksjon dei hadde og korleis samtida såg på dei, kan også tilnamna deira vera til hjelp. Desse tilnamna finn me i sogene. Dei gjestene som me finn noko om i *Diplomatarium Norvegicum* dei blir stort sett berre nemnt med tilnamnet gjest.

Ser me på tilnamnet gjest så ser me at Lind skriv i si bok om norsk- islandske personbinamn at tilnamnet gjest vanlegvis i Noreg og Island har sin forklaring frå tilknytning til den avdelinga innan hirda, som kallast *gestir*.²⁹⁴ I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* står det at ordet *gestr* ofte vart brukt som tilnamn til dei som var kongen sine gjester.²⁹⁵ Fritzner skriv i si ordbok at *gestr* vart brukt som tilnamn eller verdigheitsnamn for gjester.²⁹⁶ Dette gjer at det ikkje er tvil om at når me finn nokon med tilnamnet *gestr* i for eksempel *Diplomatarium Norvegicum*, er det mest truleg ein av kongen sine gjester.

Eg har før i oppgåva nemnt fleire gjester med andre tilnamn, og vil nå sjå nærare på desse for å vurdera om dette seier oss meir om gjestene. Desse er: Tore Lange, Torolv Rympel, Atle Skalme, Peter Støype, Jostein Tomb, Jon Umage og Eiliv Dverg. For å finne ut noko om desse namna kjem eg til å bruke E. H. Lind si bok om *Norsk-Isländska personbinamn frå medeltiden*, og Johan Fritzner si *Ordbog over det gamle norske sprog og Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*.

Tore Lange, Torolv Rympel, Atle Skalme, Peter Støype og Jostein Tomb

Det første tilnamnet som me finn i sogene er Tore Lange eller *Langi*, som me finn i Snorre si *Heimskringla*. Det at Lange var eit tilnamn blir stadfesta i Lind si bok, men problemet er at han ikkje gir nokon forklaring på kva det tyder. Men Lange var eit ganske vanleg tilnamn fordi me kjenner ganske mange med det tilnamnet.²⁹⁷ Slår me opp i Fritzner si ordbok finn me fleire tydingar av det ordet, dei er: Lang av utstrekking i rommet, langvarig, vidløftig, langsam og noko ein lengta etter.²⁹⁸ Det er etter mi meining den første tydinga som er den mest trulege. Dette gjer at det er nærliggjande å tru at Tore lange var ein høg person.

²⁹⁴ Lind, E. H. 1920-21. *Norsk-Isländska personbinamn frå medeltiden*. sp. 108.

²⁹⁵ Seip, Didrik Arup. "Gjest", *KLNM* V, sp. 338.

²⁹⁶ Fritzner. Bind 1. 1954: 590.

²⁹⁷ Lind. 1920-21: sp. 236-237.

²⁹⁸ Fritzner. Bind 2. 1954: 416-417.

Det neste tilnamnet me finn er frå saga om Sverre og er Torolv Rympel eller *Rympill*, og det tyder ”bakdel”.²⁹⁹ Dette kan kanskje vise til at Torolv hadde ein litt stor bakdel, ser me i saga om Sverre så ser me at Torolv hadde ein bror som vart kalla Karl Kjølår.³⁰⁰ Dette viser til at det var eit familietrekk å ha kraftige hofter og lår.

I saga om Sverre finn me og ein gjestehovding som vart kalla Atle Skalme eller *Skálmi*. Lind skriv at dette tilnamnet kunne ha to tydingar, sverd eller skreva, gå med store steg.³⁰¹ I Hallvard Magerøy si omsetting av Sverre saga skriv han i margen at Skalme kjem av sk(o)lm, som var eit slag sverd. Eg meiner at det i dette tilfellet er tilnamnet tenkt som sverd, dette fordi det er rimeleg når det er tale om ein gjest.

Eit anna tilnamn me blir kjent med er Petter Støype eller *Steypir*, som tyder støypar, ei yrkesgruppe.³⁰² Det samme står det i Frizners ordbok, der står det; steypir = steypari og steypari tyder støyper.³⁰³ Ser me i Halvard Magerøy si omsetjing så skriv han i ei note at: ”*Støype*, støypar, eller kan hende eit sverds-namn, ”det fellande”.³⁰⁴ I ei anna omsetjing av Halvdan Khot står det: *Støype*, venteleg eit sverds-namn, ”det fellande”.³⁰⁵ Kva som stemmer her er vanskeleg å seie, me finn ingenting i saga om at han arbeida som støypar, det einaste me finn om han er at far hans vart kalle Svina-Stefan, og at det mest truleg var han som vart kalla Svina-Peter av dei som ikkje likte han.³⁰⁶ Alexander Bugge skriv i sin norske historie at støype tyde støypar.³⁰⁷ Eg meiner det mest trulege opphavet til tilnamnet hans er at det var eit sverds-namn.

Eit anna tilnamn som me finn i saga om Håkon Håkonsson er Jostein Tomb eller *(T)(o)mb*. Lind skriv at dette tilnamnet kan ha to tydingar, den eine er bogestreng og den andre er stor buk eller vom, som i mage.³⁰⁸ I Frizners ordbok står det at *(T)ömb* står for bogestreng.³⁰⁹ Dette gjer at det ikkje er så vanskeleg å fastslå kva dette tilnamnet tyder. Det tyder mest truleg bogestreng, kan hende fordi Jostein var ein flink bogeskyttar. Han kan også ha hatt tilnamnet på grunn av ein stor mage, men dette er etter mi meining mykje mindre sannsynleg. Dette med bakgrunn i gjestene sine krav til kampferdigheitar, og i forhold til det aktive livet som det ser ut til at gjestene hadde.

²⁹⁹ Lind. 1920-21: sp. 299-300.

³⁰⁰ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 80.

³⁰¹ Lind. 1920-21: sp. 314.

³⁰² Lind. 1920-21: sp. 361.

³⁰³ Fritzner. 1954: 543-544.

³⁰⁴ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 23.

³⁰⁵ Sverre-soga. 1962. Den norrøne litteraturen. Band IV. *Kongesoger*. s. 13.

³⁰⁶ Noregs kongesoger. Bind 3. 1979: 23.

³⁰⁷ Bugge. 1916: 120.

³⁰⁸ Lind. 1920-21: sp. 411.

³⁰⁹ Fritzner. Bind 3. 1954: 1067.

Jon Umage

Jon Umage heitte ein annan gjest, eller *Úmagi*. Dette er eit tilnamn som me ikkje finn i Lind si bok. Slår me opp i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* så står det at *Úmagi* blei brukt om ein person som ikkje kunne sørgje for seg sjølv eller ikkje hadde full råderett. Dette enten fordi han var eigedomslaus, og ikkje i stand til å arbeid for livsopphaldet, eller fordi han var ute av stand til å nytte eigedomen sin på ein tenleg måte. Ein person var i *úmagaaldr* før han vart myndig. Kor gamal ein var når ein vart myndig variere. Men i Magnus Lagabøte landslov var ein 20 år når ein vart myndig. Ei anna gruppe *úmagi* var eigedomslause personar som på grunn av høg alder, sjukdom, lekamsskade eller liknande var ute av stand til å arbeide for føda. Personar som var sinnssjuka var *úmagi*. Om ein person vart funnen ute av stand til å råde over eigendommen sin, då kunne han overlata den til nokon andre. Den som tok imot eigendommen, hadde plikt til å forsyte *úmagi*. Det var detaljerte reglar i lovene på kva plikter ein hadde for å forsyte *úmagi*. Forsytingsplikta låg hos slekta, enten *úmagi* hadde eigendom eller ikkje. Den som styrte godset til *úmagi* kunne ta rentene av det. Den næraste slektningen hadde rett til livberging på dette godset. *Úmagi* hadde etter loven mindre både av rettar og ansvar enn andre. Øydelagt han gods, skulle han berre bøte halvt. Han kunne ikkje inngå avtalar. Drap han nokon, skal han førast ut av landet. Dersom han stal noko skulle det gjevast vederlag. Etter Frostatingslova skulle ein gjere leidang for *úmagi* dersom om han ikkje var spedalsk. Den som sendte *úmagi* etter eld, var sjølve ansvarlege for eventuelle skadar. *Úmagi* kunne heller ikkje gå med bodstikke.³¹⁰ I Frizners ordbok står det at *umagi* tyder; person som er udyktig til å hjelpe, underhalde seg sjølv. Særleg om ein person som er udyktig til å hjelpa seg sjølv fram, dette kunne skjje enten av mangel på underhaldningsmidlar (formue, arbeidskraft) eller av mangel på evne på å forvalte sin eigendom på ein tenleg måte for seg sjølv.³¹¹ Hallvard Magerøy skriv i ein note i si omsetting av saga om Hákon Hákonsson at umage tyder fattiglem.³¹²

Ut frå det eg har sitert her så kan det vere fleire forklaringar på kvifor ein kunne bli kalla *úmagi*. Ein kunne bli kalla det fordi ein var eigedomslaus og ikkje kunne arbeide på grunn av høg alder, sjukdom, lekamsskade eller noko liknande. Eller ein kunne vere umyndig. Ein anna grunn var at ein ikkje kunne ta seg av eigendommen sin på ein tenleg måte. Det kunne vere fleire grunnar til dette, ein kunne vere sinnssjuk, tungnem eller noko anna. Det

³¹⁰ Rindal, Magnus. "Úmagi", *KLNM XIX*, sp. 286-287.

³¹¹ Fritzner, Bind 3. 1954: 770.

³¹² Noregs konesoger. Bind 4. 1979: 111.

som synest klart er at det ikkje var noko positivt tilnamn. For å få ei litt betre forståing så kan me sjå på kva me får høyre om Jon i saga om Håkon Håkonsson.

Ein får høyre om Jon i samband med ei hærferd kong Håkon hadde til Värmland i 1225. Då flykta dei som budde der, og hæren brente alt den kom over. Med unntak av ein gard, som ei gammal kone bad kong Håkon om at han ikkje brende garden til dotter hennar. ”Kongen svara at så skulle det vera, og han kalla til seg ein gjest som heitte Jon Umage, og tre andre, og ba dei vere der til dess heile hæren var faren framom, og sa at garden skulle vera i fred fordi denne kona var den einaste av alle vermane som ville be han om miskunn.”³¹³

Ut frå det me får vite om Jon her så kan me ikkje seie at han var ein som ikkje eigde eigendom utan moglegheit til å arbeide. Han kunne vere umyndig, men om han var så ung, er det lite truleg at han hadde fått ansvar for ei slik viktig oppgåve, for det verkar som om kong Håkon skulle vise at han kunne gi miskunn, det var berre å be om det. Då står me att med at han fekk dette tilnamnet fordi han ikkje kunne drive garden sin økonomisk tenleg. Dette må då vere på grunnlag av liten vilje, og ikkje evne, til å drive garden. Det er lite truleg at kongen gav ein sinnssjuk eit slikt oppdrag. Det kan kanskje og vere som Hallvard Magerøy skriv i ein fotnote i saga, at han var ein fattiglem, men ut frå det som står i dei oppslagsverka eg har nemnt så verkar det mindre truleg. Ein anna meir truleg forklaring etter mi meining er at tilnamnet hans var ironisk, eller han hadde fått det som eit skjemt. Så dei forklaringane eg trur er mest truleg er at han enten var for lat til å drive garden sin, eller at det var ironisk.

Eiliv Dverg

Den siste gjesten me får kjennskap til med tilnamn var Eiliv Dverg, eller *Dvergr*. Lind skriv ingen forklaring på dette tilnamnet.³¹⁴ I ordboka til Fritzner står det at *dvergr* tyder: ”Dverg, Levende Væsen af menneskelig Figur i formindsket Maalestok og med menneskelige Evner, som efter Folketroen havde sit Opholdsted i Stene eller Klipper. (...) vel forskjellige fra egentlige Mennesker (mennskir menn) men dog ligesom Alferne, med hvem de dedog synes at være identiske (...), i al Fald tildels antagne for at være afdøde Mennesker, som efter Døden førte en anden Tilværelse (...), hvorunder de jevnligent traadte i Berørelse med Menneskene og viste sig i Besiddelse af fortrinlig Dygtighed til kunstferdigt Arbeide”.³¹⁵ I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* står det meir detaljert om dvergar. Der står

³¹³ Noregs kongesoger. Bind 4. 1979: 111.

³¹⁴ Lind. 1920-21: sp. 67

³¹⁵ Fritzner. Bind 1. 1954: 274-275.

det at i følge Snorre Edda vart dvergane til i kroppen til den døde jotnen Ymir. Dei vart og kalla dei vise i berget fordi dei budde i steinar og under jorda. Og dei kunne vere farlege fiendar for menneske på lik linje med jotnar. Håvamål fortel at dvergar hadde kjennskap til runer og trolldomssongar. Ynglingatal fortel om at ein kong Sveigdir vart lokka inn i ein stein av ein dverg. I heltasogene er det eit ståande motiv at ein dverg vart tvungen til å gje ifrå seg gullet sitt eller smi eit sverd, og for å hemne seg la han ei forbanning på det han ga ifrå seg. Slik forbanningar blir særleg kytte til sverd fordi eit godt sverd var vanskeleg å lage. Derfor vart det sagt at berømte sverd som Tyrfingr i Hervarar saga og Dáinsleif i Hjadningesagnet vart laga av dvergar, men fordi dei var forbanna måtte dei og bli ein mann si bane kvar gong dei var ute av slira. Dette viser deira største funksjon i mytologien og sogene, dei hadde ord på seg for å vere ekstra dyktige smedar. Dei var mellom anna opphavsmenn til gudane sine mest dyrebare ting, som Frøyas halssmykke, Tors hammar og Odin sitt spyd. Sverd smidd av dverger kunna ingen stå seg imot, dei ga alltid banesår. Dvergane spela ingen stor rolle i gudesogene, dei hadde ingen makt over æsene og gjorde vanlegvis det dei vart sette til. I dei historiske sogene er dvergar nesten ikkje nemnt. Mens i fornaldersogene vrimlar det av dvergar, der dei hjelpe helten frivillig eller tvinga, og dei hadde ikkje makt til å sette seg opp mot sin herre. I folketrua spelar dei ei lita rolle.³¹⁶

Kva kan me seie ut frå dette om tilnamnet dverg? Det dette har vist er at me kan finne fleire forklaringar på dette tilnamnet. Den første er at Eiliv kan ha vore ein kort mann. Ei anna forklaring kan vere at han kunne vere ein farleg fiende for fiendane til kongen. Ein tredje er at han var så dyktig med sverd, eller hadde eit godt sverd, som ingen kunne stå imot. Den fjerde forklaringa kan vere at han var ein dyktig smed. Ein siste moglegheit, litt mindre sannsynleg, kan vere at han gjorde det som vart sagt til han, frivillig eller tvungen, av ”helten” kongen eller gjestehovding.

For å kaste litt meir lys over kven av desse forklaringane som er den rette, kan me sjå på den informasjonen me får om Eiliv i saga om Håkon Håkonsson. Han blir berre nemnt ein gong. Det som står om han er at: ”Ein hirdmann som heitte Kjetil Staur og Eiliv Dverg, ein gjest, var i ei loftstove. Dei verja seg vel og manneleg heile natta, så det knapt finst døme på at to mann har verja seg betre. Men ribbungane braut hol på huset over dei og stakk inn med spyd, og dei fall der med manndom”.³¹⁷ Ut frå korleis Eiliv vart drepen så kan me seie at grunnen til tilnamnet hans truleg hadde noko med kor dyktig han var med sverd, at ingen

³¹⁶ Halvorsen, Eyvind Fjeld. ”Dverger”, *KLNM* III, sp. 376-378. og Christiansen, Inger. ”Smed”, *KLNM* XVI, sp. 263.

³¹⁷ Noregs kongesoger: Bind 2. 1979: 114.

kunne stå imot han. Denne grunnen kunne sjølvsagt vera kombinert med at han var ein kort person eller han var ein god smed. Eller at dverg var meint ironisk slik at han eigentleg var ein stor mann. Men eg trur at tilnamnet hans dverg hadde noko med sverd eller kor dyktig han var med det.

Konklusjon

Som me kan sjå så er det forbunde med fleire problem å komme fram til kva dei ulike tilnamna på gjestene tyder. Det som er sikkert er at dei fleste, om ikkje alle, som hadde tilnamnet gjest i *Diplomatarium Norvegicum* i den aktuelle tidsperioden var gjester. Dei tilnamna som me har i frå sogene er meir interessante, dette på grunn av at dei har meir skildrande karakter, og viser meir korleis samtida såg på gjestene. Det er ikkje lett å finne ut kva ein har meint med desse tilnamna som vart til på denne tida.

Det eg har komme fram til er at av dei tilnamna som me har, går truleg to til tre av dei på kroppslege forhold. Dette er lange, rympel og kanskje dverg. To tilnamn går kanskje på kva yrke personane hadde hatt, støype og dverg som i smed, men dette er etter mi meining mindre truleg. Det er og mogleg at eit av tilnamna var ironiske, som i umage, dette fordi det var lite truleg at ein gjest kunne vere umyndig, og i og med at han var ein gjest så hadde han også ei inntekt som gjer det lite truleg at han var fattig. Men om me legg godviljen til, då har dei fleste tilnamna våpen-tilknytning, dette er: Skalme, som var eit slag sverd. Støype, som kunne vere eit sverdnamn, den fellande. Tomb, som tyder bogestreng. Og kanskje dverg, som kan tyde at han hadde eit godt laga sverd eller han var uimotståeleg med det. Dette viser i så fall at gjestene sine funksjonar i stor grad vart knytte til våpen, slag og krig. Dette gjer at me med bakgrunn av tilnamna deira nok ein gong kan seie at å vere krigarar var ein viktig funksjon som gjestene hadde.

8. Avslutning

Det er visse forhold som kjem fram som hadde vore interessante å gått meir inn på, men som ikkje hadde hatt noko å seie for denne oppgåva. Dette kan vere personen Peter Støype som ser ut til å ha hatt eit liv med mange hendingar, som å vere gjestehovding, fostra ein konge, var med å velje ein anna, sysselmann og gift med dotter til ein konge. Ei anna grunn til at det hadde vore interessant å sjå nærare på han er at han blir ofte nemnt i sogene, noko som gjer at me får eit godt kjennskap til han. Ein anna person som det hadde vore interessant å sjå nærare på er Eirik gjest, det å kople han opp mot resten av striden mellom biskop Arne og domkapittelet i Stavanger, sett på om det var noko i den motsetninga eg fant mellom kong Eirik og hertug Håkon. Striden domkapittelet i Stavanger hadde med munkane på Halsøy, og kor venleg mot kongen biskop Eirik var i sitt virke er andre spørsmål det kunne vere spanande å arbeide meir med.

For å oppsummere det me no veit om gjestene, så hadde dei ulike oppgåver for kongen truleg frå Olav Haraldsson si tid. Dei oppgåvene dei hadde frå starten gjekk ut på gjere forskjellige, ofte farefulle, oppdrag og sendeferder for kongen og halde vakt kring han. Denne vakta var truleg ikkje den nære vakta kring kongen, men den ytre vakta. Grunnen til at eg seier dette, er at hirdmennene tok seg av den nære vakta. For å utføre denne ytre vakta måtte dei truleg ha hjelp av andre i starten fordi talet på gjester truleg ikkje var meir enn tretti. Etterkvart som det vart fleire gjester, tok dei seg truleg meir av denne vakta sjølve. Det at dei etterkvart vart fleire gjorde og at dei kunne gjere fleire oppgåver, som å speide etter fiendtlege styrkar.

Etterkvart som det oppstod ein deling i ei bordfast og ei ikkje bordfast hird, truleg på 1130-40-talet, vart gjestene så mange at det vart unødvendig å ha alle rundt kongen i fredstid. Me har få tal på kor mange gjester det var på denne tida. Ut frå skipsstorleiken og talet menn på desse skipa har eg komme fram til at kong Sverre truleg hadde minst 150 gjester seint på 1100-talet. Dette er eit relativt lite tal i forhold til det Bugge har komme fram til på samme tida som var 480. Men uansett om det var 150 eller 480, var dette nok for mange gjester å ha rundt kongen i fredstid. Dette førte truleg til at ein del gjester, etter å ha gjort ei aktiv teneste i nokre år, sat heime på gardane sine. Dette at det var gjester rundt om i bygdene, og truleg i byane, gjorde at desse fekk andre oppgåver enn dei som var rundt kongen. Dei skulle då sjå etter om kongen hadde fiendar rundt om i bygdene, og viss det var det skulle dei helst

eliminere desse. Dei skulle og hjelpe lendmenn og sysselmenn i alle rette kongesaker ved behov.

Om det kom ufred til landet skulle alle gjestene og andre medlem av hirda samlast kring kongen. Dette gjorde at gjestene var ein styrke å rekna med, ein elitestyrke fordi eit av krava for å bli gjest må ha vore at dei var dyktige med våpen. Grunnen til at eg seier dette er at dei måtte vere det for å klare å løyse dei oppdraga dei vart sende på, og nokre av dei eksempla eg har trekt fram viser dette. Ein anna grunn er tilnamna deira som ofte kan knytast til våpen og kanskje kor dyktig dei var. Det at dei fekk dei farlege oppdraga og levde eit til tider farleg liv gjorde truleg at dei var ein hardbarka gjeng som lett tok til våpen og var litt ”ville”. Gjestene hadde og ei sterk korpsånd noko som kom til uttrykk i fleire kampar mellom dei og dei andre gruppene innan hirda.

På kong Håkon Håkonsson si tid, som var den tida Noreg var på sitt største i utstrekning, hadde me truleg og flest gjester. Eg har komme fram til at kong Håkon hadde minst 300 gjester. Han hadde kanskje og fleire, fordi 300 var så mange gjester han etterlot hos son sin ved Elv. Grunnen til eg seier at han kanskje hadde fleire, er fordi gjestene skulle ta seg av den ytre vakta, og han måtte ha nokon som han kunne sende ut til hjelp til lendmenn og liknande ved behov. Det at det på denne tida var mange gjester gjorde og at det var fleire gjester rundt på bygdene, noko som førte til at fleire gjester var vitne i forskjellige saker. Me har kjelder på at gjestene var vitne på 1300-talet, men dette hindrar ikkje at dei og vitna før dette. Det at me ikkje har kjelder til dette før, kan komme seg av at det ikkje vart nedskrive eller at desse eventuelle dokumenta har gått tapt.

I 1319 etter at kong Håkon 5. døydde vart det truleg slutt på å utnemne nye gjester. Eg meiner dette på grunnlag av at me fekk eit formyndarstyre og eit kongefellesskap med Sverige. Dette gjorde at det norske riket truleg ikkje fekk nokre nye gjester etter dette. Dei gjestene som eksisterte hadde truleg sitt virke på bygdene til dei døydde. Grunnen til at eg seier dette, er at hirda til kong Håkon 5. skulle sverje truskap til den nye kongen etter han døydde. Me får også høyre om folk som kallar seg gjest ut på 1400- og 1500-talet, men eg tviler på at det her er snakk om hirdgjester.

Når det gjeld kva bakgrunn og status gjestene hadde får me ingen informasjon om dette før Sverre Sigurdsson vart konge i 1177. Då får me vite at han delte dei 70 fattige mennene han hadde inn i dei tre klassane hirdmenn, gjester og huskarar. Dette gjer at me kan seie at under Sverre kunne kven som helst bli gjest. Kongsspegelen som vart skriven cirka 1250, seier også at kven som helst kunne bli medlem av hirda, det som avgjorde kva klasse dei kom i var sedene deira. Det vil etter mi meining seie at dei som voks opp i rike heimar

kunne desse sedene mens dei som var fattige ikkje kunne desse. Me kan tolke dette som at dei rike og høviske fekk dei høge stillingane i hirda mens dei fattige fekk dei lågare. Eg meiner at dette ikkje heilt stemmer, fordi om kongen sa ja til ein som ville bli gjest, kunne gjestene nekte denne personen å bli medlem. Etterkvart vart det vanskelegare å bli medlem av hirda, og med det også å bli medlem av gjestekorpset. Ein av grunnane til dette var at huskarklassen vart borte, som var den lågaste klassen. Ein anna grunn er ein skipan frå 1308 der det står at dei som søkte opptak til hirda måtte ha brev frå sysselmanen og sognepresten heime og vitnemålet til to hirdmenn, som vitna om hans eigendom og kor dyktig han var.

Gjestene kom i stor grad frå eit samfunnslag av bønder som eigde jord. Grunnen til at eg seier dette, er at det står at gjestene hadde skattefridom for seg sjølv pluss ein, og etterkvart to personar på setegarden sin. At det står på denne måten i kjeldene viser at det mest truleg ikkje dreidde seg om leiglendingar. Eit anna forhold som gjer at gjestene mest truleg var jordeigarar er at ikkje hadde vore lett for lendmenn og sysselmennene å støtte leiglendingar, som kanskje var underlagde dei, som sine likemenn.

Om det var gjester eller hirdmenn som vart hovding for gjestene er litt usikkert. Munch meinte at det var hirdmenn som var hovdingar for gjestene, men som eg har vist så vart ingen av dei gjestehovdingane me kjenner nemnde som hirdmenn. Det var derimot ein som vart kalla gjest. Men på den andre sida har eg vanskeleg for å tru at ein mann som Peter Støype nokon gong var ein vanleg gjest. Det at gjester kunne bli hovding for gjestene var kanskje eit steg mot å bli hirdmann. Dette er ikkje noko eg har belegg for å seie, men det er ein moglegheit.

Ein anna måte for gjester å gjere karriere på var kyrkja, dette har me to eksempel på. Desse to gjestane har truleg først vorte hirdprestar. Medan Eiliv kapellan truleg gjekk til den kongelege kapittel kyrkja, Apostelkyrkja i Bergen, vart Eirik gjest først prest i Stavanger på biskop Arne si side i striden han hadde med kapittelet der. Etter at denne striden vart gravlagt saman med biskop Arne, vart Eirik gjest kannik ved domkapittelet i Stavanger. Dei dokumenta me har frå denne tida tyder på at han då hadde vorte frende med ein av kannikane han truleg hadde rana. Om denne Eirik gjest var den samme som Eirik Ogmundsson, noko han truleg var, enda han karrieren sin som biskop. Dette er noko som må seiast å vere eit stort sprang frå å vere gjest både i virke og vørtnad.

Eit spørsmål som eg ikkje har teke opp i samband med at Eirik gjest vart biskop, var om biskop Eirik var ein kongevenleg biskop, eller om han lot kyrkja sine behov gå føre kongens. Grunnen til at dette kunne vere eit emne å undersøke er at gjester saman med resten av hirda hadde ein lojalitet til kongen. Lojaliteten gjestene hadde til kongen var truleg litt

større enn den hirdmennene hadde. Om denne lojaliteten viste seg i biskop Eirik sitt virke ville då vera ein måte for kongen å ha innverknad på kyrkja.

Motivasjonen til gjestene for å utføre oppgåvene sine, er truleg ein samansetning av fleire forklaringar. Den eine er at dei gjennom å vere medlem av hirda fekk ein auke i status i samfunnet. Ein anna er at dei fekk løn for å gjere denne tenesta, saman med skattemessige fordeler. Ein tredje motivasjon for å gjere denne tenesta kan også ha vore det fellesskapet og korpsånda som var mellom gjestene, dette gjorde seg sikkert gjeldande etter at dei hadde vorte medlem av hirda.

Gjestene hadde noko å seie for samtida si, det vil seie at dei betydde noko for samfunnsutviklinga. Dette ser me for det første ut frå at gjestekorporasjonen eksisterte i 300 år. Det andre me kan sjå det på er at det ser ut som om talet på dei heile tida auka. Eit tredje forhold som indikerer dette, er at mot slutten av 1200-talet då mange av dei gamle norrøne nemningane på kongens menn var i omforming eller vart borte, til dømes huskarnamnet, held gjestenumninga stand. Noko som viser at funksjonen til gjestene var nødvendig og viktig til opp på 1300-talet.

Dei funksjonane som truleg var mest synleg i samtida var at dei var rundt på bygdene. Det dei gjorde der var å passe på om kongen hadde fiendar og å hjelpe lendmenn og sysselmenn ved behov i alle rette kongesaker. Om dette, som Hertzberg meinte, gjekk ut å krevje inn landskyld og passe på at bøndene sine plikter under leidangen vart følgt, kan hende. Eg finn derimot ikkje noko i kjeldene som tilseier dette. Ein anna funksjon som var synleg og viktig i samtida var deira funksjon i krig som samla styrke. Dette var ein rimeleg talrik styrke med dyktige og hardbarka krigarar som var vanskeleg å stå imot.

Det eg viser i denne oppgåva er at gjestene ikkje berre var ei lita gruppe som var kring kongen, men ei synleg gruppe i samfunnet og som var med på forma samfunnet. Dei forma sjølvstekt ikkje samfunnet i like stor grad som kongen, kyrkja og lendmennene gjorde, men likevel var dei ein avdeling som spela ei viktig rolle for å utføre dei endringane kongen ville gjennomføre.

Litteratur- og kjeldeliste.

- Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. 1999
- Blom, Grete A. Kongemakt og privilegier i Norge inntil 1387. Oslo 1967.
- Brøgger, A. W. Stavangers historie i middelalderen. Stavanger 1915.
- Dahl, Ottar. Norsk historieforskning i 19. og 20. århundre. 1976.
- Diplomatarium Norvegicum. Bind 1-22. Kristiania/Oslo 1849-1995.
- Ersland, Geir Atle og Sandvik, Hilde. Norsk historie 1300-1625. *Eit rike tek form*. Oslo 1999.
- Ersland, Geir Atle. Norsk forsvarshistorie. *Bind 1. Krigsmakt og kongemakt 900-1814*. Bergen 2000.
- Fritzner, Johan. Ordbog over det gamle norske sprog. Bind 1-3. Oslo 1954.
- Helle, Knut. Konge & gode menn i norsk riksstyring ca. 1150-1319. Bergen- Oslo- Tromsø 1972.
- Helle, Knut. Norge blir en stat 1130-1319. *Handbok i Norges historie, Bind 3*. Bergen-Oslo-Tromsø 1974.
- Helle, Knut. Gulatinget og Gulatingslova. Otta 2001
- Helle, Knut. Hovedlinjer i utviklingen av den historiske sagakritikken. Hageland, Jan Ragnar og Supphellen, Seinar (red.). *Leiv Erikson, Helge Ingstad og Vinland. Kjelder og tradisjoner*. 2001.
- Hirdskråa. Hirdloven til Norges konge og hans håndgangne menn. Etter AM 322 fol. Ved Imsen, Steinar. Oslo 2000.
- Høiaas, Knut. Med lov skal byen bygges. *Magnus Lagabøtes Bylov av 1276*. 2001.
- Kongsspegelen. Omsett av Alf Hellevik. Den norrøne litteraturen. *Band V. Kongsspegelen og Talen mot bispane*. Oslo 1963.
- Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Bind I-XXII. Oslo 1956-1978.
- Lind, E. H. Norsk-Isländska personbinamn från medeltiden. Uppsala 1920-21.
- Magnus Lagabøters Landslov. Oversett av Absalon Taranger. 1970.
- Morkinskinna. *Norske kongesoger 1030-1157*. Omsett av Kåre Floknes. Stavanger 2001.
- Munch, P. A. Det norske folks historie. Bind 1-4. Cristiania 1852-1859.
- Nordal, Sigurdur. Sagelitteraturen. *Nordisk Kultur VIII: B, Norge og Island*. 1953.
- Noregs kongesoger. *Jubileumsutgåva 1979*. Bind 1-4. Oslo 1979.
- Norske middelalderdokumenter. Utv. av S. Bagge, S Holstad Smesdal og K. Helle. Bergen-

- Oslo-Tromsø 1973.
- Norsk historie 750-1537. Ole Georg Moseng, Erik Opsahl, Gunnar I. Pettersen og Erling Sandmo. Otta 1999.
- Norsk historie. Bind 1, del 2-Bind 3, del 1. *Tidsrummet ca. 800-1442*. Alexander Bugge, Ebbe Hertzberg og Absalon Taranger. Kristiania 1910-1916.
- Orning, Hans Jacob. Uforutsigbarhet og nærvær: en analyse av norske kongers maktutøvelse i høymiddelalderen. Oslo 2004.
- Regesta Norvegica. Bind 1-7. Oslo 1978-1997.
- Saga Óláfs Konungs hins helga. Oslo 1941.
- Sigurdsson, Jón Vidar. Norsk historie 800-1300. *Frå høvdingmakt til konge- og kyrkjemakt*. Oslo 1999.
- Sverre saga. Den norrøne litteraturen. *Band IV. Kongesoger*. Oslo 1962.
- Sverris saga. Etter AM 327 40. Ved Gustav Indrebø. Kristiania 1920.